

Med kløv over fjellet

Drivkrefter i bondeøkonomien i Hardanger på 1700-talet



Cargo Across the Mountains

Economic Theories and Peasant Economy in 18th Century Hardanger

Maren Skogseid Herstad

Master i samfunnsfagdidaktikk med historie

Avdeling for lærarutdanning

15. mai 2015



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Framsida: Kløyving over Hardangervidda. Foto: Arvid Aga.

Forord

Denne oppgåva markerer slutten på seks flotte år ved Høgskolen i Bergen. Arbeidet med denne masteroppgåva har vore både krevjande og givande på same tid. Sidan eg sjølv kjem frå Odda i Hardanger har det vore svært spennande å få jobbe med dette materialet.

Etter fleire år med studiar er det mange å takka. Eg vil først og fremst retta ein stor og hjarteleg takk til rettleiaren min, professor John Ragnar Myking ved Høgskolen i Bergen, for ideen til denne oppgåva, konstruktive råd og sitt engasjement.

Takk til alle på samfunnsfagseksjonen ved Høgskolen i Bergen for dykkar smittande iver og begeistring for faget. Ein lærdom eg vil ta med meg vidare når eg sjølv skal ut i skulen å undervisa.

Eg skuldar også alle mine medstudentar ein stor takk for å ha gjort studietida mi innholdsrik, både ved fagleg og mindre faglege samtalar. Sjølv om eg ikkje likar å innrømme det kjem eg til å savne setninga: «Nei... skal vi ta quiz?» frå den alltid så engasjerte quizmaster og BT-dronninga Randi. Julia sin imponerende kunnskap om litteratur og politikarar. Anders sine avsløringar undervegs i quizen om at *der* har han spist kake. Øyvind sin geografi- og Kongebjørkakunnskap. Even med sin allmennkunnskap, der favorittkategoriane er fotball, naturkunnskap og MGP, og Cecilie som strålar av glede kvar gong eit spørsmål om opera og Irland kjem opp. Eit sterkare quizengasjement vil eg truleg ikkje få oppleve igjen.

Familie og venner er uunnverlege. Eg vil difor nytta anledninga til å takke dykk alle, spesielt mamma og pappa, for støtte, gode ord, tilbakemeldingar og lange telefonsamtalar under denne prosessen. Takk til Åse Skogseid Herstad og Stine Miljeteig for å ha lest korrektur. Til slutt vil eg retta ein ekstra takk til sambuaren min, Jarle Nondal, for korrekturlesnad, oppmuntring, tolmod og forståing i dei periodane all mi tid og merksemd har vore via til studiane.

Tusen takk, alle saman.

Bergen, 15. mai 2015

Maren Skogseid Herstad
Maren Skogseid Herstad

Innholdsliste

Tabelloversikt	6
Figuroversikt	6
Kap. 1 Prosjektet mitt og oppbygginga av oppgåva	7
Kap. 2 Debatten om drivkreftene i den norske bondeøkonomien 1650-1850	9
«Det som svarte seg best»	9
«Arbeid-forbruk balansen»	11
«Kommandoøkonomi»	14
Oppsummering	17
Kap. 3 Bakgrunn: Hardanger og Kongsberg	19
Hardanger	19
Framtidsutsikter og sosial status	20
Livsgrunnlaget	22
Ulike typar handel	23
Kongsberg	26
Sølvverket	27
Alle vegar fører til Kongsberg	29
Kap. 4 Kjeldematerialet	31
Arkivet etter Kongsberg Sølvverk	31
Andre kjelder	33
Kap. 5 Talghandelen: rekneskapa og databasen min	35
Rekneskapa	35
Likskapar og skilnadar	39
Identifisering av dei som leverte talg	40
Databasen	42
Dato, månad og år	43
Talgleverandørane	43
Talgleveransane og betalinga	44
Kap. 6 Omfanget av talghandelen	45
Kor mykje talg kom frå aust og kor mykje kom frå vest?	47
Kjøpmenn og bønder frå Austlandet, 1694-1713	49
Hardingane meldar seg på, 1714-1732	49
Hardingane tek hand om talghandelen, 1733-1794	50
Hardingane forsvinn, 1795-1815	52

Kor mange leverte talg til sølvverket?.....	52
Kjøpmenn og bønder frå Austlandet, 1694-1713.....	54
Hardingane meldar seg på, 1714-1732	55
Hardingane tek hand om talghandelen, 1733-1794	56
Hardingane forsvinn, 1795-1815.....	56
Kor mykje fekk dei i betaling?	57
Austlendingane.....	58
Hardingane	58
Kvar i Hardanger kom dei ifrå?.....	60
Oppsummering.....	67
Kap. 7 Tvang eller frivillige leveransar?	68
Leveringspliktige?	68
Auksjon ved lisitasjon	69
Kven regulerte talghandelen?	72
Oppsummering.....	73
Kap. 8 Eit utval av talgleverandørane frå Hardanger	75
Jakob Kristensson Eitrheim (1693-1769).....	75
Åmund, Lars og Ola Bu	78
Per Olsen Indre Jåstad (1695-1745)	80
Tollef Larsson Kråkevik (1679-1757)	82
Ola Tollefsson Lille Nå (1714-1794).....	84
Mikkel Tollefsson Kråkevik (1716-1790).....	84
Elling Tollefsson Rogdo (1719-1783)	85
Aslak Olsen Børve (1672-1750)	86
Knut Sveinsson Helleland (1704-1761).....	87
Endre Olson Litlatun (1713-1797)	89
Oppsummering.....	90
Kap. 9 Kva var drivkreftene i handelen til hardingane?	92
«Arbeid-forbruk balansen» - Chayanov og Østerud.....	93
«Kommandoøkonomi» - Lunden.....	94
«Det som svarte seg best» - Tveite	96
Sosial status?	97
Referansar	99
Kjelder	99

Litteratur.....	101
Nettsider.....	104
Vedlegg.....	105
Vedlegg 1: Talg levert på materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.....	105
Vedlegg 2: Tal på personar som leverer talg til sølvverket 1694 – 1815.	108
Vedlegg 3: Betaling for talg 1694-1812.	111
Vedlegg 4: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1714-1794.	113
Samandrag.....	116
Abstract	118

Tabelloversikt

Tabell 1: Oversikt over opplysningar om talgleveransar i rekneskapen til materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.....	36
Tabell 2: Oversikt over opplysningar om talgleveransar i bergkasserekneskapen til Kongsberg Sølvverk 1694-1812.....	38
Tabell 3: Utdrag frå database frå året 1744.....	42

Figuroversikt

Figur 1: Talg levert på materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.....	48
Figur 2: Tal på personar som leverer talg til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.....	53
Figur 3: Betaling for talg 1694-1812.....	57
Figur 4: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1714-1732.....	61
Figur 5: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1733-1752.....	62
Figur 6: Geografisk plassering av talghandlarar frå Hardanger i 1746.....	64
Figur 7: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1754-1794.....	65

Kap. 1 Prosjektet mitt og oppbygginga av oppgåva

På midten av 1970-talet og byrjinga av 1980-talet starta det ein debatt om drivkreftene i norsk bondeøkonomi i tida før det store hamskiftet frå andre del av 1800-talet. Denne debatten held fram inn på 1990-talet. Eitt av synspunkta gjekk ut på at bøndene frå 1600-talet og langt inn på 1800-talet spesialiserte seg i visse næringar og produserte det som svara seg best. Dei var ute etter størst mogeleg inntekt og dei nytta marknaden for å oppnå dette. Denne teorien er betre kjend som «marknadsøkonomi-teorien». Ein annan teori som vart presentert under denne debatten var at bøndene produserte for å dekke konsumbehova til huslyden. Når desse behova var tilfredsstilte, slutta huslyden å arbeide. Denne måten å tenkje på kan også kallast for ein subsistensorientert hushaldsøkonomi. Den siste teorien gjekk ut på at bøndene vart drivne til å produsere meir enn det dei hadde bruk for sjølve for å betale skattar og avgifter, også kalla kommandoøkonomi.

Den norske debatten eg har skissert grunntrekka i ovanfor var svært teoretisk og svakt knytt opp til konkrete granskingar. Mitt utgangspunkt er difor å sjå om desse teoriane kan etterprøvast på eit konkret historisk materiale. Eg vil ta utgangspunkt i bondeøkonomien i dei indre delane av Hardanger. Dette er eit område vi veit hadde omfattande handelskontakt med område langt utanfor sin eigne bygder. Det galdt ikkje minst områda på andre sida av Hardangervidda, der kontakten med Kongsberg etter kvart vart veldig sterk, mykje på grunn av sølvfunna som vart gjort der på starten av 1600-talet.

Dette førar oss over på problemstillinga for denne oppgåva: Kva dreiv hardingane til å drive handel over lange avstandar? Var dei opptekne av å få mest mogeleg ut av marknaden for å oppnå størst mogleg fortjeneste, eller vart dei tvinga til å produsere ut over eige forbruk for å imøtekoma krav frå eit sentralt maktapparat? Eller var målet å dekke dei behova dei meinte huslyden hadde og unngå ekstra arbeidsinnsats ut over dette?

Før eg går nærare inn på problemstillinga og korleis eg konkret kan løysa denne, skal eg i kapittel 2 gå djupare inn på debatten om drivkreftene i den norske bondeøkonomien. Her vil eg ta for meg dei tre ulike hovudsynspunkta eg alt har skissert, synspunkt som er forankra i tre ulike økonomiske teoriar. I kapittel 3 skal vi for det første verte betre kjende med bondesamfunnet handelskarane frå Hardanger var ein del av, korleis dei levde og kva tankar dei og huslydane deira kan ha hatt om høveleg levemåte og sosial status. For det andre skal vi setje oss inn i utviklinga av byen Kongsberg og sølvgruvene der som avtakarar av produkt bygdene i Hardanger kunne tilby. I kapittel 4, som handlar om dei kjeldene eg skal bruka, går

eg over til å undersøkje kva sider ved handelen som kan kvantifiserast og dermed kan danna grunnlag for å testa dei økonomiske teoriane. Her kan eg alt avsløra at den sida ved handelen som er best eigna for ei kvantifisering viste seg å vere handelen med talg som skulle brukast som lys og smørning i gruvene til sølvverket. Deretter bevegar vi oss, i kapittel 5, over til rekneskapa over handelen med talg til gruvene på Kongsberg. Her vil eg forklare korleis eg har arbeidd med desse, kva dei inneheld og kva utfordringar dei byr på. I kapittel 6, vert omfanget av handelen presenter. Kor mykje talg leverte dei? Kor mange var det som leverte? Kven var dei? Kvar i Hardanger kom dei ifrå? Dette kapittelet er med på teikna opp handelsvanane til hardingane og grunnlaget til å kunne forklare engasjementet og deltakinga i handelen. I kapittel 7 vil eg så diskutera om leveransane av talg var frivillige eller om hardingane vart tvinga til å levera. I kapittel 8 skal vi så bli betre kjende med eit utval av dei hardingane som leverte talg, korleis handelen påverka liva deira, kva posisjon dei hadde i samfunnet og kva handlen kan ha kasta av seg. Til sist, i kapittel 9, tek eg så fatt på diskusjonen om kva for økonomi hardingane var involverte i. Passar noen av dei tre teoriane eg drøfta i kapittel 2 med den handelsaktiviteten hardingane dreiv, eller må vi finne andre forklaringar på den omfattande handelen?

Kap. 2 Debatten om drivkreftene i den norske bondeøkonomien 1650-1850

I debatten om drivkreftene i norsk bondeøkonomi på midten av 1970-talet og byrjinga av 1980-talet var særleg statsvitaren Øyvind Østerud og dei norske historikarane Kjell Haarstad, Stein Tveite og Kåre Lunden svært aktive.¹ Dei hadde alle ulikt syn om kva det var som dreiv bøndene til å produsere som dei gjorde. Etter kvart stilna diskusjonen, og bondeøkonomi vart ikkje eit større debattertemne før boka *Norsk bondeøkonomi 1650-1850* kom på trykk i 1996. Denne gongen var det Lunden som starta debatten med ei melding av boka i tidsskriftet *Heimen*, og på nytt vart norsk bondeøkonomi eit heitt debattert tema. Tre teoriar om kva som påverka viljen til å produsere har lenge stått som motsetningar i denne debatten.

Tveite sin teori byggjer på tanken om at bøndene produserte det som svara seg best. Dei var altså blitt ein del av marknadsøkonomien og sjølvberging var ikkje eit mål. Bonden var kapitalist, der målet var å opparbeida størst mogleg inntekt. Dette oppnådde dei ved å driva handel. Russaren *Alexander V. Chayanov* sin teori om kva som motiverte bøndene til å arbeide, handlar om at bøndene fann ut kva hushaldet hadde behov for og produserte deretter. Sjølv om dei kunne arbeide meir, gjorde dei det ikkje om behova var tilfredsstilte. I Noreg er det særleg Østerud som har fremja slike synspunkt. Til sist har ein Lunden som meiner at bøndene vart driven av staten sine krav om betaling av skatt og andre avgifter, og produserte deretter for å møte desse krava. Målet med oppgåva mi er å sjå om desse teoriane kan operasjonaliserast og etterprøvast i eit utvalt område i Noreg på 1700-talet. Som vist ønskjer eg å nytte Hardanger som område for å sjå om det som finst av kvantifiserbart materiale kan vere med på å seie noe meir om drivkreftene bak handlen som føregjekk på denne tida.

«Det som svarte seg best»

Tveite sitt synspunkt vart forma i arbeidet med boka *Jord og gjerning* i 1959.² Her argumenterer han mot den rådande oppfatninga, om at bøndene sitt høgste mål før hamskiftet i andre halvdel av 1800-talet var sjølvberging og at dei følte seg tvungne til å handla på marknaden. For å sitera Tveite, kan ein summera opp teorien hans på denne måten: «Målet for bonden var å produsere det som svarte seg best».³ Med dette meiner han at bonden handla rasjonelt, ved kalkulerte val over kva for produksjon som gav størst mogleg utbytte. Han har via eit heilt kapittel i boka til å vise at næringar som fiske, skogbruk, fedrift og åkerbruk var

¹ Sjå *Historisk tidsskrift*, (bd. 54) 1975, (bd. 55) 1976, (bd. 59) 1980 og (bd. 60) 1981. (Haarstad er ein sentral aktør i debatten om hamskiftet der han går imot Østerud, men vil ikkje bli nemnd meir i denne oppgåva).

² Tveite, Stein. (1959). *Jord og Gjerning. Trekk av norsk landbruk i 150 år: Det Kongelige Selskap Norges Vel 1809-1959*. Kristiansand: I kommisjon hos A.s Bøndernes Forlag.

³ Tveite 1959:31.

spesialisert i ulike delar av landet.⁴ Han meiner at utviklinga i desse næringane er nok til å bevise at bøndene ikkje satsa på sjølvberging. Dersom sjølvberging var målet, ville dei heller ha dyrka korn enn å drive med til dømes skogbruk.⁵

Tveite legg vekt på at bøndene *måtte* selje delar av produksjonen for å dekkja dei utlegga dei hadde. Om huslyden ikkje hadde arbeidskraft nok, måtte dei løna drengar og tenestetauser. I tillegg skulle dei betala skattar og avgifter til stat og embetsmenn. Dei som var leiglendingar, måtte betale landsskyld.⁶ Salt og jern var varer som bøndene ikkje produserte sjølv, men som hushaldet trong. Han trekkjer også fram at tobakk, brennevin, finare klede og andre luksusvarer var vanleg blant bøndene på slutten av 1700-talet, og forklarar dette med at bøndene hadde funne ut at det svara seg betre å kjøpe enn å lage desse varene sjølv. Andre innkjøp som bonden måtte gjere seg, var reiskaper han hadde bruk for i den næringa han dreiv ved sidan av garden.⁷ På denne måten vart bøndene integrerte i det ein kan kalle for ein marknadsøkonomi. Dei måtte levera produkt på marknaden, anten frå eigen gard eller frå ei attåtning, for å klara dei utgiftene dei hadde.

Tveite understrekar at hushalda produserte ein del av det dei trong til eige forbruk. Det gjaldt til dømes korn, som var ein veldig viktig faktor for kosthaldet.⁸ Litt eigenproduksjon var det på alle gardar, men målet var ikkje å vere sjølvberga. Han trekkjer fram døme frå store delar av landet der han visar at sjølv om dei avla fram litt korn, var det ikkje nok å leva på. Med inntektene dei fekk inn frå næringa dei maksimerte utbytte av, kjøpte dei heller inn matvarer i tillegg til det dei produserte sjølv. Dette visar ein tankegong der bøndene satsa på handel og varebytte. Ifølgje Tveite kan spesialiseringa i dei ulike næringane forklare denne handelen. Sjølv om bøndene til ei viss grad kunne produsere produkta sjølv, lønte det seg ikkje.⁹ Dei valde difor å ta utgiftene med å kjøpa ein del av det dei trong. For å kunne betale for desse utgiftene brukte dei inntektene frå næringane som dei spesialiserte seg i.¹⁰ Handel og sal gjekk på kryss og tvers av landet og bøndene kunne frakte varene over lange avstandar for fortene sin del.

⁴ Tveite 1959:30.

⁵ Tveite 1959:31.

⁶ Leiglending: bonde som leiger eit gardsbruk av jordeigar. Landskyld: Årleg avgift som leiglending måtte betale jordeigar for bruk av leigd jord. Vart som oftast betalt med gardsprodukt.

⁷ Tveite 1959:37.

⁸ Tveite 1959:38.

⁹ Tveite 1959:41-43.

¹⁰ Tveite 1959:60-61.

Dei ulike næringane utfylte dei ulike behova til bøndene. På denne måten kunne huslydane konsentrere seg om å maksimere inntekta i si næring. Dei satsa på ein produksjon som skulle strekkje seg lenger enn til å dekkje eige hushald. På denne måten var bøndene med på å skapa ein marknad som kunne gje dei inntekter. Med dette fekk dei råd til å betale skattar og avgifter, å innfri gjeld og å kjøpe andre varer enn dei sjølve produserte. Med Tveite sine eigne ord: «Målet for bøndene var å få størst mulig inntekt, og dette nådde de ved hjelp av handelen».¹¹

«Arbeid-forbruk balansen»

På 1920-talet utvikla Chayanov ein teori om den russiske bondeøkonomien.¹² Teorien gjekk ut på at bøndene ikkje var drivne av ein kapitalistisk tankegong. Det var viktig for Chayanov å understreke at gardsbruket var familiedrive og at huslyden difor ikkje gjorde seg avhengig av leigd arbeidskraft. På byrjinga av 1800-talet vart cirka 90 prosent av russiske gardar drivne på denne måten. Russland var på denne tida det største «peasant»-landet i verda.¹³ Det engelske ordet «peasant» let seg ikkje oversette direkte til norsk. Ordet beskriv ein bonde som heldt seg til tradisjonell gardsdrift. Han var gjerne leiglending, levde spartansk og saman med resten av huslyden var han den viktigaste arbeidsstyrken på garden. Motpolen til «peasant» er «farmer». Dette er også ei nemning som vanskeleg let seg oversette til norsk. Ein «farmer» er ein sjølvstendig bonde som produserer for profitt på ei marknad. På norsk brukar vi berre ordet «bonde» for begge desse engelske orda – ein som «lever av å dyrke jord».¹⁴

Sidan garden var familiedriven var det ingen lønningar som skulle betalas. Den betalinga familien fekk igjen for arbeidet kunne ikkje setjast inn i standardiserte økonomiske modellar.¹⁵ Chayanov meinte at bøndene difor berre la ned den innsatsen som var naudsynt, slik at utkommet av arbeidet dekkja akkurat dei behova dei hadde. Utover dette arbeidde ikkje huslyden meir, sjølv om dei fleste hadde moglegheit til det. Denne måten å tenkje på vert kalla for *arbeid-forbruk balansen*. Denne balansen utgjer årleg bruttoinntekt minus utgiftene familien hadde for å halda tilsvarande produksjonsnivå som på starten av året. Nettoinntekt som familien sat igjen, vart då avkastninga av arbeidskrafta.¹⁶ Ifølgje Chayanov kunne hushalda arbeida meir, eller meir intenst, og i noen tilfelle begge delar. Likevel gjorde dei

¹¹ Tveite 1959:72.

¹² Thoner, Daniel., Kerblay, Basile., & Smith, R., E., F. (1986). *A. V. Chayanov on The Theory of Peasant Economy*. Madison, Wisconsin: The University of Wisconsin Press.

¹³ Throner m. fl. 1986: xii.

¹⁴ Østerud 1975:125.

¹⁵ Throner m. fl. 1986: xiv.

¹⁶ Throner m. fl. 1986: xv.

sjeldan dette. Einaste årsaka til at dei eventuelt arbeidde utover behovet, var dersom verdien av produksjonen vog opp for det ekstra slitet som denne auken førte med seg. Dette kallar Chayanov for «self-exploitation», eller «sjølv-utbytting». Det vil seie at graden av «sjølv-utbytting» utgjorde kor mykje arbeid huslyden la ned i gradbruket.¹⁷

Chayanov gjennom Øyvind Østerud sine auge

Noen av dei sentrale tankane til Chayanov kjem til syne i ein artikkel av Østerud i *Historisk Tidsskrift* frå 1975.¹⁸ Her prøvar han å tilpasse Chayanov sin teori til den økonomiske situasjonen i Noreg før hamskiftet. Ifølgje Østerud er hamskiftet meir diskutert enn det har vore studert. Med dette som utgangspunkt, kastar han seg inn i debatten for å klargjera kva som eigentleg føregjekk då bondesamfunnet frå midten av 1800-talet gjekk igjennom store endringar.¹⁹ Den som ifølgje Østerud sterkast har hevda at målet til bøndene før hamskiftet var sjølvforsyning, er historikaren *Sverre Steen*. Deretter gav det ikkje-kapitalistiske bondesamfunnet etter for ei meir urbanisert verd, basert på pengar, marknad, profitt og handel. Mot dette set Østerud opp synspunkta til Tveite. Tveite meinte, som vi alt veit, at bøndene før 1850-talet ikkje hadde sjølvforsyning som mål, men at dei produserte for størst mogleg profitt. Handel mellom bygdene var allereie ein del av kvardagen, og endringane frå midten av 1800-talet vert forklart som ein «teknisk ekspansjon for å betre inntektsforholdene når arbeidslønningar steg».²⁰

Ifølgje Østerud har standpunkta til Steen og Tveite altfor lenge stått som motpolar. Bøndene hadde eit pengebehov før hamskiftet grunna skattar, avgifter og gjeldsrente. Samstundes gjekk samfunnet gjennom store endringar rundt 1850. At dette ikkje har vorte gjort klart nok, er også hovudgrunnen til at ei nærare avklaring på problemstillinga rundt hamskiftet har stått stille, meiner Østerud.²¹ Sjølvforsyning og marknadsorientering kan ikkje stå som to motsetnadar og reindyrka kategoriar. Han meiner bønder lenge hadde gjort seg nytte av ein marknad for å dekkje dei akutte konsumbehova i familiehushaldet gjennom bondehandel og regionalt varebytte; «Markedet var en strategisk faktor som ble utnyttet så langt umiddelbare konsum-behov – og andre krav – gjorde det «lønnsomt»».²²

Gjennom Østerud si oppklaring av det han meiner er ei misoppfatning av sentrale omgrep, som «sjølvberging» og «marknad», vert vi også introdusert for korleis han meiner

¹⁷ Thorner m. fl. 1986: xvi.

¹⁸ Østerud, Øyvind (1975). Nytt perspektiv på hamskiftet. *Historisk tidsskrift*, bd. 54, 120-129.

¹⁹ Østerud 1975:120-121.

²⁰ Østerud 1975:121.

²¹ Østerud 1975:123.

²² Østerud 1975:124.

bondeøkonomien fungerte før 1850 og kva som dreiv bøndene til å handla. Dette kjem tydelegare fram då han presenterer tankar som kan knytast opp mot teorien til Chayanov. Østerud skriv at gardsbruket var familiedriven og fungerte både som ei «bedrift» og eit «hushald». Dermed var det heller ikkje eit produksjonsutbytte som skulle bli delt mellom arbeidstakarar som løn for arbeidet.²³ Bøndene brukte marknaden til å tilfredstille dei umiddelbare behova i familiehushaldet, det vil med andre ord seie at markanden måtte tilpasse seg dette konsum-behovet. Dersom det skjedde ei marknadsending, ville ikkje bondeøkonomien reagere «bedriftøkonomisk adekvat». Når prisen gjekk ned, ville det verta produsert meir, men dersom prisane steig, ville produksjonen minka. Ved høge prisar trong ikkje bøndene å arbeide like mykje for å dekkje behovet, då dei fekk eit større utbytte for lågare arbeidsinnsats. Produksjonskostnadane var dei same og lønsutgifter og andre kostnader endra seg heller ikkje når huslyden sjølv dreiv garden. Men, dersom prisane fall, då måtte dei arbeide meir for å dekkje behovet. Resultatet av denne tankegangen beskriv Østerud som ein ekstremt levedyktig bondeøkonomi, der konsumbehova for familiehuslyden stod i sentrum. Så lenge desse krava vart dekte, var hushaldet nøgd – uansett mengd arbeidsinnsats som måtte leggjast ned for å nå målet.²⁴

Østerud beskriv bondesamfunnet som dualistisk i den forstand at hushaldet «fungerer etter andre økonomiske mekanismer enn den ekspansive kapitalistiske verden».²⁵ Han forklarar endringane som kom ved hamskiftet med at hushaldet var knytt opp til storsamfunnet i form av skattar, avgifter, gjeld og politisk-administrative band. I denne perioden endra konsum-behovet til familiehushaldet seg i takt med befolkningsauken og større skattekrav, samstundes som tradisjonelle metodar ikkje lenger heldt stand mot dei moderne. For at bøndene skulle greie å oppretthalde same konsum-nivå som tidlegare, måtte dei tilpasse seg den urbane utviklinga som skjedde rundt dei. Tankegangen var likevel den same, i tråd med Chayanov-tankar, der arbeid-forbruk balansen stod i sentrum – uavhengig om bondesamfunnet gjekk igjennom eit hamskifte. Bonden gjekk altså ikkje over frå å drive det som på engelsk kan definerast som eit «peasant»-hushald, til ein meir kapitalistisk «farmer», trass i endringane jordbruket gjekk igjennom.²⁶

²³ Østerud 1975:125.

²⁴ Østerud 1975:125.

²⁵ Østerud 1975:126.

²⁶ Østerud 1975:126.

«Kommandoøkonomi»

Kåre Lunden sitt synspunkt på bondeøkonomien kom klarast fram i debatten som følgde etter Lunden si melding av boka *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*.²⁷ Redaktørane av boka, Anna Tranberg og Knut Sprauten, opnar med å trekkje fram motsetnadane som har eksistert mellom historikarar omkring norsk bondeøkonomi.²⁸ Bondesamfunnet har på den eine sida vorte beskriven som tradisjonsbundne og sjølvforsynte, og på andre sida eit samfunn der bonden aktivt tok del i ein handelsmarknad. Utgangspunktet for boka er å gi eit meir fleirfaldig og rett bilete av bondeøkonomien og syna at den ikkje stod stille heilt fram til hamskiftet på 1800-talet.²⁹ Dette vil dei gjere ved å vise i kva grad bøndene var trekte inn i pengeøkonomi og handelsverksemd.³⁰ Boka består av ni artiklar frå like mange forfattarar, som tek føre seg kvart sitt geografiske område. Med dette håpar forfattarane å gje lesaren eit betre innblikk i korleis forholda var for norske bønder i ulike landsdelar. Redaktørane understrekar at ein ikkje kan snakke om to avskilte økonomiar, men heller at gardsbruka var innretta både mot salsproduksjon og sjølvberging. For dei vert dermed hamskiftet ein fiksjon.³¹

Lunden stiller spørsmål ved hovudproblemstillinga i boka, som tek sikte på å syna «kor viktig handelsverksemd og marknadsintegrering var».³² Han meiner den ikkje problematiserer tydeleg nok kva som ligg *bak* innsatsen til bøndene, og understrekar vidare at dei ulike artiklane fleire gongar visar til at vi i hovudsak har med ein marknadsøkonomi å gjere.³³ Lunden etterlyser eit skilje mellom ulike typar handel, for at problemstillinga i boka kan bli besvart. Etter Lunden si meining er det er ikkje eit spørsmål *om* bøndene dreiv handel, men heller *kva for type* handel dei var involverte i.³⁴ Kvifor tek bøndene til å selje produkta sine på marknaden, kva var drivkrafta?

Med dette som opptakt presenterer Lunden sitt synspunkt i debatten om norsk bondeøkonomi. Han startar med omgrepa «marknadsøkonomi» og «sjølvforsyning», og kallar desse for idealtypiske omgrep.³⁵ Idealtypisk vil seie at typiske trekk vert brukte for å forklare eit fenomen, utan at ein kan forvente å finne att fenomenet i samfunnet i reindyrka form.

²⁷ Lunden, Kåre (1996). Norsk bondeøkonomi i «førindustriell tid». *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift*, bd. xxxiii (nr.3), s. 235-245.

²⁸ Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). (1996). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*. Oslo: Det norske samlaget.

²⁹ Tranberg m. fl. 1996:7.

³⁰ Tranberg m. fl. 1996:8 og 10.

³¹ Tranberg m. fl. 1996:11.

³² Tranberg m. fl. 1996:10.

³³ Lunden 1996:238.

³⁴ Lunden 1996:239.

³⁵ Lunden 1996:239.

Idealtypar kan likevel vere nyttige for å auke forståinga, då dei gjer karakteristiske kjenneteikn tydelegare.³⁶ Lunden hevdar at den norske bondeøkonomien frå og med 1650 til og med 1850 truleg er å finna ein stad mellom desse to idealtypene. Han saknar likevel omgrep som kan plassere økonomien på ein empirisk skala og nyttar seg difor Nobelprisvinnaren i økonomikk³⁷, den økonomiske -antropologen John Hicks sitt omgrepsapparat.

Hicks brukar tre omgrep for å beskrive ulike typar økonomiar. Den første vert kalla *customary economy* (sedvanebestemt økonomi) og går ut på at bøndene sin økonomiske tankegong er nært knytta til sedvanar og tradisjonar. Dei to andre hovudtypene har Hicks kalla *market economy* (marknadsøkonomi) og *command economy* (kommandoøkonomi).³⁸

Kommandoøkonomi er det motsette av marknadsøkonomi. Lunden forklarar kommandoøkonomi som at «produkta [vert] mobiliserte frå produsentane gjennom ei eller anna form for politisk maktapparat, som ikkje gjev produsentane noko slikt *val* som marknadsøkonomien går ut på». ³⁹ Bonden produserte dermed for å kunne betale skattar, avgifter, gjeld og renter som staten og kyrkja påla dei å gjere. Lunden presiserer at i tida 1500-1670 vart skattetrykket 20-dobla, for deretter å avta i takt med inflasjonen.⁴⁰

Lunden trekkjer fram dømer frå boka *Norsk bondeøkonomi 1650-1850* for å tydeleggjere forskjellen mellom kommandoøkonomi og marknadsøkonomi. Han meiner forfattarane tek feil i at bøndene sine handlingar samsvarar med marknadsøkonomisk tankegong, og kallar heller prestasjonane deira for «kommandoøkonomi-fenomen av eit førmarknadsslag». ⁴¹ Ved å bruke tal som forfattarane opererer med i boka, meiner han å ha belegg for å seie at offentlege pålegg dreiv bonden til å produsera for ein marknad. Dersom 1,5% av gardsproduksjonen frå Vestlandet gjekk til Bergen, meiner Lunden at ein først må trekkje frå det som skuldast krav i kommandoøkonomien, før ein kan snakke om ei form for marknadsaktivitet. Det bonden då sat igjen med, var ikkje særleg mykje. Sal av varar vert dermed eit økonomisk alternativ for å tilfredsstillast strenge krav slik at dei kunne fortsette å livnære seg som bønder.⁴²

For å styrkje teorien om at offentlege pålegg dreiv bøndene til produsere, trekkjer Lunden inn den tidedegare nemnde *customary economy* (sedvanebestemt økonomi). Menneske er styrt av tradisjon og normer som er nedfelt i rutinar. Ei slik *tradisjonsbunden åtfærd* er eit akseptert

³⁶ Skirbekk, Sigurd. (ukjend år). Idealtipe. I *Store norsk leksikon*. Henta frå: <http://snl.no/idealtipe>

³⁷ Lunden 1996:239. Dette er Lunden si beskriving av Nobelprisen.

³⁸ Lunden 1996:239.

³⁹ Lunden 1996:239.

⁴⁰ Lunden 1996:242.

⁴¹ Lunden 1996:239.

⁴² Lunden 1996:239.

synspunkt blant forskarar, hevdar Lunden.⁴³ Dermed går han imot til dømes Tveite sin teori om at bøndene produserte for størst mogleg inntekt ved kalkulerte val, der målet var å maksimere produksjonen.⁴⁴

Så langt meiner Lunden at bøndene var bundne til ein kommandoøkonomi på grunn av statlege pålegg, og den sedvanebestemte økonomien var ein måte å møte desse pålegga på. Lunden har likevel ein hypotese om at handlingsrommet til bøndene ikkje var absolutt sedvanebestemt. Då tenkjer han spesielt på dei ressursane på garden som ikkje var knytt opp til kommandoøkonomien. Som nemnt ovanfor, meiner Lunden at ein først må trekkje ifrå det som er kommandoøkonomi-prestasjonar, før ein eventuelt kan snakke om ein marknadsøkonomi. Han trekkjer difor den slutninga at bøndene til ei viss grad kunne *velje* mellom ulike økonomiske alternativ for desse restressursane. Likevel ville ikkje bøndene ha valt å setje sin lit til marknadsøkonomien, meiner han. Årsaka til dette var at bøndene på 1600-talet levde i konstant usikkerheit. Kornhausten varierte frå år til år, det same gjorde pris, etterspurnad og mogelegheita for transport.⁴⁵ Valet til bøndene fall difor på *sikkerheit* framfor «størst mogleg inntekt», der sistnemnde ikkje kan reknast som ei påliteleg inntektskjelde.⁴⁶ Lunden kallar dette for «tryggleik gjennom sjølvhjelp».⁴⁷ Det same prinsippet brukte også staten for å overleve. Ved å importere mindre, eksportere meir og tvinge bøndene til å selje for å betale skatt, gjorde staten seg levedyktig i krigstider.⁴⁸

Lunden skriv sjølv i dette debattinnlegget at: «All teori kan vere spekulasjonar. Og likevel er det berre ved teori vi kan forstå kvifor t.d. bøndene på 1600-talet handla som dei gjorde, og t.d. etter 1850 tok til å handle annleis».⁴⁹ I korte trekk kan ein ifølgje Lunden seie at drivkreftene bak norsk bondeøkonomi frå 1600 til 1800-talet, var produksjon for å tilfredsstille skattar, avgifter, gjeld og renter som staten, kyrkja og jordeigarar påla bøndene å betale. Mange av krava botna i krigføringa til den dansk-norske staten. Slik han framstiller det, er dette drivkrafta i kommandoøkonomien. For å greie å betale skattar og avgifter stod den sedvanebestemte økonomien sentralt. Tradisjonsbunden produksjon gav tryggleik for å nå krava som vart satt. Etter at skattar og avgifter var betalte, utelukkar ikkje Lunden at bonden stod fritt til velje kva han ville gjere med eit eventuelt overskot av ressursar. Han meiner

⁴³ Lunden 1996:240.

⁴⁴ Lunden 1996:240.

⁴⁵ Lunden 1996:240.

⁴⁶ Lunden 1996:241.

⁴⁷ Lunden 1996:241.

⁴⁸ Lunden 1996:241.

⁴⁹ Lunden 1996:239-240.

likevel at bøndene ikkje sette sin lit til marknadsøkonomien, då marknaden var ustabil og kunne gje økonomisk tap. Det er ikkje før ein kjenner seg trygg nok, at ein kan maksimere produksjonen for størst mogleg inntekt. Først då kan ein snakke om ein marknadsøkonomi, ein økonomi som ifølgje Lunden ikkje skaut skikkeleg fart før på slutten av 1800-talet, og på byrjinga av 1900-talet då ny teknologi la grunnlaget for «forretningsmannsjordbruket».⁵⁰

Oppsummering

Er det noen likskapar mellom desse teoriane, og kvar står dei i motsetning til kvarandre? Ein svak likskap ein kan finne hos Lunden og Tveite er bøndene sin bruk av marknaden. Lunden meiner at etter offentlege pålegg var betalt, stod bøndene fritt til å velje mellom ulike økonomiar. Sjølv om han seier marknadsøkonomi ikkje var ei påliteleg inntektskjelde for bøndene, er ikkje Lunden fjern for tanken om at bøndene brukte marknaden til sal av restressursar. Tveite på si side er heilt klar på at bøndene brukte marknaden for å livnære seg. Etter at alle skattar og avgifter var betalte, selde dei resten av produksjonen på marknaden. På denne måten fekk dei kjøpt inn varer frå andre næringar som dei sjølv ikkje satsa på å maksimere utbytte av.

Kan ein finne likskapar hos Chayanov og Tveite? Hos Chayanov er det *behovet* som styrar produksjonen. Var dette behovet dekkja, arbeidde ikkje hushaldet på familiegardsbruket meir. Tveite på si side meiner marknaden er drivkrafta. Om ein skal trekkje noen likskapar ut av desse teoriane, må ein spørje *kva* for behov det er snakk om. Huslyden ville kanskje satse på marknaden dersom dette dekkjer behova deira. Då kan ein seie at det var dette som svara seg best for denne huslyden.

Ein stor likskap mellom Chayanov, her i Østerud si framstilling, og Lunden er at dei grunnleggjande behova er mykje dei same: imøtekoma skattar og avgifter, og å få tak i dei mest naudsynte produkta for overleve. Chayanov og Østerud vil seie at huslyden arbeidde for å dekke desse behova, og Lunden på si side vil seie at prestasjonane kom av ein kommandoøkonomi. Det heile munnar likevel ut i det same, at så lenge desse behova var dekt ville bøndene truleg ikkje ta i bruk marknaden.

Chayanov/Østerud og Lunden delar same skepsisen til marknaden. Dei er samde om at Tveite tek feil når han seier at bøndene var marknadsstyrt. Sjølv om Lunden er open for at bøndene brukte marknaden, meiner han at den er for ustabil til at dei festa sin lit til den. Sidan dei levde i ei usikker tid, heldt dermed bøndene seg til stabile tradisjonsbestemde handlingar for å

⁵⁰ Lunden 1996:241-242.

kunne møte krava. Østerud presiserer også at marknaden kunne vere ustabil og marginal, difor brukte bøndene den berre til å tilfredsstille akutte behov. Dersom det var dårlege tider trakk dei seg berre ut, utan at dette fekk større konsekvensar for huslyden. Det var ikkje eit sikkert livsgrunnlag for bøndene å satse på marknaden, og difor vart heller ikkje dette drivkrafta for produksjonen.

Forskjellane er likevel større enn likskapane mellom desse teoriane. Kjernen til denne ulikskapen kan ein seie munnar ut i kva som dreiv bonden til å produsere som han gjorde. Tveite meiner målet til bonden var størst mogleg inntekt ved hjelp av handelen. Drivkrafta var å produsere *det som svara seg best* for å få størst mogleg inntekt, difor kunne også ei viss grad av eigenproduksjon vere gunstig for enkelte. Østerud, som baserer seg på Chayanov, meiner at motivasjon for produksjon hos bøndene var å *dekkje behova* som huslyden hadde. Når desse vart tilfredstilte, slutta dei å arbeide. Til slutt kjem Lunden som meinte at bonden vart driven til å produsere på grunn av *ytre påverknadar*. Han meinte at bøndene frå 1600 til 1800-talet produserte som dei gjorde fordi staten kravde skattar, avgifter, gjeld og renter av dei.

Kan desse teoriane testast? Sjølv om alle teoriane tek sikte på å forklare kva det var som dreiv bøndene til å produsere som dei gjorde, er dei likevel lite konkrete og beskriv berre det norske bondesamfunnet i generelle trekk. For å gjere teoriane meir handgripelege ønskjer eg difor i denne oppgåva å konkretisere dei ved å teste teoriane ut på 1700-tals bondesamfunnet, med vekt på dei indre strøka av Hardanger.

Kap. 3 Bakgrunn: Hardanger og Kongsberg

Når verdiane i dødsbua i Hardanger skulle skiftast mellom arvingane var det ofte lite å dela på. Den gjennomsnittlege nettoverdien for eit dødsbu i Hardanger i perioden 1702-1710 var 57 riksdalar og 97 riksdalar i perioden 1735-1747. Slik skilde Hardanger seg lite frå andre distrikt på Vestlandet på denne tida. Desse tala seier likevel ikkje noe om dei store skilnadane som rådde i dette bondesamfunnet. I Hardanger var det nemleg stor forskjell på fattig og rik.⁵¹ I dei følgjande avsnitta skal vi få eit innblikk i korleis det var å leva i desse bygdesamfunna og korleis folk tenkte rundt levebrød og status. Vi skal også bli betre kjende med handelsaktiviteten til innbyggjarane og utviklinga av denne handelen.

Hardanger

Hushaldet⁵² var på 1600- og 1700-talet den grunnleggjande sosiale eininga i bondesamfunnet. Kjernen i hushaldet var oftast eit ektepar med eller utan born. I noen hushald budde det også slektningar saman med familien, oftast foreldre eller andre som hadde fått kår. Det vil seie kost og husvære mot å gje frå seg råderetten over jorda. Utanom familien og slektningar, romma også hushaldet tenestefolk.⁵³ Gard og gardsdrift stod i sentrum hos bøndene i Hardanger, slik det hadde gjort mange hundre år. Det svært så arbeidskrevjande gardsarbeidet var sterkt prega av årssyklusane, med stadig tilbakevendande oppgåver.⁵⁴

Arbeidsoppgåvene var knytte til kjønn. Mennene hadde ansvar for utearbeidet, som til dømes det tyngste arbeidet om summarane og skogsarbeidet om vinteren. Kvinnene på si side hadde ansvar for innarbeid, matlaging og husdyra. Ein kan gjerne seie at husbond og matmor var sidestilte på kvar sitt område når det kom til dagleglivet, men det var husbonden som representerte hushaldet i det offentlege rommet. Det er også han vi møter på marknadsplassane.⁵⁵ Borna fekk meir ansvar på garden etter kvart som dei vaks til. Som små starta arbeidet mest som leik, og etter kvart som dei vart eldre vart arbeidsoppgåvene tyngre. Først eit par år etter konfirmasjonsalder vart dei rekna som fullvaksne arbeidsfolk.⁵⁶ Etter kvart vart det vanleg at borna drog ut i teneste på andre gardar.

⁵¹ Myking, John Ragnar. (2015). Eigedom og sosial lagdeling. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger – ei regionhistorie. Til 1750*. Bind 1, s. 268-269. Bergen: Fagbokforlaget.

⁵² Eit hushald kan forklarast som ei gruppe menneske med felles økonomi, i den fortsand at dei delar bustad og kothald. Kven denne gruppa med menneskje var, varierte frå gard til gard.

⁵³ Dyrvik, Ståle. (2011). *Norsk historie 1536-1814: vegar til sjølvstende*, s. 109. Oslo: Det Norske Samlag.

⁵⁴ Myking, John Ragnar. (2015). Det gamle gardssamfunnet. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger – ei regionhistorie. Til 1750*. Bind 1, s. 199. Bergen: Fagbokforlaget.

⁵⁵ Myking 2015:200 og 212-213.

⁵⁶ Myking 2015:200.

Tenestefolka på garden var stort sett ugifte ungdommar i alderen 15-30 år. Å tene som taus eller dreng var ein del av livssyklusen då dei ofte måtte vente på å overta ein gard, eller finna seg ein husmannsplass å slå seg ned på. Drengen arbeidde saman med husbonden.

Tenestetausene skulle hjelpe matmor med husdyr, matstell og anna innarbeid. Tenestefolka var ei slags mobil arbeidskraft, som flytta seg etter behov for å fylle den arbeidskrafta som ulike hushalda mangla. På denne måten var dei innom fleire hushald. Dette gjorde det lettare å finne make og levebrød til den dagen dei sjølve skulle gifte seg.⁵⁷

Framtidsutsikter og sosial status

Å bu aleine var sjeldan i 1700-talssamfunnet. For å overleve var ein avhengig av å produsere nok mat. Samstundes skulle ein halde garden ved like og betale skatt. Arbeidsdeling og gjensidig støtte var difor viktig både i hushaldet og i ekteskapet.⁵⁸ Eit ekteskap skulle sikre framtida, ikkje berre til ektefellene, men også til slekta. Mange ekteskap vart inngått for å sikra status og velstand.⁵⁹

Dette kunne resultere i store aldersforskjellar mellom mann og kone. Eit døme er ekteskapet mellom Halldor Arnesson Espe og Kari Larsdotter Aga. Då han fridde til ho i ein alder av 76 år i 1705, syntes foreldra til Kari at dette var eit for godt tilbod å avslå – trass i at aldersforskjellen mellom dei var 51 år. Dermed vart det giftarmål og dei fekk sonen Ola året etter.⁶⁰ Halldor var ein velhalden mann. Han hadde ingen barn i det førre ekteskapet og skifte etter den første kona frå 1704 viser oss at formuen til Halldor var på 1553 riksdalar, skyhøgt over gjennomsnittet på denne tida. Ifølge Olav Kolltveit var ikkje Kari interessert i å gifte seg med ein som var så gamal, men her såg truleg foreldra hennar ein moglegheit til å sikre livsgrunnlaget, både for seg sjølve og dei som skulle koma etter. Motivet til Halldor skal ifølge Kolltveit ha vore å sikre seg slik at dei næraste slektningane ikkje fekk arven dei gjekk å sikla etter.⁶¹

Bryllaup i Hardanger vart vanlegvis gjennomført i stor stil. Dette var den største festen av dei alle i det gamle bondesamfunnet. Feiringa kunne vare i fleire dagar og trong difor godt med planlegging. Til vanleg levde folk spartansk, men til bryllaup skulle det lagast rikeleg med mat.⁶² Lefser, flatbrød, smør, ost, røykt eller salta fisk og kjøt var vanleg mat på borda. Å

⁵⁷ Dyrvik 2011:109.

⁵⁸ Dyrvik 2011:110.

⁵⁹ Myking 2015:266.

⁶⁰ Kolltveit, Olav. (1963). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd.1, s. 451-452. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

⁶¹ Kolltveit 1963:451-452. Bd. 1.

⁶² Kolltveit 1963:525. Bd. 1.

servere kjøt i bryllaup gav status då dette var ei luksusvare.⁶³ Likevel var fisken den gjevaste bryllaupsmaten, og dersom dei ikkje fekk tak i nok utsette dei heile bryllaupet.⁶⁴ Sist, men ikkje minst, så skulle ølet bryggast. Festen føregjekk over mange dagar, med dans og song, skåling og drikking. Det var vanleg å invitere nær slekt og grannar. Etter fleire dagar med feiring, kunne brur og brudgom sitte igjen med femti til hundre riksdalar i gåver om dei var heldige. Dette var tidleg på 1800-talet.⁶⁵ Utdraget av bryllaupsvisa nedanfor beskriv innrykket ein framandkar sat igjen med etter å ha delteke i ei bryllaupsfeiring i 1724:

Då eg kom inn, vart eg forfært,
dei skipa folket her og der
oppom dei høge bordi.
Inn kom han Svein med bruri si
og sette seg med brur so fin
i høgsete, det store.

So vart me bodne mat og drikk,
bå' øl og brennevin me fikk,
då vart det snakk i huse.
Dei song eit vers då skåli kom.
So snart at kjengjo den var tom,
dei tappa att i kruse.⁶⁶

Å ha eit stort bryllaup var tradisjon, og med tradisjonar kjem forventningar. Forventingar om at god mat skal serverast, at musikk skal spelast og at det skulle skapast god stemning. Dersom alt stemde med tradisjonar og forventingar, vart ikkje foreldra til brura gjort til skamme, då det var dei som arrangerte heile festen. Ein kan stille spørsmål rundt kvifor det var så viktig å halde eit slikt storslått bryllaup. Kva ville dei vise? Truleg ville ei vellukka bryllaupsfeiring vise at ein hadde råd til å kosta på ein slik fest, samstundes ville også folk snakke om det i ettertid. Ved å møte forventningar og tradisjonar vil ein kanskje oppretthalda status, eventuelt oppnå høgare status. Når vi i det følgjande skal vere på leit etter det som

⁶³ Myking, John Ragnar. (1996). Byen og omlandet. Vestlandsk hushaldsøkonomi på 1600- og 1700- talet. I Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*, s. 109. Oslo: De Norske Samlaget.

⁶⁴ Kolltveit 2015:525. Bd. 1.

⁶⁵ Myking 2015:216-220.

⁶⁶ Kolltveit 1963:532. Bd. 1.

eventuelt dreiv hushalda til å utnytta ein marknad, må vi også ta med slike immaterielle drivkrefter.

Livsgrunnlaget

Åkerbruk og husdyrhald var dei viktigaste næringane hardingane hadde for å sikre levebrødet. I dei ytre bygdene i Hardanger vart det dyrka mest havre, medan i dei indre strøka, mellom lange fjordarmar og bratte fjellsider var bygget den mest pålitelege kornkjelda. Dette hang saman med dei ulike vêrforholda. Husdyrhald var sentralt for å gje gjødsel til åkrane.⁶⁷ Dei vanlegaste husdyrslaga var ku, sau og geit. I eit matrikkelutkast frå 1723 vart det registrert 5675 kyr, 2316 ungfø, 9104 småfø og 601 hestar. Småfø var både sau og geiter.⁶⁸ Mesteparten av gardane i Hardanger hadde fjellstølar. Stølsbeite var ein viktig ressurs. Her kunne dyra feite seg opp at etter ein lang vinter med lite mat. Mykje av smøret og osten vart laga på stølane. Sauer og geiter nytta seg også godt av beita, som gav velfødde dyr. Av dette fekk hardingane kjøtmaten dei brukte til høgtider og andre samkomer. Av smalen fekk dei også talg, som vart nytta som lys eller matfeitt. Ved sida av tranlampene i røykstova, var talg den viktigaste lyskjelda på garden.⁶⁹ Vi skal seinare sjå at fleire av desse husdyrprodukta vart selde på marknadar i Bergen, Stavanger og ulike plassar på Austlandet gjennom handelen som føregjekk over Hardangervidda.

Etter mange år med befolkningsvekst på 1600-talet, stagnerte utviklinga mot slutten av same hundreåret og inn på 1700-talet. Denne tendensen finn vi også i Kinsarvik, Ullensvang og Odda som sokna til Kinsarvik prestegjeld. Her minka folketalet årleg med 0,5 prosent. Likevel kan det sjå ut som om at trenden snudde utover 1700-talet. I tidsrommet 1701-1769 opplevde alle sokna i Hardanger folkevekst. Folketalet auka frå om lag 5600 personar i 1701 til ca. 8750 personar i 1769. Den prosentvise auken låg på 0,8 årleg. Til samanlikning var den same årlege vekstraten på Strilelandet rundt Bergen berre 0,4 prosent. Sterkast var veksten i dei indre stroka av Kinsarvik prestegjeld, med ei auke på 1,2 prosent årleg.⁷⁰

Den viktigaste ressursen for at ei befolkningsauke i det heile skal vere mogleg, er tilgangen på matvarer.⁷¹ Basert på mengda korn, talet på husdyr og folketal er det rekna ut at kvar innbyggjar i Hardanger hadde tilgang på gjennomsnittleg 1900 kilokaloriar frå jordbruket

⁶⁷ Myking 2015:199.

⁶⁸ Myking 2015:252.

⁶⁹ Myking 2015:209-211.

⁷⁰ Myking, John Ragnar. (2015). Handel, næring og folketalsutvikling. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger – ei regionhistorie. Til 1750*. Bind 1, s. 249-251. Bergen: Fagbokforlaget.

⁷¹ Myking 2015:251.

kvar dag kring midten av 1600-talet. I 1723 hadde kaloriinntaket frå jordbruket auka til gjennomsnittleg 2300 kaloriar kvar dag.⁷² Kaloriproduksjonen per innbyggjar varierte likevel sterkt mellom dei ulike sokna i Hardanger. Både Odda, Røldal, Ulvik og Jondal produserte under minimumsinntaket på 2000 kilokaloriar ein reknar eit gjennomsnittleg menneske treng kvar dag. Derimot produserte Øystese, Granvin, Eidfjord, Ullensvang og Kinsarvik langt over minimumsdekninga. Sistnemnde hadde ein kaloriproduksjon på om lag 3700 per innbyggjar, kvar dag. Dette var meir enn nok til å dekke næringsinntaket.⁷³

Kva fortel dette oss? Sidan det dagleg næringsinntaket vart dekkja av varer frå eigen produksjon i fleire av sokna i Hardanger, var ikkje innbyggjarane i desse sokna like avhengige av bytehandel for å dekkje den grunnleggjande mattilgangen som i dei sokna som hadde underdekning. På denne måten kunne ein større del av handelsverksemda til innbyggjarane i desse sokna vere med i å byggje opp eit overskot.⁷⁴

Det var stor etterspurnad etter krøtervarer i byane. Dette kan forklara kvifor hardingane selde ein del slaktevarer, ost og smør til Bergen og Stavanger. Sidan mange ikkje trong å drive handel på grunn av dårleg eigendekning frå jordproduksjonen, gav dette dei større fordel samanlikna med mange hushald på Strilelandet. Berre 39 prosent av kaloriproduksjonen på Strilelandet kom frå åkerbruket og saman med husdyrhaldet gav dette rundt 1700 kilokaloriar per innbyggjar, kvar dag i 1723. Dei måtte difor nytte marknaden i Bergen for å dekke det naudsynte næringsbehovet. Dette ville minke fortjenesta på handelen. Mange hardingar kunne, om dei ville, på si side bruka marknaden til å skape velstand og status.⁷⁵ At hardingane truleg hadde større moglegheit til å leggje seg opp litt formue på varehandel kan også vere ein forklaring på den sterke folkeveksten. Velstanden kan ha gjort det lettare å stifte bu for ungdommen. Ein følgje av dette kan ha vore låg ekteskapsalder og dermed eit lengre tidsrom for kvinnene til å få born.

Ulike typar handel

Hardingane var del av eit breitt handelsnettverk. Dei eigenproduserte varene som hardingane ikkje hadde brukt for sjølve, vart selde og bytte inn i andre varer på markandane i Bergen, Stavanger og ulike stader på Austlandet. Vidare gav trelasthandelen med utlandet bønder i skogrike vestlandsbygder ei kjærkomen inntekt. Skip frå Tyskland, Nederland og Skottland var frå 1500-talet av eit vanleg syn i fjordarmane rundt om i Sunnhordland og dei ytre

⁷² Myking 2015:253.

⁷³ Myking 2015:253-254.

⁷⁴ Myking 2015:251-254.

⁷⁵ Myking 2015:254.

bygdene i Hardanger. Utover 1600- og 1700-talet var det skottane som dominerte trelasthandelen. Så lenge det var skog å ta av, kunne ein tene gode pengar på denne handelen.⁷⁶ Det var ikkje alltid slik at betalinga for trelasta vart betalt med kontantar. Skottane hadde også med seg til dømes mjøl, korn, erter, malt, kveitebrød, salt, ulike tøyvarer, sko og tobakk. Skipa førte også inn eksotiske varer som fransk og spansk vin, krydder og svisker. Kjeldetilfanget gjer det likevel vanskeleg å vite kor viktig trelasthandelen var for hardingane og kor store inntekter dei hadde på den. Den var i alle fall langt viktigare i dei ytre stroka av Hardanger enn i dei indre områda.⁷⁷

Som den klart største byen i Noreg, var Bergen ein viktig handelsmarknad for hardingane. Med mindre båtar og jekter førte dei ved, slaktekveg, skinn, feitevarer, smør og talg til byen. Heimatt til Hardanger hadde dei med seg korn, mjøl, tøy og andre småvarer. Grunna kjeldesituasjonen er det ikkje lett å vite kor utstrakt fartøydrifta frå Hardanger var, samanlikna med resten av kyst- og fjord-Noreg.⁷⁸ Ei liste over konsumpsjonstollen frå 1681, viser at det var bønder frå Strilelandet som var den viktigaste handelspartnaren til byen. Handelen var mest intens frå bygdene nærast byen og etter kvart som avstanden auka, vart byturane færre. Av dei 3086 identifiserte innbetalingane i konsumpsjonstollen er 59 identifiserte som hardingar.⁷⁹ Det er likevel grunn til å tru at eit hundretals hardingar kan ha vore til byen med varer i 1681. Toll-lista visar likevel at handelsaktiviteten mot Bergen ikkje stod like sterkt i dei indre strøka av Hardanger, samanlikna med dei ytre. Dette kan vitne om at desse bygdene hadde sterkare handelstilknytingar austover.⁸⁰

Hardingane hadde også kontaktar i Stavanger. Med seg på jektene hadde dei bast, bork, bord, ost og smør, og heim igjen fekk dei med seg korn. Sjølv om byen berre hadde eit par tusen innbyggjarar på 1600- og 1700- talet, fekk hardingane god avkasting for produkta. Heller ikkje denne handelen er godt dokumentert, og det finst berre noen få saker i tingbøkene som viser til den.⁸¹

Ein gong i året vart Røldal ein årleg møteplass der hardingar og austmenn møttest for å handla hestar og kveg. Noen kjelder frå 1700-talet visar at denne handelen førte det med seg mykje misnøye. Den gjekk særleg ut på skadane ei hundretals hest- og fedriftene kvart år skal ha

⁷⁶ Myking 2015:225.

⁷⁷ Myking 2015:228-231.

⁷⁸ Myking 2015: 237.

⁷⁹ Myking 1996:96-101.

⁸⁰ Myking 2015:239.

⁸¹ Myking 2015:239-240.

førte påført eng og mark, samt klagar på bråk og fyll. Stort meir veit vi ikkje om Røldalsmarknaden, anna enn at den vart forsøkt nedlagt fleire gongar.⁸²

Likevel kan det sjå ut som om at store delar av hestehandlen gjekk utanom Røldal. Segna som har levd vidare gjennom slekter, skal ha det til at det var det var handelskarar frå Espe og Sekse som starta opp ei ferdselsrute over Hardangervidda på 1700-talet. På denne handelen tente hestehandlarane gode pengar, der ein hest kunne tilsvara ei heil sommarløn. I byrjinga kjøpte dei opp hestar i dei nærliggande bygdene, men etter kvart måtte dei lenger ut i distrikta. Dei var heilt til Sunnfjord på hestekjøp. Oppkjøparane nytta seg av dei kortaste vegane. Dermed vart det ferje over fjordane og tunge turar over bratte fjell. Dei kom med ferjer til Jondal, så bar det over Krossdalen, over Reisæterskaret og ned til Vikebygd. Igjen vart hestane frakta på ferjer tvers over Sørfjorden til Sekse og Espe og den 1. juli vart driftene samla i tuna.⁸³ Dette var eit strevsamt og farefylt arbeid. Likevel engasjerte hardingane seg sterkt i denne handelen, og til no var berre halve jobben gjort. Dei måtte også frakte hestedriftene over Hardangervidda.

Hestehandlarane reiste saman til Rauland. På vegen til Salpytt, 30 km frå Rauland, stoppa reisefølgjet først i Belebotnen. Neste stopp var eit par dagar i Bjønnabotnen før det bar vidare til Briskelægeret. Dagen etter nådde følgjet Salpytt. Her vart dei møtt av dei mest interesserte hestekjøparane frå Telemark, Numedal og Hallingdal, som ville sikre seg dei beste hestane. Dersom dei ikkje fekk selt unna alt reiste dei vidare ned i bygdene. På midten av 1800-talet vart denne markanden flytta til marknadsplassen Åmyri i Rauland. Som med den andre handelen hardingane dreiv med, er heller ikkje denne handlen lett å kvantifisere. Det finst ingen oppgåver som seier noe om kva hardingane tente på å drive hestehandel med austlendingane.⁸⁴

Innbyggjarane i Hardanger var involverte i handelsnettverk som strekte seg frå Skottland i vest til dalar og byar på Austlandet. Det er liten tvil om at denne handelen var omfattande, men det finst dessverre ingen oppgåver som kan kvantifisera handelen. Det gjeld både handelen med Bergen og Stavanger, bytehandelen med skottane og det meste av handelen austover vidda. Dersom det skal vere mogleg å finne ut kva det var som dreiv hardingane til å nytte markandane som dei gjorde, må vi difor gripa fatt i dei kjeldene som kan gje oss meir nøyaktige opplysningar både om omfanget og om kven som tok del i handelen. Dei finn vi i

⁸² Kolltveit 1963:496-497. Bd. 1.

⁸³ Kolltveit 1963:497-501. Bd. 1.

⁸⁴ Kolltveit 1963:497-501. Bd. 1.

arkivet etter sølvverket på Kongsberg. Først skal vi likevel ta for oss den marknaden sølvverket på Kongsberg skapte meir generelt.

Kongsberg

Bønder frå dei indre gardane i Hardanger hadde allereie ein marknad å selja varene sine på i Bragernes og Strømsø i Drammen og Kristiania før sølvverket vart grunnlagt.⁸⁵ Med sølvfunnet på Kongsberg i 1623 fekk den austvendte handelen frå Hardanger eit sterkt oppsving. På få år vaks det fram ein stor gruveby her. Det finst inga oversikt over befolkningsutviklinga på 1600-talet, men det er rimeleg å tru at veksten i gruvebyen auka i takt med sølvverket si vekst.⁸⁶ Ved folketeljinga 1769 var Kongsberg, med sine 8100 innbyggjarar, den nest største byen i landet, etter Bergen.⁸⁷ Mot slutten av 1700-talet gjekk ikkje sølvverket like bra, men i 1801 hadde Kongsberg framleis så mykje som 6800 innbyggjarar og var den fjerde største byen i landet.⁸⁸ Saman med eit aukande innbyggjartal på Kongsberg, etter oppstartinga av sølvgruvene, auka også behovet av ulike varer som hardingane kunne levere.⁸⁹

Kongsberg vart etter kvart den viktigaste handelsmarknaden for dei som reiste austover. Her vart sett opp tre marknader i året. Ein kvar vår, sommar og haust. På grunn av snøen på Hardangervidda var det marknadane i juli og oktober som hardingane hadde moglegheiter til å møte fram til. På Kongsbergmarkanden selde dei hestar, smør, ost, talg, humle, ull, vadmél, skin, lærvarer, sydde sko og andre varer som var kjøpte inn i Bergen. Med seg på hesteryggen hadde dei også hardingfela, som spreidde seg frå Kongsbergmarkanden til både Hallingdal og Valdres.⁹⁰ Det var vanleg at bøndene reiste til Kongsbergmarknaden for å selje sommardråtten sin der, men det var også vanleg å selje han til handelskarar som fungerte som mellommenn. Etter kvart vart det stor konkurranse om å få tak i bondevarer som ein kunne selje på marknaden. Difor reiste hardingane lange vegar for å kjøpe opp alle typar varer.⁹¹

Tingbøkene kan gje oss spreidde glimt av omfanget av handelen på Kongsberg og korleis den gjekk føre seg. Det gjev også bygdebokskriften Olav Kolltveit då han skriv om Jon E. Jåstad

⁸⁵ Myking 1996:106.

⁸⁶ Helleberg, Odd Arne. (2010). *Kongsberg Sølvverk 1623-1958: Kongens øyensten – rikenes pryd* (2. utg.), s. 97. Kongsberg: Sølvverkets venner.

⁸⁷ Store norske leksikon og Thorsnæs, Geir. (2015). Kongsberg – kommune i Buskerud. I *Store Norsk Leksikon*. Henta 20. september 2014 https://snl.no/Kongsberg/kommune_i_Buskerud

⁸⁸ Helle, Knut., Dyrvik, Ståle., Hovland, Edgar. & Grønlie, Tore. (2013). *Grunnbok i Norges Historie: frå vikingtid til våre dager*, s.142. Oslo: Universitetsforlaget.

⁸⁹ Myking 2015:241.

⁹⁰ Kolltveit 1963:400. Bd. 1.

⁹¹ Kolltveit 1963:492. Bd. 1.

som var på veg til Kongsberg sommaren 1770. På turen måtte han over ei bru i Veggli. Brua brast under dei to hestane hans og dei vart tatt av straumen og drukna. Desse hadde Jon betalt 15 og 12 riksdalar for. I tillegg til dette mista han 60 riksdalar som han hadde på seg, ei matte tobakk, samt gamle og nye klede. Totalt rauk det med 96 riksdalar i elva for Jon, men heldigvis kom han frå det sjølv med livet i behald.⁹²

Dei mange slepa med fedrifter og kløvhestar kunne vere ei stor plage. Bøndene i Numedalsbygdene ønska at handelen skulle bli meir regulert då slepa vart ført via allfarvegen gjennom bygda. I 1762 ville holtzførster Tore Fiskum at kongsbergfararane skulle la driftene beite i eit inngjerda område. Dette vekte fort reaksjonar frå hardingane, som argumenterte for at driftene trong stadar til å både kvile og beite. Dersom dei ikkje fekk dette, ville det bli slutt på kongsberghandlen.⁹³ Slike innblikk som dette kan hjelpe oss med å forstå handelen mellom vest og aust betre.

Sølvverket

Det var ikkje berre på marknaden hardingane fekk moglegheit til å selje varene sine på Kongsberg. Frå 1710 gjekk sølvverket frå å ha 1000 arbeidarar til å nå toppen i 1770 med 4200 arbeidarar.⁹⁴ Verket nytta talg til smørjing av bevegelege delar i maskineriet som dei brukte i gruvene, men endå viktigare var talg for å få lys i gruvegangane. I tider med dårleg talgleveranse vart det forsøkt med gammalt smør og tran som belysning i staden for talg. Ifølge Bjørn Ivar Berg var dette lite populært blant arbeidarane, då tran gav ein vond lukt og gjorde dei så svimle at det ikkje var mogleg å fortsette arbeidet. I ein periode, i 1714 og 1716, vart det tillat å bruke faklar på våte stadar med streng beskjed om å utvise stor varsamheit.⁹⁵ Faklar auka brannfaren i gruvene og etter kvart vart det påbode å bruke talg som lyskjelde.⁹⁶ Arkivmaterialet frå Kongsberg Sølvverk kan fortelje oss at hardingane starta talghandlen med sølvverket allereie i 1714.⁹⁷ Det var i den stadig aukande talgetterspurnaden at hardingane etter kvart fekk ein ny marknad dei kunne nytte seg av. Ein marknad der, som vi skal sjå, omsetnaden let seg kvantifisere.

⁹² Kolltveit 1963:495. Bd. 1.

⁹³ Kolltveit 1963:494-496. Bd. 1.

⁹⁴ Berg, Bjørn Ivar. (1993). *Kulturminnet Kongsberg Sølvverk: Utarbeidet for Riksantikvaren av Norsk Bergverksmuseum*, s. 7. Kongsberg: Norsk Bergverksmuseum.

⁹⁵ Berg, Bjørn Ivar. (1982). *Riksdaler på sledeføre. Hestekjørsel ved Kongsberg Sølvverk i første halvdel av 1700-tallet*, s. 59-60. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo.

⁹⁶ Helleberg 2010:142.

⁹⁷ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0015, 1714.

Bondesamfunna rundt dei norske bergverka vart sterkt påverka av verksemda der. Anlegga trong tømmer og trekol, dei hadde bruk for transport og ikkje minst arbeidskraft. Buskerud, Vestfold og Telemark hadde, i tillegg til Kongsberg Sølvverk, seks av Noregs femten jernverk – også desse trong ressursar av ulik form.⁹⁸ For å sikre seg ressursar vart bøndene kring verka, innanfor det som vart kalla «cirkumferensen», pålagt pliktarbeid og pliktleveransar.

«Cirkumferens» kan forklarast som ein sirkel, der sentrum er anten ei funngruve eller smeltehytte. Radiusen vart satt til fire mil. Innanfor dette området fekk bergverka frå 1600-talet av omfattande rettigheitar til å nytte seg av. I områda kring Kongsberg Sølvverk vart bøndene pålagde å levere tømmer, bygge vegar og stå for ulike typar kjørsel.⁹⁹ Pliktleveransar stod sentralt i cirkumferensprinsippet. Hardanger låg langt utanfor cirkumferensen til sølvverket, men kan dei likevel ha vorte pålagt ei form for pliktarbeid når det kom til å levere talg? Det spørsmålet er avgjerande for korleis vi skal sjå på hardingane sine motiv for å handle med talg. Med pliktleveransar vil det vere tale om ein kommandoøkonomi. Dersom leveransane var frivillige må vi diskutera kva som var drivkreftene for å levera talgen på ein fri marknad. Dette skal vi kome tilbake til i kapittel 7.

Sølvverket skaffa talg frå mange ulike leverandørar den tida verket var i drift. Dessverre veit vi ikkje sikkert kvar dei fekk tak i all talgen dei trong når dei starta opp på 1600-talet, men vi veit at då talgbehovet auka tidleg på 1700-talet tok sølvverket til å handle talg med bønder som budde vest i landet. Bergamtet på Kongsberg kjøpte fram til det første tiåret av 1700-talet truleg talg frå bønder frå Sokndal, Lister og Stavanger Len. I tillegg fekk dei leveringar frå Kristianiamarknaden.¹⁰⁰ Bergamtet importerte også talg frå Skottland og Irland. Grunna talgmangel kunne leverandørane skru opp prisane, og i 1714 klaga Rentekammeret over at Overbergamtet kjøpte for dyr talg. Dei meinte at mykje av talgen som vart kjøpt frå Skottland og Irland eigentleg var eksportert frå Stavanger og Bergen og med god fortjeneste seld tilbake til Noreg.¹⁰¹

Då Rentekammeret fann ut av dette ønska dei å kjøpe talgen direkte får produsentane. Dette ville heilt klart minske utgiftene. I 1714 la dei difor fram eit forslag om utføringsforbod for talg slik at det vart rimelegare for sølvverket å kjøpe den. Dei ønska også at leveransar skulle organiserast gjennom futen, og at talgen skulle bli frakta med fiskejekter frå Bergen og

⁹⁸ Berg, Bjørn Ivar. (1996). Bergverk og bondeøkonomi i Buskerud, Vestfold og Telemark. I Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*, s. 47. Oslo: Det Norske Samlaget.

⁹⁹ Berg 1996: 49.

¹⁰⁰ Berg 1982:280.

¹⁰¹ Berg 1982:281.

Stavanger til Bragerne ved Drammen. Berg omtalar dette forslaget som: «En regulering i tidens ånd», men det vart aldri sett ut i livet.¹⁰²

Som vi skal sjå var det frå byrjinga av 1700-talet at folk frå Hardanger vart involverte i talgleveransane. Etterspurnaden etter talg frå sølvverket var stor. Hardingane måtte difor reise langt utanfor bygdegrensene for å dekkje den. Dei kunne ikkje skaffe all talgen frå eige bruk og måtte difor kjøpe den opp hos andre bønder. Matrikkelutkastet frå 1723 viser at bøndene i Hardanger futedøme skal ha halde i overkant 9000 småfe årleg, Strandebarm ikkje medrekna. Eit saueslakt tilsvare om lag eitt kilo talg.¹⁰³ Som vi skal sjå seinare leverte hardingane store kvantum med talg som strakk seg langt utover kva deira eige hushald hadde kapasitet til å dekkje. Turane gjekk difor til Bergen, Stavanger og rundt i distrikta for å kjøpe opp talg og deretter kløyve den til Kongsberg.¹⁰⁴

Ei sak frå 1782 viser korleis hardingane fungerte som oppkjøparar. Dette året klagar handelskarane på at dei fekk betaling i alt for store setlar i staden for i sølvmyar. Tre-fire handelskarar kunne få ein 100 dalarsetel i betaling for leveransane. Det var ikkje mange som hadde moglegheit til å veksla den, verken i gruvebyen, eller heime i Hardanger. Dette resulterte i at det vart vanskeleg for talghandlarane å gjere opp med kundane sine. Det var vanleg at dei berre skulle ha noen få riksdalar. Futen spurte difor, på talghandlarane sine vegne, om det var mogeleg å få betaling i sølvmynt, eller mindre setlar, slik det hadde vore vanleg tidlegare.¹⁰⁵ Dette viser at hardingane først førte talgen over vidda, dernest fekk dei betaling for leveransane på Kongsberg og først når dei kom heimatt kunne dei betala dei som dei hadde fått ekstra talg frå. Det er altså ikkje før desse utgiftene er trekt ifrå, ein kan snakke om ei eventuell fortjeneste.

Alle vegar fører til Kongsberg

Hardangervidda har vore hovudferdselsåra mellom vest og aust fleire hundre år tilbake i tid. Vegen over vidda frå Hardanger til Kongsberg, og til andre marknadsplassar på Austlandet, var den raskaste, og truleg tryggaste, måten å reise på. Hardingane kunne nytte seg av fleire vegar.

¹⁰² Berg 1982:281.

¹⁰³ Myking 2015:246.

¹⁰⁴ Kolltveit 1963:492. Bd. 1.

¹⁰⁵ Myking 2015:246.

Kolltveit 1963:494. Bd. 1.

Dei mest kjende er: Nordre Nordmannsslepa, Store Nordmannsslepa, Søndre Nordmannsslepa, Ålmannevegen og Hardingslepa.¹⁰⁶ Sistnemnde vart nytta dersom ein skulle til Saltpytt og Åmyra å drive handel der. Dei tre Nordmannsslepene gjekk endå meir austover, til Numedalen og enda deretter opp på Kongsberg.

Handelskarane frå Sørfjorden nytta seg av dei nærliggande stølsvegane for å komma seg inn på vidda. Truleg nytta dei som budde på vestsida av fjorden ferjer til å frakta hestane og talgen over på andre sida, slik dei som dreiv med hestehandel gjorde.¹⁰⁷ Frå stølsvegane samla dei fleste vegane seg ved Kongsbergvaldet over Veig. Kvilestaden deira var Haldlaskar. Her stoppa reisefølge opp noen dagar for å kvila. I løpet av denne tida hadde fleire reisande slutta seg til følget. Deretter følgde folk, kløvhestar og fe Nordmannslepet vidare austover. Neste stopp sov dei under open himmel ved Bremafoten. Siste etappe på turen, før dei nådde Numedalen, var Skjønnabu. Ein måtte vere sterk om ein skulle klare å vere med på denne turen, som var 30 mil kvar veg. Dei gjekk opp bratte lier, over vidder, elvar og snøfenner.¹⁰⁸ Det rådar stor ueinigheit om nøyaktig kvar dei ulike slepa har gått.¹⁰⁹ Ein kan difor ikkje seie eksakt om dette var ruta alle nytta for å komme seg til Kongsberg og kor nøyaktig lang tid dei brukte på turen. Likevel finn ein namn som kan vitne om ferdselsaktiviteten, slik som Kongsbergvaldet (Hadlaskard), Kongsbergsetra (Tinn), Kongsbergvegen (Søre Nordmannsslepa og Ullensvang), Kongsbergslepa (Odda) og Nordmannvadet (nordvest for Hardingroe).¹¹⁰

Det var vanleg at talgen vart kløyva på hestar til Kongsberg over vidda og som vi skal sjå var leveransane til tider så store at ein måtte ha fleire hundre hestar dersom dei skulle greie å føre all talgen over vidda. Det låg altså mykje innsats bak deltakinga til hardingane, både når det kom til vanleg varehandel og talghandel.

¹⁰⁶ Roland, Hilde. (2001). *Prosjekt Normannsslepene*, s.5. Drammen: Buskerud Fylkeskommune: Namnet «nordmann» tydar «vestlending», eller «ein som kjem frå Hardanger». Forklaringa bak dette er at kompassretninga i Numedalen er vridd 90 grader, dermed blir vest nord og øst blir sør. Difor var dei som kom ned Numedalen nordfrå kalla «nordmenn». «Slep» kom av at det vart brukt ein slags slepinnretning bak hestane, men dette var tungvint. Difor kløyva dei talgen på hesteryggane i staden.

¹⁰⁷ Kolltveit 1963:498. Bd. 1.

¹⁰⁸ Kolltveit 1963:400-401. Bd. 1.

¹⁰⁹ Roland 2001:5.

¹¹⁰ Roland 2001:15.

Kap. 4 Kjeldematerialet

I det førre kapittelet vart vi betre kjende med den utstrakte handelen hardingane dreiv med. Dei reiste til Bergen og Stavanger, dreiv trelasthandel med skottane, heldt marknadar i Røldal, selde hestar i Telemark og reiste til Drammen, Kristiania og Kongsberg med ulike bondevarer og drifter. Ein kan undre seg over kva det var som dreiv hardingane til å ta del i alt dette. For å nærma oss eit svar må vi vite meir om omfanget av handelen og kva fortieneste den einskilde kunne få av den.

Kjeldesituasjonen gjer det svært vanskeleg å kvantifisere all handelsverksemd. Konsumpsjonstollen frå 1681 kan fortelje noe om korleis hardingane nytta handelsmarkanden i Bergen, som til dømes kva varer dei hadde med seg og kva dei hadde med seg heimatt. Likevel kan ikkje listene svare på om, og i tilfelle kor stor, fortieneste hardingane fekk på denne handelen. Det same gjeld for handelen dei hadde med Skottland og Stavanger. Det er heller ikkje lett å kvantifisere marknadshandelen hardingane dreiv med på Kongsberg, ei heller driftehandelen med kveg og hestar. Ein type handel som vi derimot *kan* kvantifisere er talghandlen mellom Hardanger og Kongsberg. Det finst eit stort kjeldemateriale som kan gje eit unikt innsyn i handelsaktiviteten til ein del personar frå Hardanger. Dei er rekneskapen til materialhuset og bergkasserekneskapen, som er å finne i Kongsberg Sølvsverk sine arkiv på Riskarkivet i Oslo.

Arkivet etter Kongsberg Sølvsverk

I 1640-åra vart det oppretta ein statleg bergverksadministrasjon, og frå 1653 til 1812 var bergvesenet delt inn i bergamt.¹¹¹ I 1685 vart det sønnafjelske bergamtet flytta til Kongsberg og delt i to: overbergamtet, med funksjonar på landsbasis og underbergamtet, som hadde tilsyn med gruedrifta på Kongsberg.¹¹² Overbergamtet bestod av berghauptmannen og 8-10 andre embetsmenn og funksjonærar. Dei var som regel anten juristar, rekneskapskyndige, arbeidde som sekretærar, eller bergkyndige folk. Ansvar for berghauptmannen og embetsmennene var å føre kontroll med bergverksdrift og dømme i bergverksakar. Dei fungerte som eit styre for verket.¹¹³ Overbergamtet førte mellom anna rekneskapen til Kongsberg Sølvsverk, bergkasserekneskapen, samt auksjons- og lisitasjonsprotokollar.

Rekneskapen for materialhuset og bergkasserekneskapen er svært detaljerte og har hjelpt meg med å karteleggje omfanget av talghandelen og er såleis grunnsteinane i oppgåva mi.

¹¹¹ Mykland, Liv. (2005). *Håndbok for brukere av statsarkivene*, s. 344. Oslo: Universitetsforlaget AS.

¹¹² Mykland 2005:345.

¹¹³ Helleberg 2010:46.

Rekneskapen for materialhuset tek til i 1694 og går fram til 1815. Det var vanleg å føre ei rekneskapsbok for kvart år. Her vart det ført inn kva dato dei som leverte talg kom på, kven som leverte talgen og kor mykje talg kvar person leverte. Andre merknadar vart også ført inn dersom det var naudsynt. Rekneskapen har store lakuner. Det gjeld åra 1698-1700, 1702, 1708, 1733, 1753, 1758, 1759, 1781-1790, 1802 og til sist 1807. Det betyr at eg manglar om lag 21 år til saman, men dei bevarte seriane gjev likevel eit bra inntrykk av talghandelen på 1700-talet. Dessverre nemner ikkje rekneskapen for materialhuset noe om betaling, eg må difor nytte meg av eit anna rekneskap til det.

Her kjem bergkasserekneskapen til sølvverket til hjelp. Bergkasserekneskapen var hovudrekneskapen til sølvverket. Desse rekneskapa vart førte kvart år og strekkjer seg over perioden 1694-1812. Har vart alle utgiftene til sølvverket frå dei andre rekneskapa førte inn. Lønn, materialutgifter og ekstraavgifter vart også skrivne ned her. Talgleveransane kom inn under materialutgifter.¹¹⁴ Rekneskapen for materialhuset og bergkasserekneskapen utfyller difor kvarandre. Medan dei som førte rekneskapsbøkene for materialhuset var mest interesserte i kor mykje talg som vart levert, konsentrerte dei som førte bergkasserekneskapen seg om kor mykje leverandørane fekk betalt for talgleveransane.

I bergkasserekneskapen finn vi også oftare namn på dei som leverte talg. Det er oppført kva månad dei kom, kor mykje talg dei leverte og kor mykje dei fekk betalt for talgen. Kvifor kan eg ikkje berre då bruke bergkasserekneskapen, når den gir den same informasjonen som rekneskapen for materialhuset, i tillegg til betaling? Det har seg nemleg slik at også bergkasserekneskapen har store lakuner. Frå og med 1694 til og med 1812 er det heile 61 år som er gått tapt. Eg må difor bruke dei to rekneskapa om ein annan for å få eit inntrykk av korleis handelen føregjekk og omfanget av den. Somme gongar er bergkasserekneskapen meir utfyllande enn rekneskapen til materialhuset, somme gongar er det omvendt. Dette kjem eg nærare inn på litt seinare i oppgåva.

I tillegg til desse rekneskapa har eg leita i sesjonsprotokollane, resolusjonsprotokollane og lisitasjon- og auksjonsprotokollane til Overbergamtet. Desse protokollane gjer meg innsikt i ulike sider ved handelen som ikkje eit rekneskap kan fortelje noe om. I sesjonsprotokollane finn ein Overbergamtet sine interne forhandlingar, samt forhandlingar med leverandørar, kjørarar, bønder og andre. Saman med bergverket sine framtidige driftsplanar, vart avgjerder om daglegdagse og uventa problem skriven ned. I tillegg til dette inneheld

¹¹⁴ Berg 1982:11.

sesjonsprotokollane akkordar med bøndene. Heilt fram til 1741 vart akkordar om lisitasjonsforretningar skriven ned i sesjonsprotokollane, men etter 1741 er desse forretningane å finne i eigne bøker som vert kalla for lisitasjon- og auksjonsprotokollar.¹¹⁵

I auksjon- og lisitasjonsprotokollane finn ein informasjon om kor mykje talg kvar enkelt sa seg villig til å levere neste sommar, samt kor mange riksdalar dei skulle få per bismarpund. Lisitasjons- og auksjonsprotokollane vert på den eine sida ei kjelde som kan seie noe om kor mykje talg sølvverket forventar at det kom til å få bruk for neste år. På den andre sida visar protokollane kva hardingane meinte dei var i stand til, og hadde moglegheit til å levere året etter. Lisitasjons- og auksjonsprotokollane inneheld altså informasjon om kor mykje talg hardingane *trudde* dei greidde å levere neste år, medan dei ulike rekneskapa fortel oss kor mykje talg som *faktisk* vart levert på materialhuset til bergverket kvart år.

Andre kjelder

Kjeldene over hjelper meg med å identifisere kven det var som handla talg med Kongsberg Sølvverk og kor mykje dei tente på denne handelen. Dette er viktig for å forstå omfanget av talghandelen i Hardanger, men eg ønskjer også å sjå nærare på kva talghandelen fekk å seie for enkelte handelskarar. Vi får eit glimt av handelsaktivitetane gjennom tingbøkene og vi kan skimta forteneista ved å gå igjennom dødsbuskifte. Eg har også nytta meg av opplysningar som er å finne i bygdebøkene til Olav Kolltveit for Odda, Ullensvang og Kinsarvik.

I motsetning til dei originale tingbøkene og kjeldematerialet frå Kongsberg Sølvverk, er Olav Kolltveit si bygdeboksoge for Odda, Ullensvang og Kinsarvik ei sekundærkjelde.

Bygdebokskrivaren har bearbeidd kjelder frå 16- og 1700- talet, særleg kyrkjebøker, tingbøker og skifteprotokollar. Kolltveit har sett opplysningane frå desse kjeldene saman til forteljingar om personar og slekter. Bygdebøker har ofte eit rykte på seg for å innehalde mykje feil og unøyaktigheiter. Kolltveit sine bygdebøker er derimot overraskande gode og har eit godt rykte på seg mellom slektsgranskarar og arkivarar. Desse bøkene har kome godt med når eg har prøvd å finne ut meir ut om enkelte talghandlarar. Informasjon om kvar talghandlaren kom ifrå, når han overtok garden, kven han gifta seg med, kor mange born han fekk og liknande har vore viktig informasjon for å kunne forstå livet hans. Av og til følgjer det også med noen historier om hendingar frå livet hans som Kolltveit har henta frå forteljarar i lokalmiljøet. Langs Sørfjorden er det ein sterk forteljartradisjon fram til i dag. Sjølv om Kolltveit ikkje alltid opplyser om kjeldeopphavet til forteljingane i bygdesoga, er det likevel

¹¹⁵ Berg 1982:10.

grunn til å tru at fleire av desse er pålitelege. Truleg har fleire av historiene følgt generasjonane gjennom tidene.

Det finst likevel viktige opplysningar, mellom anna om handel og formue, som ikkje alltid er å finna i bygdebøkene. Slike opplysningar må eg gå til originalkjeldene som tingbøker og skifteprotokollane for å finne. Tingbøkene, også kalla rettsprotokollane frå bygdetinga, er ei historisk kjelde som kan gje oss eit innblikk i kva som vart sett på som viktige saker på det aktuelle tidspunktet dei vart skriven. Frå 1600-talet av vart bøkene tatt i bruk både i by og bygd. Alle saker som var oppe på tinget vart førte inn i tingbøkene av sorenskrivaren.¹¹⁶ Sakene i tingbøkene omtalar både det som i dag vil kallast straffesaker og sivile tvistesaker. Når det gjeld handel vil det oftast dreie seg som tvistar om betaling eller uhell på veg over fjellet. Desse kjeldene har innimellom vore nyttige for meg når eg har arbeidd med prosjektet mitt. Dei har hjelpe meg med å få eit innblikk i korleis handelen føregjekk og somme stunder alvorret av handelen. Som inngang til tingbøkene har eg har brukt eit register til som vart utarbeidd i arbeidet med verket *Hardanger – ei regionhistorie*.

Vidare har eg brukt skifteprotokollar, som er å finne på Statsarkivet i Bergen. Desse vart ført når eit dødsbu skulle gjerast opp. Protokollane kan gje god informasjon om kva folk eigde i huset og på garden.¹¹⁷ Her finn vi brutto- og netto eige, gjeld eller uteståande lån, sølvsaker og eventuelle pengar på kistebotnen. Dei er såleis godt eigna til å syna sosiale skilje i bondesamfunnet og har vore heilt avgjerande for å undersøkje om det bygde seg opp ein økonomisk bygdeelite blant dei som handla talg på Kongsberg.

¹¹⁶ Mykland 2005:379.

¹¹⁷ Kjelstadli, Knut (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*, s. 158. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Kap. 5 Talghandelen: rekneskapa og databasen min

Ved å gå talghandelen nærare etter i saumane kan vi få eit betre inntrykk av engasjementet hardingane la ned i denne handelen. I dette kapittelet skal vi bli betre kjende med rekneskapa, dei utfordringane eg møtte på når eg skulle identifisera hardingane som var på Kongsberg med talg og den databasen eg har laga ut ifrå informasjonen kjeldene har gitt meg.

Rekneskapa

Rekneskapan for materialhuset og bergkasserekneskapan er hovudkjeldene mine. Som vi alt veit oppgjev rekneskapa kven som leverte talg, kor mykje som vart levert, kva dato leveransane kom og kva sølvverket betalte. Nedanfor har eg laga to tabellar (Tabell 1 og Tabell 2) som viser nøyaktig kva informasjon som finst i dei ulike rekneskapa til ei kvar tid. I korte trekk informerer tabellane nedanfor kva for år rekneskapa har opplysningar om dato og månad for leveransen, namn på leverandørane, kvantumet dei leverer og om vi får vite noe om betaling for talgen.

Opplysningane om namna på talgleverandørane og kor mykje talg den enkelte leverte, er i rekneskapa førte inn på to ulike måtar. Stundom er namna på alle som leverte talg på materialhuset førte opp. Andre gongar nyttar skrivarane seg av samlebeskrivingar som «med følgje», «med fleire», «med interesserte» eller «consortes». «Consortes» stammar frå latin og tydar «andre slike».¹¹⁸ Det vil seie at det var fleire som leverte talg saman, men at leveransen vart registrert under eitt namn. Dette har skapt utfordringar under identifiseringsarbeidet, noe eg kjem tilbake til lenger nede. Difor er det i tabellane ei kolonne som viser kva for år det i rekneskapa er skriven ned «Namn på alle» og ei kolonne som viser kva for år «Namn med følgje» er nytta.

Tabellane informerer også om rekneskapa seier noe om kor mykje talg som vart levert kvart år på materialhuset. Denne kategorien er kalla «kvantum totalt». Vidare har eg lagd ei kolonne kalla «Kvantum, med følgje», som gjer oss opplysningar om rekneskapa informerer om kor mykje «følgjet» leverte i den aktuelle tidsperioden.

Dersom det står «Ja» i rubrikken vil rekneskapa, i den aktuelle perioden, innehalde informasjon om ein av desse kategoriane. I motsett fall står det «Nei». Når det står «-», betyr det at det ikkje eksisterer rekneskap for desse åra.

¹¹⁸ Et consortes. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 16. februar 2015 https://snl.no/et_consortes

Tabell 1: Oversikt over opplysninger om talgleveransar i rekneskapen til materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.

År	Dato	Månad	Namn på alle	Namn med følgje	Kvantum total	Kvantum, med følgje	Betaling
1694-1697	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1698-1700	-	-	-	-	-	-	-
1701	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1702	-	-	-	-	-	-	-
1703-1707	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1708	-	-	-	-	-	-	-
1709	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1710	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1711-1713	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1714-1724	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1725	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1726-1728	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1729-1732	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1733	-	-	-	-	-	-	-
1734	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1735-1736	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1737-1739	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1740-1744	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1745-1752	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1753	-	-	-	-	-	-	-
1754-1755	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Nei	Nei
1756	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1757	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1758-1759	-	-	-	-	-	-	-
1760-1780	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1781-1790	-	-	-	-	-	-	-
1791-1792	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1793	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1794	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1795	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1796	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Nei
1797-1801	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1802	-	-	-	-	-	-	-
1803-1806	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
1807	-	-	-	-	-	-	-
1808-1815	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815.

Styrken med å nytte rekneskapsbøkene for materialhuset er omfanget. Bøkene strekkjer seg frå 1694 til 1815. Innimellom denne perioden manglar det i alt berre 21 år. Det gjeld åra 1698, 1699, 1700, 1702, 1708, 1733, 1753, 1758, 1759, 1781-1790, 1802 og 1807. Det vil seie at rekneskapsbøkene gjev meg 100 år med viktige opplysningar. Svakheita er at det ofte vert nytta beskrivingar som «med følgje», «consortes» og liknande. Det betyr at vi ikkje vil få tak i alle som var på materialhuset med talg. Dette er tilfelle i 58 av dei 100 åra. Dette har skapt utfordringar under identifiseringsprosessen, noe eg kjem tilbake til seinare i dette kapitlet. Ei anna svakheit med rekneskapsbøkene for materialhuset er at dei heller ikkje seier noe om kor mykje talghandlarane fekk i betaling for talgleveransane. Det gjer derimot bergkasserekneskapen.

Tabell 2: Oversikt over opplysningar om talgleveransar i bergkasserekneskapen til Kongsberg Sølvverk 1694-1812.

År	Dato	Månad	Namn på alle	Namn med følgje	Kvantum total	Kvantum, med følgje	Betaling
1694-1698	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1699-1700	-	-	-	-	-	-	-
1701	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1702-1703	-	-	-	-	-	-	-
1704-1705	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1706-1712	-	-	-	-	-	-	-
1713-1715	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1716	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1717	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1718-1721	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1722	-	-	-	-	-	-	-
1723-1724	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1725	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1726-1728	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1729-1746	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1747	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1748-1752	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1753	-	-	-	-	-	-	-
1754-1755	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1756	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1757	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1758-1759	-	-	-	-	-	-	-
1760-1761	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
1762-1798	-	-	-	-	-	-	-
1799	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
1800-1808	-	-	-	-	-	-	-
1809-1812	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper DjB L0001-DjB L0062, 1694-1812.

Svakheita med bergkasserekneskapen er at den har store lakuner. Bøkene tek til i 1694 og sluttar i 1812, men innimellom manglar det i alt 61 år. Dei er 1699, 1700, 1702, 1703, 1706-1712, 1722, 1753, 1758, 1759, 1762-1798 og 1800-1808. Med andre ord har eg berre 55 år med kjeldemateriale som baserer seg på bergkasserekneskapsbøker. Styrken ved dette kjeldematerialet er at det oftast vart notert ned namnet på dei som stod for talgleveransane. Av dei 55 åra det eksisterer rekneskapsbøker av denne sorten, er det berre 16 år der «med følgje», eller andre samlebeskrivingar, vart nytta. Det vil seie at bergkasserekneskapsbøkene var til

god hjelp under arbeidet med å identifisere talghandlerane. Ei anna sterk side er at bøkene opplyser om kor mykje leverandørane fekk i betaling for talgen. Dette har vore nytting for meg i arbeidet med å forstå den økonomiske sida ved talghandelen.

Likskapar og skilnadar

Rekneskapen for materialhuset og bergkasserekneskapen dekkjer omtrent same tidsperiode, høvesvis 1694-1815 og 1694-1816. Som vist finst det store lakuner i begge seriane, men svært ofte er den eine rekneskapen tatt vare på når den andre manglar. Slik utfyller dei to seriane kvarandre til ein viss grad, men for åra 1699, 1700, 1702, 1708, 1753, 1758, 1759, 1781-1790, 1802, og 1807 finst det ikkje oppgåver i noen av arkivseriane. Kor mykje talg som vart levert, anten av kvar person eller ein person med reisefølge, er også notert ned i begge rekneskapa.

Begge rekneskapa inneheld informasjon om kva tid på året talgleveransane kom, likevel er det noe ulik praksis i korleis dette vart skriven ned. I rekneskapen til materialhuset noterte rekneskapsførarane kva dato og månad talgleverandørane kom på fram til midten av 1740-talet. Etter dette vart berre månadar skriven ned. I bergkasserekneskapen var dette vanleg praksis.

Rekneskapa nyttar seg av to ulike måleiningar når dei oppgjev kor mykje talg som vart levert til sølvverket på materialhuset. Rekneskapsbøkene for materialhuset nyttar måleininga *skålpund*.¹¹⁹ Bergkasserekneskapen på si side brukar både *skålpund* og *bismerpund* om ein annan.¹²⁰ Den største skilnaden mellom rekneskapsbøkene for materialhuset og bergkasserekneskapsbøkene er likevel at det i den sistnemnde også er oppført kor mykje talghandlerane fekk betalt for leveransane sine. Her står det kor mange riksdalar og/eller skilling ein skulle få betalt for kvar bismerpund med talg ein leverte. Det er også notert kor mange riksdalar sølvverket måtte ut med totalt kvart år for talgleveransane. I materialhuset sine rekneskapsbøker finn ein ikkje noen informasjon om betaling.

Ei anna viktig skilnad mellom dei to kjeldene at bergkasserekneskapen har meir nøyaktige opplysningar om kven som leverte talgen. Dette har gjort identifiseringsarbeidet enklare. Sidan denne arkivserien sjeldnare nyttar seg av samleiningar som til dømes «med følge», betyr det at fleire namn vart skriven ned. Dette gir eit betre innsyn i kor omfattande

¹¹⁹ På 1700-talet svara 1 skålpund til 0,489 kg.

Skålpund. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 5. mars 2015 <https://snl.no/sk%C3%A5lpund>

¹²⁰ På 1700-talet svara 1 bismerpund til 5,98 kg.

Bismerpund. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 5. mars 2015 <https://snl.no/bismerpund>

talghandelen kan ha vore, og kor delaktige hardingane var. Det er likevel verd å nemne at dei 16 åra der bergkasserekneskapen nyttar seg av samlebeskrivingar, nyttar rekneskapen for materialhuset også det.

Identifisering av dei som leverte talg

Å identifisere talghandlarane har vore heilt naudsynt for å kunne svare på problemstillingane i denne oppgåva. Det hjelper lite å finne ut kor mykje talg som vart levert og betalinga for dette, dersom ein ikkje veit kven leverandøren var og kvar han kom ifrå. Ved å få fatt på namna til leverandørane vil ein kunne sjå omfanget av talghandelen frå Hardanger. Arbeidet med å identifisere kven som leverte talg til sølvverket har vore vanskeleg og særstidkrevjande. Det første steget var å skilje folk frå Hardanger på den eine sida, ifrå bønder frå nærområda kring Kongsberg og kjøpmenn frå Kristiania, Bragernes og Strømsø, det som i dag er Drammen, på den andre sida. Dette arbeidet bydde på fleire utfordringar.

Utfordring 1: førenamn, farsnamn og gardsnamn

Nøkkelen for å kunne greie å identifisere talghandlarane var namnet deira. Dei lettaste å identifisera var kjøpmennene frå Drammensområdet, som oftast hadde namn med dansk eller tysk opphav. Rekneskapsførarane hadde tydeleg ulik praksis når dei førte ned namna på dei som leverte talg, dette gjaldt både for rekneskapen til materialhuset og bergkasserekneskapen. Somme stunder vart førenamn og gardsnamn nedteikna. Andre gongar førenamn, farsnamn og gardsnamn, eller berre førenamn og farsnamn. I dei situasjonane der sistnemnde var tilfelle, var det vanskeleg å seie sikkert om personen kom frå Hardanger eller frå eit anna område. Eit døme på dette kan vere Sjur Olsen. Ut ifrå denne informasjonen åleine vil det ikkje vere mogleg for meg å seie sikkert om han kom frå Hardanger. I dei tilfella der gardsnamn var påført, vart det enklare å lokalisere hardangernamn. Dersom det stod skriven Sjur Olsen Børve, vart det lettare å fastslå med sikkerheit at denne Sjur kom frå Børve i Ullensvang.

Informasjonen i rekneskapa kan gje oss eit bilete av kor mange hardingar som tok turen over vidda. I Sjur Olsen sitt tilfelle kunne eg ikkje vere sikker på om han kom frå Hardanger, men dersom han var ført inn i rekneskapen på same tid som andre frå dette området kunne det godt vere at han kom frå vestsida av vidda. Det vart etter kvart klart for meg at det ikkje var mogleg å identifisere absolutt alle som kom frå Hardanger. Eg bestemte meg då for å dele desse talgleverandørane inn i tre ulike kategoriar. Desse kategoriane har fått namna «Austlendingar», som er kjøpmenn og bønder frå områda rundt Drammen og Kristiania, «Sikre hardingar» og «Moglege hardingar». Eg har ikkje funne spor etter leverandørar frå

andre område, heller ikkje frå Ryfylke, eit område som skal ha levert ein del talg fram til første tiåret på 1700-talet (sjå ovanfor).¹²¹

Talgleverandøren Sjur Olsen Børve vart plassert i kategorien «sikre hardingar», medan Sjur Olsen fekk plass i kategorien «moglege hardingar». For Sjur Olsen sitt vedkommande var det utslagsgivande at han ikkje hadde eit gardsnamn knytt til Hardanger. For å bli rekna som «mogleg harding» må leverandøren også ha vore på materialhuset i løpet av sommaren, eller hausten. I tillegg til dette måtte han stå i lag med andre som bar hardangernamn. Det er då grunn til å tru at dei kom i same reisefølgje – og særskild viss dei leverte talg på same dato.

Somme gonger kan førenamn og farsnamn vere til stor hjelp. Det er lange tradisjonar den dag i dag at busette langs Sjørfjorden kallar borna opp etter slektningar. Difor går ofte mange namn som kan karakteriserast som «typiske hardangernamn», igjen både som førenamn og farsnamn. Dømer på dette er: Sjur og Sjurssen, Torstein og Torsteinssen, Greip og Greipsson, Halldor og Halldorsson. Dersom ein talgleverandør utan gardsnamn, men med eit «typisk hardangernamn», møtte opp i løpet av summer- eller haustmånadane og stod oppført mellom mange andre som kom frå Hardanger, kan han etter mitt skjønn reknast som «moglege harding». Det er viktig å presisere at eg ikkje kjem til å bruke desse opplysningane om «moglege hardingar» anna enn til å gjera det sannsynleg at det truleg var fleire hardingar som leverte enn dei vi med sikkerheit kan fastslå møtte fram på materialhuset med talg.

Utfordring 2: Med fleire, med følgje med, interesserte og consortes

Det er også ein annan faktor som gjer det vanskeleg å få fatt på alle hardingane som faktisk møtte opp på materialhuset. Sjølv om eg vil nytte meg av kategoriar som «sikre hardingar» og «moglege hardingar», betyr det likevel ikkje at eg vil få fatt i alle som kom frå Hardanger. Som vist nyttar begge rekneskapa somme år beskrivingar som «med følgje», «med fleire», «med interesserte» eller «consortes», saman med namnet på ein som leverte talgen. Kvifor skrivarane valte å gjere det på denne måten veit vi ikkje. Truleg betyr det at det var fleire som møtte opp, og at éin representerte alle. Dermed må det ha vore betydeleg mange fleire hardingar som leverte talg enn dei vi får oppgitt i materialhusrekneskapan.

I tida mellom 1694 og 1732 vart bruken av «consortes», eller liknande, brukt både i rekneskapan for materialhuset og i bergkasserekneskapan. Difor har eg ikkje kunne nytta det eine rekneskapet meir enn det andre i arbeidet med å lokalisere hardingar i denne perioden. Frå midten av 1730-talet og fram til 1740 vart ikkje desse beskrivingane av reisefølgjene nytta

¹²¹ Berg 1982:281.

i det heile, verken i rekneskapan for materialhuset eller i Bergkasserekneskapan. Eg har difor gått ut ifrå at alle som levererte talg på materialhuset i denne perioden vart førte inn i begge rekneskapa.

Frå 1740 og fram til 1795 byrjar rekneskapan for materialhuset igjen å bruke «med følgje» ganske flittig. Heldigvis gjer ikkje bergkasserekneskapan det same og fortsetter med å føre ned namna på alle som leverte talg på materialhuset. I året 1744 finn eg såleis heile 54 talgleverandørar i bergkasserekneskapan, men berre 4 i rekneskapan for materialhuset. I åra 1745 og 1746 opererer rekneskapet for materialhuset med namn på høvesvis 5 og 4 leverandørar, medan bergkasserekneskapan i 1745 namngjev 88 personar og i 1746 heile 91. Dette synar kor mykje beskrivinga «med følgje» verkar inn på det totale talet som leverte talg.

Databasen

I arbeidet med begge rekneskapa samla eg alle opplysningane eg kunne hente ut i ein felles database. Eg har satt opp kva tid på året talgen vart levert. Dei åra som rekneskapsbøkene for materialhuset nytta datoføring er dette tatt med. Elles er berre månaden ført inn. I den neste rubrikken har eg notert namnet på den som leverte talgen, deretter kor mykje talg som vart levert og til sist kva vedkommande fekk i betaling. I tillegg til dette har eg også laga ein eigen rubrikk som fortel kvar i Hardanger talgleverandøren kom ifrå, basert på gardsnamnet i rekneskapan. Tabellen (3) nedanfor er eit utdrag av korleis databasen min ser ut.

Tabell 3: Utdrag frå database frå året 1744.

År	Dato	Mnd	Føre-namn	Fars-namn	Gardsnamn/ Familienamn	m/ følgje	Vekt skål- pund	Riksdalar og skilling	Gard	Sokn
1744	-	2	Johan	-	Gotfrid Pribst	Nei	6363	530rd 24sk	?	?
1744	-	7	Lars	-	Helland	Nei	1184	98rd 64sk	Helleand	Ullensvang
1744	-	7	Erick	-	Lofthus	Nei	95	7rd 88sk	Lofthus	Ullensvang
1744	-	7	Swend	-	Oppedahl	Nei	425	37rd 64sk	Opedal	Ullensvang

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0044, 1744. Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregneskaper Djib L0042, 1744.

I arbeidet med databasen har eg brukt rekneskapa om ein annan til å dobbeltsjekke opplysningane i dei kjeldene eg var usikker på, og for å vere sikker på at eg har forstått kjeldene rett. Dømer på dette kan vere vanskeleg skrift, tilleggsopplysningar om talgleverandørar, som til dømes eit ekstra namn, eller om leveransen ikkje stemmer overeins

med namn og dato. Nedanfor vil eg gå nærare inn på noen av dei problema eg har møtt i dette arbeidet.

Dato, månad og år

Det var naturleg at dei tilreisande langs Sørfjorden og områda rundt, møtte fram på markandane som vart haldne i juli og oktober, då vêr og føre elles må ha gjort det vanskeleg å ta seg over på vidda. Difor er det datoar rundt desse månadane det er vanleg å finne hardangernamn i rekneskapa. Likevel hender det at rekneskapa visar til datoar ein skulle tru hardingane ikkje hadde mogelegheit til å levere talg på. Eit døme på dette er i bergkasserekneskapan frå 1727. Her står det at hardingen Tollef Kråkevik med følge leverte ca. 632 bismerpund, eller rundt 3,8 tonn talg, på materialhuset i den 3. bergverksmånad. ¹²² Det vil seie at Tollef og reisefølgjet hans var på Kongsberg i mars eller april. Dette stemmer ikkje overeins med det vi veit om når hardingane kunne ta seg over vidda med kløvhestar. I arbeidet med databasane måtte eg difor sjå om opplysningane i rekneskapsbøkene til materialhuset kunne hjelpe meg. I dette rekneskapet stod det at Tollef Kråkevik og følgjet hans leverte same mengde med talg på materialhuset den 30. juli 1727. ¹²³ Dette tydar på at bergverksmånadane ikkje alltid følgjer kalenderåret. Eg har i dette og liknande tilfellevalt å stole på at informasjonen som rekneskapan for materialhuset er korrekt.

Talgleverandørane

I begge rekneskapa var det vanleg å notere ned kven som leverte talg på materialhuset. Denne delen av kjeldarbeidet var særskilt viktig å få rett då identifiseringa av talgleverandørane kan hjelpe meg med å sjå kor mange frå Hardanger som leverte talg, kor mykje dei leverte og kor mykje dei fekk betalt for strevet. Her har det også kome godt med å ha to rekneskap å forholde seg til. Av og til var det ikkje like enkelt å tyde det som stod i rekneskapa. Dette var det fleire årsaker til, som til dømes vanskeleg handskrift, usystematisk føring, dårleg bevarte kjelder og liknande. Der det var mogleg, dobbelsjekka eg difor dei namna eg var usikker på. Sidan rekneskapan for materialhuset og bergkasserekneskapan nyttar seg av omgrep som «med følge» og «consortes», ¹²⁴ vil det seie at talet på talgleverandørar i røynda er mykje høgare enn det rekneskapa kan gje inntrykk av. Det vert då namnet på den eine personen som vart nedskriven som kan brukast til å avgjere om dette følgjet kom frå Hardanger eller ikkje.

¹²² Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, DjB L0023, 1727.

¹²³ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0028, 1727.

¹²⁴ Sjå tabell 1 og 2 ovanfor for informasjon om kva for år desse beskrivingane vart nytta i dei ulike rekneskapa.

Talgleveransane og betalinga

Sidan dei to rekneskapa som nemnt nyttar ulike måleiningar har eg valt å gjere alle oppgåvene i bismerpund om til skålpund då det er denne måleininga som vert nytta flest gonger. Berre bergkasserekneskapen gir informasjon om betaling for talgen. Den samla summen som sølvverket måtte ut med er også skriven ned i desse rekneskapsbøkene. Betalinga varierte, men vanlegvis låg den på ca. 1 riksdalar per bismerpund, enkelte år litt mindre, andre gongar litt meir. Dersom talgleveransane var frivillige, vil kunnskap om betaling for arbeidet vere ekstra viktig. Dette kan vere med på å forklare kvifor dei engasjerte seg i handelen som dei gjorde.

Kap. 6 Omfanget av talghandelen

I den tida sølvverket var i drift, 1623-1958, gjekk det igjennom fleire oppturar og nedturar. Tida frå midten av 1600-talet og fram til 1680-talet var ein periode med dårlig administrativt arbeid og fleire eigarskifter, noe som førte til indre stridar i sølvverket si leing. Det hjelpte heller ikkje at sølvtilgangen svikta og at arbeidarane ikkje fekk løn.¹²⁵ Eg har ikkje gått igjennom rekneskapa frå denne perioden. Eg kan difor ikkje seie noe generelt om kven talgleverandørane var og kor mykje talg sølvverket kjøpte før 1694. På slutten av 1600-talet og inn på 1700-talet greidde sølvverket å snu den negative utviklinga, der verket gjekk igjennom ein stor moderniseringsprosess og vart redda frå nedlegging.¹²⁶

Sølvverket var no inne i ein god periode der verket vart utvikla på forskjellige frontar. Det vart gjennomført forbetringar innan dam- og rennesystemet og sikrare krutsprenning, gruvene vart drivne mot djupet og maskiner vart betre ivaretatt. Frå 1720-talet vart det funne fleire sølvførande gangar. På same tid fekk Kongsberg Sølvverk utvida både arbeids- og skogcirkumferensen for å halde tritt med den sterke ekspansjonen som verket var inni.¹²⁷ Alle desse forbetringane gav gode tilskot til statskassa, som kom godt med då staten var innvikla i Den store nordiske krig. I tider der sølvverket gjekk i mindre underskot, gav dette store økonomiske utfordringar for staten. Til saman bidrog Kongsberg Sølvverk med ca. 317 000 riksdalar til krigføringa.¹²⁸

Dei gode tidene skulle ikkje vare. Frå midten av 1720-talet gjekk sølvverket gjennom ei uventa krisetid der utvinninga av sølv svikta. Det hjelpte heller ikkje at det framleis var mykje indre strid i leinga og dårleg administrativt arbeid. Underskotsperioden skulle vare heilt fram til 1732.¹²⁹ Etter kvart snudde den negative trenden igjen. Nye leiarar vart satt inn, rutinar vart stramma opp og sølvverket gjekk no inn i det som Odd Arne Helleberg har valt å kalle for «høyglansperioden».¹³⁰ Rundt 1770-talet hadde verket opp til 4200 arbeidarar.¹³¹

På dette tidspunktet vart det klart at verket var igjen på veg inn i ei ny krise. Dei starta difor med nye moderniseringsprosessar og skar ned i bemanninga.¹³² Sjølv om sølvproduksjonen ikkje var dårleg på denne tida, gjekk likevel verket i underskot. Utover 1780-talt auka

¹²⁵ Helleberg 2010: 96-98.

¹²⁶ Helleberg 2010:114-115 og 119.

¹²⁷ Helleberg 2010:136 og 138.

¹²⁸ Helleberg 2010: 134-139.

¹²⁹ Helleberg 2010:152.

¹³⁰ Helleberg 2010:172.

¹³¹ Dyrvik 2011:124.

¹³² Berg 1993: 7.

underskotet og løysinga vart igjen nye leiarar inn.¹³³ Staten byrja å sjå seg lei på stadige underskot. Forklaringane på kvifor verket gjekk så dårleg i denne perioden er mange, men hovudårsaka skal vere manglande satsing på drift mot djupet.¹³⁴ I 1805 stoppa nærast all drift og verket var så godt som nedlagt. I noen få gruver gjekk drifta fortsatt, men i liten skala.¹³⁵ I 1816 vart gruedrifta starta opp igjen under ein ivrig ny, norsk stat.¹³⁶ Her sluttar også rekneskapa som eg har nytta som kjeldemateriale.

Konjunkturane til sølvverket påverka truleg talghandelen. Dette er ein av faktorane som er viktig å ta omsyn til når vi no skal sjå nærare på kor mykje talg som vart levert. Kor mange var det som leverte talg til sølvverket? Kva fekk dei i betaling og kor kom dei ifrå? Omfanget av talghandelen vil kunne seie noe om innsatsen bak turane over Hardangervidda og kva det var som motiverte dei til å drive med denne handelen. Identifiseringa av talgleverandørane frå Hardanger seier noe om involveringa, utstrekning og variasjonar over år.

Nedanfor har eg laga tre figurar som visar i kva grad hardingane deltok i talghandelen. Den første figuren (fig. 1) visar kor mykje talg som vart levert på materialhuset kvart år av austlendingar og folk frå vestsida av Hardangervidda. Den neste figuren (fig. 2) visar kor mange som leverte talg kvart år og den siste (fig. 3) visar kor mykje leverandørane frå aust og vest fekk i betaling for talgen. Figurane er alle delte inn i tre kategoriar: «Austlendingar», «Sikre hardingar» og «Moglege hardingar». I kategorien «austlendingar» har eg slått saman dei som leverte talg frå nærområda rundt Kongsberg og kjøpmenn frå Kristiania og Drammen. Dernest følgjer oversikten over kor mykje talg som vi med sikkerheit veit kom frå Hardanger, altså «sikre hardingar». Den siste kategorien, «moglege hardingar», gjev oss eit innblikk i kor omfattande talghandelen med Hardanger kan ha vore. I figurane utgjer søyla «moglege hardingar»: «sikre hardingar» pluss dei som truleg, men som ein ikkje veit heilt sikkert, kom frå Hardanger.

Når eg no tek fatt på å forklare endringane i talghandelen ut i frå figurane, fann eg ut at det var mest hensiktsmessig å dele perioden som rekneskapa til sølvverket strekkjer seg over, 1694-1815, i fire delar. Denne inndelinga har eg nytta for å forklare kor mykje talg som vart levert og kor mange leveransar med talg sølvverket tok imot. Den første perioden strekkjer seg frå 1694 til 1713. Den er delt inn slik fordi eg i løpet av desse åra ikkje finn noen

¹³³ Helleberg 2010:211.

¹³⁴ Helleberg 2010:242-244.


¹³⁵ Helleberg 2010:268.

¹³⁶ Helleberg 2010:283.

hardingar i noen av rekneskapa. Den neste perioden går frå 1714 til 1732. Her startar leverandørane frå vest å ta del i talghandelen. Deretter kjem det ein litt lenger periodeinndeling som går frå 1733 til 1794. Det er i denne perioden hardingane for alvor merka seg ut som viktige talgleverandørar. Til sist er det åra frå 1795 til 1815. Etter 1795, då gruveaktiviteten til sølvverket minskja, er det ingen namn frå Hardanger å finne i rekneskapa. Dei ulike sidene ved talghandelen vil, med utgangspunkt i figurane, i dei neste avsnitta altså bli presenterte etter desse fire inndelingane.

Kor mykje talg kom frå aust og kor mykje kom frå vest?

Figur 1 nedanfor viser kor stor del av talgen som kom frå Hardanger og kor stor del som kom frå Austlandet. Kanskje konjunkturane til sølvverket vil vise igjen i talgleveransane og korleis dei «sikre hardingar» og «moglege hardingar» utnytta desse svingingane.



Figur 1. Talg levert på materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.¹³⁷

¹³⁷ Figur 1: Informasjonen i denne figuren er basert på rekneskapan til materialhuset 1694-1815 og bergkasserekneskapan 1694-1812. Sidan åra 1699, 1700, 1702, 1708, 1753, 1758, 1759, 1781-1790, 1802 og 1807 er gått tapt hos begge rekneskapa, vil desse åra berre synast som opphald i figuren. Åra 1698 og 1733 er det berre henta informasjon frå bergkasserekneskapan då dei ikkje eksisterer i rekneskapan for materialhuset. Åra 1703, 1707, 1709, 1710, 1711, 1712, 1762-1780, 1791-1797, 1800, 1801, 1803-1806 og 1813-1816 består berre informasjon frå rekneskapan for materialhuset sidan desse åra ikkje er å finne blant bergkasserekneskapan. Dei resterande åra som er å finne i figuren er ein samansetning av informasjon frå begge rekneskapa. Sjå vedlegg 1 for meir informasjon. Her finn ein også informasjon om kor mykje talg som vart levert totalt.

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815. Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, Djb L0001- Djb L0062, 1694-1812.

Kor mykje talg kjøpte så sølvverket i løpet av dei åra som rekneskapa strekk seg over? Totalt mottok sølvverket 3312746 skålpund talg frå og med 1694 til og med 1815. Det tilsvarer ca. 1656 tonn talg på desse 100 rekneskapsåra ein har tilgjengeleg. Av dette igjen kom ca. 923 tonn talg frå kjøpmenn og bønder frå områda rundt Drammen og Kristiania. Over same periode kjøpte sølvverket ca. 700 tonn med talg frå bønder som eg har greidd å identifisera til Hardanger. Dette utgjer ein leveringsprosent på 43%. Tek ein med dei meir usikre hardingane kan talgleveransane frå Hardanger til sølvverket ha vore oppe i 733 tonn i denne perioden. Då ville leveringsprosenten ha vore oppe i 45%.

Hardingane leverte talg under heilt andre forhold enn austlendingane. Det var inga smal sak å få frakta talgen over vidda. Berre turen i seg sjølv var ei ca. 60 mil lang utfordring. Dette tyder på at hardingane engasjerte seg sterkt i talghandelen. Dei leverte nesten opp mot halvparten av all talgen som sølvverket kjøpte i tida mellom 1694 og 1815, medrekna dei 34 åra hardingar ikkje var delaktige i talghandelen i det heile, altså mellom 1694-1713 og 1794-1815. I dei neste avsnitta vil informasjonen i figur 1 bli presentert i fire bolkar. Frå 1649 til 1713 dominerer kjøpmenn frå Austlandet. Frå 1714 melder hardingane seg på og frå 1734 dominerer dei tilførslane av talg dei fleste åra vi har opplysningar. Så forsvinn dei frå 1795. I kvar av desse fire bolkaner vil eg leggja vekt på å få fram kor mykje talg som kom frå aust og kor mykje som kom frå vest.

Kjøpmenn og bønder frå Austlandet, 1694-1713

Frå og med 1694 til og med 1713 vart det ikkje levert noe talg frå Hardanger. Talgen sølvverket trong kom på denne tida frå bønder og kjøpmenn i aust, nærare bestemt områda i og kring Drammen, Kongsberg og Kristiania.¹³⁸ I løpet av desse 16 åra visar rekneskapa at sølvverket mottok ca. 232 tonn frå austlendingane. Leveransane varierte noe frå år til år, men i snitt vart det levert ca. 14,5 tonn med talg kvart år. På det meste vart det levert ca. 34 tonn i 1705, og på det minste vart det i 1710 berre levert 3,6 tonn med talg.

Hardingane melder seg på, 1714-1732

Parallelt med den positive utviklinga og ekspansjonen av sølvverket, kan ein sjå av tabellen at behovet for talg også auka i denne perioden. I løpet av desse 19 åra vart det levert 731711

¹³⁸ Dette kjem eg nærare inn på seinare i oppgåva.

skålpund, eller 366 tonn talg på materialhuset til sølvverket. Dette er 151 tonn meir enn samanlikna med det som vart levert i førre periode. Dette svarar til ei gjennomsnitt på over 19 tonn talg som vart levert kvart år. I denne perioden varierte også leveransane frå år til år. I 1724 vart det levert 34 tonn medan det i 1729 berre vart levert 2,9 tonn. Frå 1714 av finn ein dei første spora av talgleveransar frå Hardanger. Det var likevel austlendingane som fortsette å dominere talghandelen heilt fram til 1732, og dei leverte talg til sølvverket i omtrent same mengd som før. Mellom 1714 og 1732 leverte austlendingane ca. 296 tonn talg på materialhuset. Det svarar til ca. 15,6 tonn i gjennomsnitt kvart år i denne perioden.

Til samanlikning leverte hardingane i same periode nesten 50 tonn med talg, som utgjer eit snitt på ca. 2,6 tonn kvart år i løpet av desse 19 åra. Det vil seie at hardingane leverte i gjennomsnitt 12% av all talgen som vart kjøpt av sølvverket desse åra. Denne prosenten kan vere høgare dersom ein tek omsyn til dei som truleg var hardingar, men som eg ikkje har kunna seie med sikkerheit kom frå områda langs Sørfjorden. Tek ein desse med i reknestykket er leveringsprosenten 15%. Det vil seie at hardingane kan ha levert så mye som nesten 70 tonn talg frå og med 1714 til og med 1732. Gjennomsnittsliveringa vil då vere 3,7 tonn talg. Endå om hardingane no var etablerte leverandørar, kom det altså betydeleg mindre talg frå vest samanlikna med kor mykje talg som kom frå aust i denne perioden. Sølvverket kjøpte likevel meir talg no samanlikna med den førre perioden, og dette heng truleg saman med den positive utviklinga sølvverket gjekk gjennom.

Oppgangstidene til sølvverket skulle likevel ikkje vare. Som ein kan sjå av figur 1 gjer nedgangsperioden til sølvverket på midten av 1720-talet, utslag på talgleveransane i tidsrommet 1729-1732. I desse åra er det ingen frå Hardanger som leverer talg, og berre ein leverandør frå Austlandet kvart år, men denne trenden skulle etter kvart snu.

Hardingane tek hand om talghandelen, 1733-1794

«Høgglansperioden» til sølvverket kunne også merkast på talghandelen. Frå 1733 og mot slutten av 1700-talet skjedde det store endringar i talghandelen samanlikna med det som til no hadde vore tendensen. Leveransane frå aust minka, medan det frå vest kom fleire og fleire hestar med kløv med talg over vidda kvart år. Hardingar stod for ein betydeleg del av forsyningane med talg til sølvverket heilt fram til 1794, som er den siste registrerte leveransen med talg frå Hardanger. Auken i talgleveransen frå Hardanger kan ha samband med at sølvverket starta med å leggje talgbestillingane ut på auksjon for å minske utgiftene sine.¹³⁹ I

¹³⁹ Berg 1982:281.

denne perioden kjøpte sølvverket totalt 933 tonn med talg frå talghandlarane, over i alt 49 år¹⁴⁰, som svarar til eit snitt på ca. 19 tonn kvart år. Dei som stod for mesteparten av desse leveransane var bønder frå områda rundt Sørfjorden i Hardanger. I løpet av desse 49 åra leverte dei ca. 650 tonn talg, noe som svarar til 72% av talgleveransen i tida 1733-1794. I gjennomsnitt vart det levert ca. 13 tonn talg frå Hardanger kvart år. Dei resterande 28% utgjer ca. 270 tonn med talg. Desse kom frå kjøpmenn og bønder i områda rundt Drammen og Kristiania. Gjennomsnittleg vart det levert 5,5 tonn talg kvart år frå Austlandet i denne perioden.

I perioden 1733-1795 var det berre noen få namn som ikkje var mogleg å plassere i kategorien «sikre hardingar» Dette gjaldt åra 1734, 1739, 1750, 1751, 1766, 1770, 1771, 1772, 1775, 1779 og 1791. Dei fekk difor plass i kategorien «moglege hardingar». Tek ein med desse i reknestykket kom det truleg ca. 663 tonn talg frå Hardanger. Leveringsdifferansen mellom «sikre hardingar» og «moglege hardingar» er berre 13 tonn. Dette visar at det har vore enklare å identifisere talghandlarane i denne perioden. Dermed vik truleg ikkje den informasjonen eg har samla om talghandlen i denne perioden så mykje frå sanninga.

Som i dei førre periodane varierer også leveransane noe år for år. Det er likevel noen år som skil seg ut meir enn dei andre. I 1756 vart det berre levert 3,3 tonn talg og ikkje noe av dette talget kom frå Hardanger. Eg har ikkje greidd å finne ut kvifor talgleveransane svikta dette året. Ei forklaring kan vere at hardingane ikkje fekk kjøpt nok talg frå Bergen og distrikta rundt. Likevel er det då merkverdig at dei ikkje leverte noe i det heile tatt då dei i alle fall kunne selt talgen som vart framstilt frå eigen gard. Ei annan forklaring kan vere at dei, av ulike årsaker, ikkje kom seg over vidda. Ei tredje forklaring kan vere at hardingane ikkje gjekk inn ei avtale med sølvverket om å levere talg dette året. Dette er lite sannsynleg for i 1757 vart det nemleg levert heile 35,5 tonn talg. Omtrent halvparten av dette kom frå Hardanger, resten kom frå Austlandet. Det er difor grunn til å tru at sølvverket var i manko på talg då leveransane var små året før.

Same situasjon ser ein i 1768 og 1769. I 1768 vart det berre levert 7,5 tonn med talg og denne gongen kom alt frå Hardanger. Året etter vart det levert heile 47,7 tonn talg på materialhuset til sølvverket. 35,3 tonn kom frå aust, medan 12,2 tonn kom frå vest. Det er ikkje godt å seie kva som kan vere årsakene til desse svingingane. Difor kan det kanskje vere feil å kalle det for leveransesvikt då svikten ikkje berre treng å ligge direkte hos leverandørane. Faktorar som

¹⁴⁰ Til saman i denne perioden eksisterer det 49 år med rekneskap.

betalingsevne, kommunikasjon og framkommelegheit kan også vere med på å avgjera om talgen vart levert eller ikkje. Likevel kan det sjå ut som om at behovet for talg var stort hos sølvverket i denne perioden då talgetterspurnaden fordobla seg etter åra med dårlege leveransar. På 1770-talet starta sølvverket med å gå i underskot og mot slutten av same hundre år gjekk det dårlegare for sølvverket. Dette påverka også talghandelen med Hardanger.


Hardingane forsvinn, 1795-1815

Etter 1795 byrjar talgleveransane å variere kraftig i mengd. I løpet av 1795 til 1815 kjøpte sølvverket total 125,4 tonn med talg. Alt kom frå kjøpmenn og bønder frå Austlandet. Det vart i gjennomsnitt kjøpt 6,6 tonn kvart år, over dei 19 åra med tilgjengelege rekneskap. Det vil med andre ord seie at det vart levert 12,4 tonn talg mindre i året i denne perioden, samanlikna med «høgglansperioden». Leveransane frå Hardanger sluttar brått i 1795. Dei 5-6 siste åra før 1815 er det heilt tydeleg at sølvverket ikkje trong å kjøpe talg i same kvantum som tidlegare. I 1805 var verket så godt som nedlagt og det kjem ikkje som ei overrasking at talgetterspurnaden då minka.

Bruken av «consortes» og liknande har ikkje gjort noe utslag på kor mykje talg som vart levert. Talgkvantumet vil likevel vere det same sjølv om ikkje alle leverandørane er moglege å identifisere. Der denne samlebeskrivinga verkeleg får innverknad i mi analyse, er når eg no skal gå nærare inn på kor mange hardingar som faktisk *deltok* i denne handelen. Bruken av «consortes» har skapt utfordringar i arbeidet med å få fatt på omfanget av deltakinga og kor utbreitt den var i hardangerregionen.

Kor mange leverte talg til sølvverket?

Ut frå databasen har eg laga ein figur (2) over kor mange som leverte talg til sølvverket kvart år, og delt dei inn etter dei same kategoriane som over: «Austlendingar», «Sikre hardingar» og «Moglege hardingar». Somme år beskriv rekneskapsførarane medlem av ulike reisefølgjer som «med fleire». Det gjeld åra 1710, 1718-1724, 1726-1728, 1747, 1754, 1755, 1757, 1760-1766, 1780-1791, 1792, 1794 og 1796. Difor vil ikkje absolutt alle talghandlarane komme til syne i denne tabellen. Eg har nytta den mest som ein reiskap til å forstå omfanget av deltakinga i handelen frå aust og vest.



Figur 2. Tal på personar som leverer talg til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.¹⁴¹

¹⁴¹ Figur 2: Informasjonen i denne grafen er basert på rekneskapan til materialhuset 1694-1815 og bergkasserekneskapan 1694-1812. Sidan åra 1699, 1700, 1702, 1708, 1753, 1758, 1759, 1781-1790, 1802 og 1807 er gått tapt hos begge rekneskapa, vil desse åra berre synast som opphald i figuren. I åra 1698 og 1733 er det berre henta informasjon frå bergkasserekneskapan då dei ikkje eksisterer i rekneskapan for materialhuset. Åra 1703, 1707, 1709, 1710, 1711, 1712, 1762-1780, 1791-1797, 1800, 1801, 1803-1806 og 1813-1816 består berre informasjon frå rekneskapan for materialhuset sidan desse åra ikkje er å finne blant bergkasserekneskapan. Dei resterande åra som er å finne i figuren er ein samansetting av informasjon frå begge rekneskapa. Sjå vedlegg 2 for meir informasjon.

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815. Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, Djv L0001-Djb L0062, 1694-1812.

Mellom 1694 og 1815 var det i alt 2149 leveransar med talg på materialhuset til sølvverket. Dette er basert på dei 100 åra med kjeldemateriale som er tilgjengeleg. Beskrivingar som «med følgje» vart berre nytta ein gong om talghandlarane austfrå, nemleg i 1710. Difor kan vi seie at 743 leveransar med talg frå Austlandet ikkje vik langt frå sanninga om kor mange som leverte talg frå desse områda. «Med følgje» vart derimot nytta oftare i åra 1718-1724, 1726-1728, 1747, 1754, 1755, 1757, 1760-1766, 1780-1791, 1792, 1794 og 1796, og då i regelen om folk frå Hardanger. Denne samlebeskrivinga har påverka kategoriane «sikre hardingar» og «moglege hardingar». Ein må difor hugse på at sjølv om det er identifisert 1327¹⁴² leverandørar som leverte talg frå Hardanger til sølvverket i perioden 1694-1815, så er talet på leveransar truleg ein god del høgare. Det same kan seiast om dei 1406 «moglege hardingane» som leverte talg – også her kjem ikkje absolutt alle til syne grunna bruken av «med følgje». Ved å skilje aust frå vest kan eg vise kor stort engasjementet og deltakinga var i Hardanger, men først skal vi sjå på kven som leverte talg frå Austlandet.

Kjøpmenn og bønder frå Austlandet, 1694-1713

I tida 1694 til 1713 leverte totalt 213 kjøpmenn og bønder frå områda rundt Kongsberg, Drammen og Kristiania talg til sølvverket. Det vil seie i gjennomsnitt 13 talgleveransar i året. I 1706 og 1710 var det veldig få som leverte talg, høvesvis 4 og 3. I 1710 vart det levert ca. 9 tonn talg. Det er 5,5 tonn mindre det som var gjennomsnittleg vanleg å levere i denne perioden. På det meste i denne perioden var det i 1697 heile 24 stykk som leverte talg på materialhuset.

Frå 1694 og fram til 1707 var det berre to kjøpmenn som leverte talg til sølvverket. Dei heitte Jacob Ibsen og Jens Olsen.¹⁴³ Etter 1707 kom det ein heil del andre leverandørar til. Det er rimeleg å tru at også desse også var kjøpmenn, då mange vert kalla «sir» og «Hr.». Fleire har også titlar som til dømes «general», «inspector», «kiøbmand», «secereter», til og med «Fru» «Madame» og «enke» vart også brukt om dei som leverte talg. Det finst også ein «lensmann».

¹⁴² Dette talet baserer seg på informasjon om kor mange leveransar frå «sikre hardingar» som er registrert til saman. Det vil seie at dersom ein person var på materialhuset med talg fleire gongar er han blitt talt med alle desse gongane.

¹⁴³ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0001- Ddb L0010, 1694-1707.

Han kom gjerne frå bondestanden, slik dei fleste lensmenn på denne tida gjorde, men han kunne også ha drive handel.¹⁴⁴

Dei fleste kjøpmennene og bøndene i denne perioden leverte talg uansett årstid, noe som kan tyda på at vêrforholda ikkje var ei stor hindring. Dei frakta truleg leveransane fram på sledeføre frå Drammensområdet eller Kristiania. Sidan oppgåva mi tek sikte på å finne ut kva det var som motiverte hardingane til å drive med talghandelen, vil eg difor ikkje leggje noe meir arbeid i å finne ut noe om kjøpmennene som budde aust for Hardangervidda.

Hardingane meldar seg på, 1714-1732

Som eg har vist leverte kjøpmenn og bønder frå Austlandet mesteparten av talgkvantumet heilt fram til midten av 1730-talet, men frå 1714 av finn vi namn som er karakteristiske for gardar i Hardanger. I motsetning til leveransane frå Austlandet står desse alltid oppførte i rekneskapa i sommar- eller haustmånadane. Frå og med 1714 til og med 1732 var det totalt 416 personar som leverte talg på materialhuset til sølvverket. 271 av desse kom frå Austlandet. I same periode har eg registrert 81 menn som eg er heilt sikker på kom frå Hardanger. Tek ein med dei eg ikkje er heilt sikker på, er talet oppe i 145. Den store skilnaden mellom «sikre» og «moglege hardingar» visar at det ikkje har vore enkelt å plassere alle talgleverandørane. I denne perioden vart også «med følgje» nytta i åra 1718-1724 og 1726-1728. Dermed kan ein trekkje den konklusjonen at det var ganske mange fleire leverandørar som var på materialhuset med talg i perioden 1714-1732 enn dei eg har registrert som «sikre hardingar».

Dei første vi med sikkerheit kan seie kom frå Hardanger dukka opp på sølvverket så tidleg som 1714.¹⁴⁵ Dette var Sjur Sekse og Sven Christensen. Sekse er eit gardsnamn frå Ullensvang. Sjølv om Sven ikkje var registrert med eit gardsnamn i rekneskapan, er det mykje som tyder på at også han kom frå ein gard langs Sørfjorden i Hardanger. Sven og Sjur står nemleg oppført i lag i rekneskapan til materialhuset med ein leveranse på 146 skålpund med talg. Dette svarar til om lag 73 kg.

Noen hardingar finn vi berre ein eller noen få gongar i rekneskapa 1714-1732. Andre hardangernamn går oftare igjen. Mellom dei er Aslak Olsen Børve, Torstein Olsen Måkestad, Per Olsen Jåstad, Thomas Jåstad, Tollef Kråkevik, Witleg/Vetle Grebsen Bleie og Lars Olsen Helland. Fleire av desse leverte store mengder talg til sølvverket. Til dømes leverte Aslak

¹⁴⁴ Myking 2015:283.284.

¹⁴⁵ Riksarkivert, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0015, 1714.

Olsen Børve og følgje hans nesten 10 tonn med talg til sølvverket i løpet av desse 15 åra. Seinare i oppgåva skal vi bli betre kjende med noen av desse talgleverandørane.

Hardingane tek hand om talghandelen, 1733-1794

Etter 1733 auka talet på leveransar i takt med den positive utviklinga sølvverket hadde på denne tida. Totalt i denne perioden var det 1418 personar som leverte talg. Av desse kom berre 157 frå Austlandet. Det vil seie at det i gjennomsnitt møtte 3,2 austlendingar i året, for dei 49 åra der vi har rekneskap. Til samanlikning er 1246 personar identifisert som hardingar, der gjennomsnittsoppmøtet for same periode er 25,5 personar kvart år. Dersom vi tek med tala på dei hardingane som eg ikkje med sikkerheit kan seie kom frå Hardanger, var det 1261 som møtte på materialhuset med talg. Dette svarar til eit gjennomsnittsoppmøte på 25,7 kvart år. Som ein kan sjå har det ikkje vore like vanskelig å identifisere talghandlarane frå Hardanger i denne perioden. Det er berre 15 personar eg ikkje heilt sikkert kan seie kom frå Hardanger.

Eit større problem med denne perioden er bruken av «med følgje» i begge rekneskapa. Rekneskapsførarane har nytta seg av denne samlebeskrivinga i 1747, 1754, 1755, 1757, 1760-1766, 1780-1791, 1792 og 1794, i alt 25 år til saman. Figur 2 visar at oppmøtet fell kraftig rundt 1750. Dette påverka likevel ikkje talgleveransane frå Hardanger. Leveransane held seg noelunde stabile sjølv om det tilsynelatande kan sjå ut som om at det var færre hardingar som leverte. Vi kan dermed fastslå at oppmøtet truleg var likt som i åra før, og at det er måten namna vert førte på som gjev utslaget.

Også i denne perioden er det somme som oftare dukkar opp på materialhuset med talg enn andre. Tidleg i perioden er Tollef Kråkevik, Lars Olsen Helland og Peder/Per Jåstad framleis svært aktive. Andre namn som er verdt å trekkje fram er Sven Sekse, Magnus Sekse, Erik Lofthus, Askil Skåltveit, Arnfinn Lofthus, Jacob Reisæter, Endre Litlatun, Joen Olsen Åkre, Jacob Eitrheim for nemne å noen.

Hardingane forsvinn, 1795-1815

Frå 1795 fell hardingane bort frå rekneskapa, samstundes som dei totale leveransane til sølvverket minkar dramatisk. Mellom 1795 og 1815 kom det i alt 102 leveransar med talg til sølvverket, alle frå kjøpmenn frå Drammen og Kristiania eller bønder frå Austlandet. Dette utgjer eit gjennomsnitt på 5,3 leveransar med talg kvart år i denne perioden. 1815 er det siste året det eksisterer rekneskap frå. I løpet av desse åra er det ein heil del «kiøbmen» som leverer talg. Til dømes Kiøbmand Melhuus, Kiøbmand Borup og Kiøbmand Kirkegaard, men også

Madam Borup og Secretair Gran leverer litt talg. Her kan vi sjå ei klar samanheng mellom færre leveransar og dårlege tider for sølvverket.


Kor mykje fekk dei i betaling?

Kva tente så talgleverandørane på å drive handel med sølvverket? I

bergkasserekneskapsbøkene er det skriven ned kor mykje talg som vart levert frå kvar leverandør. Deretter står det også kor mykje dei fekk i betaling for kvar bismerpund med talg. Vanlegvis var denne betalinga rundt 1 riksdalar, som svarar til 96 skilling.¹⁴⁶ I

rekneskapsbøkene får vi vite kor mykje kvar leverandør fekk for den talgen han leverte. Til slutt kjem den totale summen sølvverket måtte betale alle talghandlarane det aktuelle året.

Fram til 1762 har eg dermed ganske nøyaktig informasjon å gå ut ifrå når eg no skal vise kor mykje leverandørane frå Austlandet og Vestlandet fekk for talgen dei leverte til Kongsberg Sølvverk. Kan dette vere med på å belyse kvifor hardingane møtte så mannjamt opp på materialhuset kvart år, frå og med 1714 til 1794?



Figur 3: Betaling for talg 1694-1812.¹⁴⁷

¹⁴⁶ Skilling. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 6. mai 2015 <https://snl.no/skilling>

¹⁴⁷ Figur 3: Informasjonen i grafen over er henta frå rekneskapsbøkene til bergkassen til Kongsberg Sølvverk. Dei strekkjer seg over perioden 1694-1812, men med store lakuner. Dei åra som manglar er 1699, 1700, 1702, 1703, 1706-1712, 1722, 1753, 1758-1759, 1762-1798 og 1800-1808, til saman 61 år. Desse vil bli vist som opphald i figuren. Bergkasserekneskapsbøken for 1714 var i så dårleg stand at det ikkje var mogeleg tyde kor mykje kvar leverandør fekk i betaling for talgen, difor vil det ikkje vere noe informasjon om betaling frå dette året. Sjå vedlegg 3 for meir informasjon.

Kjelde: *Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper 1694-1812, Djv L0001-Djb L0062.*

Austlendingane

Basert på dei 55 åra figur 3 visar, betalte sølvverket leverandørane totalt 183 010 riksdalar for dei talgleveransane leverandørane kom med. Ut av dette gjekk 109 818 riksdalar til kjøpmenn og bønder frå Drammen, Kongsberg og Kristiania. Eg ønskjer å trekkje fram året 1757. Dette året får austlendingane meir utbetalt enn hardingane. Betyr dette at dei leverte meir enn vestlendingane? Ja, det gjorde dei, men langt ifrå så mykje meir enn kva forskjellen skal tilseie. Dei leverer ca. 17,9 tonn talg, og for dette fekk dei betalt ca. 4532 riksdalar. For størsteparten av desse leveransane vart det betalt 1 riksdalar og 60 skilling, og for resten av leveransane 1 riksdalar og 28 skilling. Hardingane på si side leverte ca. 17,4 tonn talg same år og fekk betalt til saman 3750 riksdalar for sine leveransar. For dette fekk dei betalt 1 riksdalar og 28 skilling for bismerpundet. Kjøpmennene leverer dermed berre 500 kg talg, som svarar til 83 bismerpund meir enn bøndene frå Hardanger. For dette fekk dei betalt 782 riksdalar meir enn hardingane. Kanskje dette kan tyde på at austlendingane tok seg betre betalt for talgen enn hardingane? Som vi skal sjå seinare var dette ein av hovudårsakane til at sølvverket starta med å handle talg med folk frå Hardanger.

Etter 1761 skal det gå mange år før ein igjen kan finne informasjon om betaling. Først i 1799 får vi nye opplysningar om dette. Dette året var det berre kjøpmenn og bønder frå Austlandet som leverte talg til sølvverket, og for dei 23,5 tonna dei leverte dette, fekk dei 8819 riksdalar i betaling. Det vert 2 riksdalar 26 shilling for kvar bismerpund med talg. Den høge prisen heng truleg saman med inflasjonen på denne tida. Sjølv om tendensen var lik i 1809, 1810 og 1811 var det ikkje store utbetalingane desse åra. På byrjinga av 1800-talet gjekk det dårleg for sølvverket og det vart kjøpt inn lagt mindre talg enn tidlegare.

Hardingane

Frå 1714 og fram til 1730-talet dominerte austlendingane talghandelen. I denne perioden var det ikkje like lett å identifisere alle namna. Difor er den grønne søyla på grafen, som viser det som «sikre» pluss «moglege hardingar» har fått utbetalt, som oftast høgare enn den raude, som viser det som «sikre hardingar» fekk betalt. I løpet av 1714 og 1732 varierer den samla utbetaling veldig, likeins var det med talgkvantumet hardingane leverte. Betalinga for kvart bismerpund med talg låg vanlegvis ein stad mellom 88 skilling, og 1 riksdalar 8 skilling i denne perioden.

1728 er det året eg har greidd å identifisere flest hardangernamn i tidsrommet 1714-1732. Hardingane leverte til saman 7,9 tonn talg. For dette fekk det betalt 1469 riksdalar. Dette utgjer ein gjennomsnittsbetaling på 112 riksdalar fordelt på dei 12 hardingane som leverte talg dette året. Tek ein omsyn til dei «moglege hardingane», vart det levert 8 tonn med talg. For dette måtte sølvverket betale 1495 riksdalar. Snittet per harding vart då 107 riksdalar per person. Det er viktig å hugse på at «med følgje» vart nytta om reisefølgjet frå Hardanger i denne perioden. Difor vil denne summen truleg bli delt mellom resten av følgjet. I 1720 og 1726 vart det levert veldig lite talg frå Hardanger og betalinga vart deretter, høvesvis 233 og 212 riksdalar.

Frå 1729 og fram til 1733 var hardingane heilt fråverande, men frå midten av 1730-talet byrja den negative oppmøtetrenden å snu. Ikkje berre overtek hardingane talghandelen, men hardingane startar også med å tene gode pengar. Talgbehovet til sølvverket hadde auka på, dermed vart meir talg levert. Med auka talgkvantum, auka også utbetalingane. Prisen per bismerpund var mykje den same som tidlegare. Alt frå og med 88 skilling, til 1 riksdalar og 28 skilling. I denne perioden var det lettare å identifisere hardingane. Difor er den raude og grønne søyla i figur 3 relativt like heilt fram til 1761.

Eg ønskjer å trekkje fram 1746. Dette året kjøpte sølvverket heile 21,7 tonn talg frå Hardanger for 4592 riksdalar. Her har eg greidd å identifisere 90 hardingar (sjå kart nedanfor, figur 6). Beskrivingar som «med følgje» er ikkje nytta. Med andre ord fekk hardingane i gjennomsnitt 51 riksdalar kvar for talgleveransane dette året. Likevel vil denne summen variere alt etter kor mykje talg som vart levert av kvar enkelt. Av dei rekneskapsåra som kan opplyse om kor mykje talgleverandørane fekk i betaling, kan det sjå ut som om at det er i 1746 dei gjorde det best.

Basert på dei 55 åra med betaling som figur 3 visar, kan vi med sikkerheit seie at hardingane fekk utbetalt 66 154 riksdalar over desse åra. Om vi deler denne summen på dei 948 hardingane som leverte talg dei åra vi har oversikt over betalingane, fekk kvar harding i snitt utbetalt ca. 70 riksdalar. Dersom vi i tillegg tek omsyn til dei «moglege hardingane» kan det ha blitt frakta ca. 69 650 riksdalar tilbake til Hardanger. Av dei 1008 «moglege hardingane» fekk kvar av dei i snitt også ca. 70 riksdalar for leveransane. Dette var langt meir enn kva eit hushald i Hardanger trong for å dekke behova dei hadde. Talghandelen gav difor gode moglegheiter til å tene godt med pengar.


Kvar i Hardanger kom dei ifrå?

Dei fleste som leverte talg frå Hardanger er oppførte, ikkje berre med førenamn og farsnamn, men også med eit gardsnamn. I løpet av perioden 1714-1794 er det registrert talgleveransar frå veldig mange gardar, særleg langs Sørfjorden. Kom så dei som leverte talgen frå eit avgrensa område, eller var dei spreidde jamt utover? Og endrar området dei kom frå seg over tid?

Opplysningane i dei følgjande avsnitta baserer seg på informasjonen om dei 1327 leveransane gjort av «sikre hardingar». Det vil seie at ein og same person er talt opp fleire gongar, dersom han leverte talg meir enn ein gong.

Folk frå noverande Ullensvang herad var dei som var mest involverte i handelen med Kongsberg Sølvverk. Dei stod for heile 81% av all talgleveranse frå Hardanger. Dernest kjem Eidfjord og Odda, med høvesvis 8 og 5 prosent. Berre 2% av leverandørane kom frå kommunane Ulvik og Granvin. Dei to siste Hardangerkommunane, Kvam og Jondal, er også representerte, men her var det så få talgleveransar i løpet av 1714-1794 at det ikkje gjer særleg utslag. Også ein av grannekommunane i Sunnhordaland, Kvinnherad, er med. I 1740 er det nemleg identifisert ein mann frå Sunde som leverte talg til sølvverket. Han dukkar ikkje opp fleire gongar enn denne.

For å få fram endringar og utvikling over tid, må vi ta omsyn til dei periodane der nemninga «med følgje» oftast vart nytta. Difor har eg laga tre figurar (nedanfor) som deler perioden 1714-1794, inn i like mange delar. I tida 1714-1732 vert ofte samlebeskrivinga nytta. Då viser figuren i hovudsak det relative tilhøvet mellom dei som stod i spissen for følget. I perioden 1733-1752 er nesten alle som leverte talg skrivne med namn utan samlebeskriving. Frå 1754 og fram til 1794 vart samlebeskrivinga teken i bruk igjen. Figurane er oppdelt etter dagens kommunegrenser, anno 2015.



Figur 4. Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1714-1732.¹⁴⁸

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0015-Ddb L0033, 1714-1732. Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper Djb L0010-Djb L0030, 1714-1732.

I den første tida det vart levert talg frå Hardanger, kom det meste av talgen frå gardane langs Sørfjorden i Ullensvang herad. Dei som leverte mest talg etter folka frå Ullensvang, var dei frå Odda som stod for 10 % av talgleveransane. Sørfjordingane gjorde det godt som hestehandlarar, og ein moglegheit kan vere at dei hadde med seg talg på hestane som dei skulle selje. Av dei 83 som møtte frå Hardanger i denne perioden, kom 4% frå Eidfjord. Eidfjordingane handla kveg med Kongsberg, og hadde difor ein markand der.¹⁴⁹ Av dei registrerte oppmøta kom 2% frå både Jondal og Kvam, medan 1% kom frå Granvin.


Dei fleste talgleveransane i denne perioden kom frå austsida av Sørfjorden. Bønder frå gardar som Sekse, Opedal, Lofthus, Børve, Skjeldås, Helleland, Bu, Åkre, Espe og Urheim er alle representerte fleire gongar. Men også gardsnamn frå vestsida av Sørfjorden synast godt igjen i rekneskapa. Der leverte folk frå gardane Aga, Måkestad, Jåstad, Bleie, Vines, Kvestad og

¹⁴⁸ Figur 4: informasjonen i figuren baserer seg på registreringa gjort av «sikre hardingar» i perioden 1714-1732. I løpet av desse åra leverte 83 registrerte hardingar talg til sølvverket. I denne perioden var samlebeskrivingar som «med følgje» nytta i åra 1716, 1717, 1718, 1719, 1720, 1721, 1722, 1723, 1724, 1726, 1727 og 1728. Året 1725 eksisterer ikkje i noen av rekneskapseseriane og kjem difor ikkje til syne i figuren. Sjå vedlegg 4 for meir informasjon.

¹⁴⁹ Kolltveit 1963:400. Bd. 1.

Kråkevik talg til sølvverket. Frå Ullensvangdelen på nordsida av Utnefjorden vart det også levert talg frå Tjoflot. I frå gardane i Odda kom det folk frå Tokheim, Eitrheim, Digranes og Isberg. Det kom også sporadiske talgleveransar frå Hereid, Lund og Tveito i Eidfjord, frå Kvanndal i Granvin, frå Underland og Aurdal i Ulvik og Gundtveit i Jondal.

1733-1752



Figur 5: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1733-1752.¹⁵⁰

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0034-Ddb L0052, 1733-1752. Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper Djb L0031-Djb L0050, 1733-1752.

Talgleveransane frå Hardanger tiltok etter 1733 og også i denne perioden kom nærast alle talgleveransane, 95%, frå Ullensvang herad. Frå austsida kom det talgleverandørar frå gardane Espe, Hovland, Sekse, Øvre Børve, Børve, Frøyenes, Århus, Lofthus, Opedal, Eidsnes, Helleland, Ernes, Lutro, Tveit, Urheim, Instanes, Ystanes, Kinsarvik, Hus, Ringøy og Bu. Frå vestsida finn vi i denne perioden folk frå Kvitno, Måge, Bleie, Reisæter, Nå, Måkestad, Kvestad, Skåltveit, Rogdo, Åkre, Kråkevik, Aga, Jåstad, Brandstveit, Hauso, Årekol, Langesæter, Utne, Lote, Vines og Kvalvik. Det kom også leveransar frå Djonno. 3% av

¹⁵⁰ Figur 5: informasjonen i figuren baserer seg på registreringar gjort av «sikre hardingar» i perioden 1733-1752. I løpet av desse åra leverte 815 registrerte hardingar talg til sølvverket. I denne perioden var samlebeskrivingar som «med følge» berre nytta i året 1747. Året 1753 eksisterer ikkje i noen av rekneskapsserieane og kjem difor ikkje til syne i figuren. Sjå vedlegg 4 for meir informasjon.

talgleveransane kom frå gardane Apold, Eitrheim, Tokheim, Ragde, Freim, Hildal, Sandvin, Stana og Skjelvik i Odda. Samanlikna med førre periode er det i denne perioden ikkje registrert lika mange leveransar frå Eidfjord. Her kom det folk frå Myklatun, Hereid, Varberg og Garatun. Frå Fykse og Lid i Kvam, Kollanes i Granvin, Osa i Ulvik og Sunde i Kvinnherad vart det også levert talg i denne perioden.

I tida 1733-1752 er samlebeskrivingar som «med følgje» lite nytta. Difor viser leveransar som er registrerte i denne perioden breidda i talghandelen på denne tida på ein heilt annan måte enn i dei periodane der «med følgje» eller andre liknande nemningar vert nytta. Samanlikna med førre periode ser det ut til at folk frå områda langs Sjørfjorden i Ullensvang Herad no tok eit endå fastare grep om talghandlen. I 1746 kjøpte sølvverket talg frå heile 91 leverandørar, 90 av desse kom frå Hardanger. Dette året er det året som der det er registrerte flest leveransar, både generelt og frå Hardanger. Kartet nedanfor synar kva gardar hardingane som leverte talg til sølvverket i 1746 kom frå.


Figur 6. Geografisk plassering av talghandlerar frå Hardanger i 1746.¹⁵¹

Kjelde: Riksarkivet, *Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset 1746, Ddb L0046* og Riksarkivet, *Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper 1746, Djb L0044*.

Dei raude prikkane på kartet viser at dei fleste talgleveransane i 1746 kom frå særleg to områder i Ullensvang. Frå austsida gjekk det kløvhestar frå Espe, Sekse, Børve, Århus, Lofthus, Opedal, Helleland, Ernes, Lutro, Tveit, Ystanes og Bu med talg til sølvverket, medan det frå vestsida vart levert talg frå gardane Kvitno, Bleie, Reisæter, Kvestad, Skåltveit, Kråkevik, Rogdo, Aga, Jåstad, Brandstveit og Langesæter. Det vart også levert talg frå garden Djonno som ligg i Ullensvang, på nordsida av Utnefjorden. Dette året kom nesten all talgen frå gardar i Ullensvang. Einaste unntaket er Hildal i Odda og Kollanes i Granvin.

Av dette kan vi slutte at kjerneområdet for talghandelen ved midten av 1700-talet var gardane i Ullensvang på begge sidene av fjorden. Dei fleste av desse gardsnamna går att fleire gongar. På fleire av desse gardane er det også meir enn ein person som leverer talg i eitt og same år.

1753-1794



Figur 7: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1754-1794.¹⁵²

¹⁵¹ Kart: Bergens Tidende AS (2012). *Kartbok for Vestlandet. Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland* (6.utg.). Bergen: Scanner Grafisk AS, side 18 og 22.

¹⁵² Figur 7: informasjonen i figuren baserer seg på registreringa gjort av «sikre hardingar» i perioden 1754-1794.

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0053-Ddb L0081 1754-1794, og Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper Djb L0051-Djb L0057 1754-1761.

Frå 1754 av kan ein sjå ei klar endring i leveransane. Hardingane fortsett å levere store mengder talg til sølvverket fram til 1794, men interessa for å levere ser ut til å ha spreidd seg også til Eidfjord. Gardbrukarar frå Ullensvang herad er ikkje like dominerande i denne perioden som tidlegare, og leverer no «berre» 60% av den registrerte talgen frå Hardanger. Desse kom frå gardane Brattespe, Espe, Sekse, Børve, Frøyenes, Lofthus, Opedal, Eidsnes, Helleland, Ernes, Lutro, Tveit, Urheim, Instanes, Hus, Ringøy og Bu. Samt Kvitno, Måge, Bleie, Reisæter, Nå, Måkestad, Kvestad, Kambestad, Åkre, Kråkevik, Skåltveit, Rogdo, Aga, Jåstad, Brandstveit, Langesæter, Lote, Vines og Djonno. Eidfjordingane på si side står for 22%. I denne perioden leverte folk frå gardane Varberg, Litlatun, Myklatun, Sæbø, Garatun, Hereid, Sysendalen, Lægreid, Vik, Røyse, Sæd, Skår, Lund, Hjølmø og Maurset. Det kan dermed sjå ut som om interessa for talghandelen i Eidfjord hadde spreidd seg heilt opp til Maurset. I denne perioden er ofte samlebeskrivinga «med følgje» nytta om hardingane. Difor må vi ta høgde for at fordelinga av kvar folk kom ifrå, berre viser kven som stod i spissen for følgjet. Det er likevel grunn til å tru at dei fleste som var med dei har kome frå nokolunde same området. Dei siste registererte talgleveransane frå Hardanger er frå 1794. Då var det seks bønder frå Eidfjord med sine reisefølgjer som stod for all talgen som vart levert frå Hardanger.

Frå Odda er det registert leveransar for folk som kom frå Eitrheim, Brekke, Hjøllø, Freim, Sandvin, Jordal, Bustetun, Skjeggedal og Hildal. Desse stod for 8% av talgleveransane i denne perioden. Det var ikkje berre folk ifrå Eidfjord som hadde fått auka interesse for handel med sølvverket. Folk frå både Granvin og Ulvik stod for 5% kvar, av dei totale leveransane frå Hardanger i denne perioden. I frå Granvin kom dei frå Kjærland, Holven, Haugse, Folkedal, Røynstrand, Velken og Lillegraven. Medan dei frå Ulvik kom frå Osa, Sygnestveit, Ljone og Vambheim. Jondal gjer ikkje store utslaget i figur 7, men her ifrå kom det ein leveranse frå Espeland.

I løpet av desse åra leverte 417 registrerte hardingar talg til sølvverket. I denne perioden var samlebeskrivingar som «med følgje» nytta i åra 1754, 1755, 1757, 1760-1780, 1791, 1792 og 1794. Åra 1753, 1758, 1759 og 1781-1790 eksisterer ikkje i noen av rekneskapsrissa og kjem difor ikkje til syne i figuren. Sjå vedlegg 4 for meir informasjon.

Oppsummering

Folk frå Hardanger er dei einaste vestlendingane eg har funne i rekneskapen frå Kongsberg Sølvverk frå andre tiåret av 1700-talet. I 1714 tok Aslak Olsen Børve, Svend Christensen og Sjur Sekse turen over Hardangervidda til Kongsberg for å levere talg til sølvverket. Dette er dei første registrerte leveransane frå Hardanger. Alle tre kom truleg frå det som i dag er Ullensvang herad. I åra som følgde skulle leverandørane verta fleire og leveransane større. Dei fleste av dei kom frå Ullensvang, men også folk frå Odda og Eidfjord bidrog med leveringar. Frå 1730-talet ser det likevel ut til at handelskarane frå gardane langs Sørfjorden dominerte denne næringa samanlikna med grannekommunane. Utover 1750- og 1760- talet byrja denne trenden å snu, og interessa for å levere talg auka mellom gardane i Eidfjord. I 1794 var det seks eidfjordingar som var på Kongsberg med talg til sølvverket. Dette er dei siste leveransane som er registrert frå Hardanger. Utviklinga i talghandelen visar dermed at dette var ei næring som etter kvart spreidde seg utover kjerneområdet i Ullensvang herad, men som framleis var avgrensa til indre Hardanger. I løpet av dei åra hardingane var aktive, 1714-1794, veit vi at dei leverte minst 700 tonn talg på materialhuset, som svarar til 56% av all talgen som vart levert i denne perioden. For å kunne frakte lasta over vidda måtte dei til saman 1327 sikre hardingane som var med leveransar i denne perioden, ha brukt rundt 10 000 hestar.

Basert på dei 55 åra med informasjon om betaling fekk dei sikre hardingane med seg heimatt i overkant av 66 000 riksdalar. Det viser at det var gode pengar å tene på talghandelen. Mesteparten av desse pengane gjekk til gardane som låg langs Sørfjorden, men etter kvart også til dei som budde på gardar i Eidfjord. Kva var det så som lokka fleire hardingar til å ta del i talghandelen med sølvverket? Dekka denne handelen dei behova huslyden hadde, var det for å imøtekoma statlege krav, eller var det for størst mogeleg inntekt? Eller kan det rett og slett vere at denne utviklinga kan forklarast med at sørfjordingane var pliktige til å levere talg til sølvverket og at denne plikta no også vart overført til bøndene andre sokn i Hardanger? Det skal eg prøva finna ut av i kapittel 7.

Kap. 7 Tvang eller frivillige leveransar?

Som vist starta hardingane å handle talg med sølvverket allereie i 1714.¹⁵³ I dei neste kapitla skal eg rette merksemda mot kva krefter som styrte handelsdeltakinga til hardingane. Men først lyt vi avklare om talgbehovet på Kongsberg var så stort at sølvverket la press på talghandlarar frå Hardanger til å levere. Kan ein snakke om ei leveringsplikt? Eller var det hardingane som pressa på for å få levera?

Leveringspliktige?

Vi veit at Hardanger låg lagt utanfor cirkumferensen til sølvverket. I kapittel 3 vart det reist spørsmål om hardingane likevel vart pålagt ei form for pliktarbeid når det kom til å levere talg. Ei sak frå hausttinget i Kinsarvik 1785 kan tolkast som om hardingane hadde leveringsplikt til sølvverket. Den handlar i korte trekk om at gardbrukaren Torjus Tjoflot hadde gitt vekk ein kløv med talg til lensmann Jon Haugse. Dette likte Amund Lofthus dårleg, og tok difor kløva ifrå Torjus. Amund meinte at Torjus, etter ein avtale bøndene imellom, ikkje hadde rett til å gje talglasta si vidare til lensmannen. Futen på si side meinte at Amund ikkje hadde noe med at Torjus hadde gitt talgen vidare. Vidare i forklaringa til futen får vi vite at han var konstituert av Overbergamtet til å likne ut talgføringa for allmugen i Hardanger futedøme. Det vil seie at han hadde fått ansvaret å fordele talgføringa mellom talghandlarane i Hardanger. Denne oppgåva hadde futen overdratt til lensmann Haugse. Før listene med talglikningane vart sendt til Kongsberg, var det futen som godkjende dei, og som skreiv under med eige namn på listene. Med andre ord kunne ein faktisk seie at det var futen sjølv som hadde forretta likningane. Futen seier også at handlingane til Amund var lovstridige og uforsvarlege, og at han burde betale bot. Saka vart utsett til neste ting.¹⁵⁴

Kva fortel denne saka oss? Når futen forklarar at han hadde fått *ansvar* frå Overbergamtet om å likne talgføringa i Hardanger, kan dette tyde på at det på slutten av 1700-talet kanskje var leveringsplikt på talg for bøndene i Hardanger. Om så var tilfelle kan vi trekkje linjene tilbake til Lunden sine tankar om kommandoøkonomien. Riktig nok vektlegg Lunden at bøndene vert tvungne til å produsere for å møte skattar og andre avgifter som starten påla dei å betale, men han skriv også at bøndene kunne produsere etter *press* frå eit politisk maktapparat. Dette gav ikkje bøndene noe *val*, slik som i marknadsøkonomien Tveite fremmar.¹⁵⁵ I denne situasjonen vil maktapparatet vere Kongsberg Sølvverk, som gjennom staten kanskje hadde fått makt til å

¹⁵³ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, Regnskap for materialhuset, Ddb L0015, 1714.

¹⁵⁴ Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger, I.Af.8, 1785-1786. Hasttinget for Kinsarvik 28.10.1785. fol. 7a

¹⁵⁵ Lunden 1996:239.

krevje leveransar med talg heilt frå Hardanger. Som vist, var staten driven av ein merkantilistisk tankegong. Dette påverka sølvverket, og fleire av krava som vart satt til bøndene botna i krigføringa til den dansk-norske staten – som Lunden meinte var sjølve drivkrafta i kommandoøkonomien.¹⁵⁶

Dessverre får vi ikkje vite av denne saka kor lenge futen og lensmannen hadde hatt ansvar for talglikninga. Difor er det heller ikkje godt å seie kor lenge hardingane langs Sørfjorden hadde levert talg gjennom talgfordelinga til futen og lensmannen. Saka frå 1714 der Rentekammeret kjem med ulike forslag til å minske utgiftene til sølvverket (sjå kapittel 3), kan gje indikasjonar på at hardingane har vore leveransepliktige sidan starten av 1700-talet. Det ser likevel ikkje ut til at forslaga frå Rentekammeret fekk gjennomslag. Overbergamtet meinte at ordninga om organisert handel gjennom futen vart for komplisert, og av slo difor forslaget.¹⁵⁷ Vi må dermed trekkje den slutninga at hardingane ikkje leverte talg gjennom futen på byrjinga av 1700-talet, og at talgleveransane vart organiserte på eige initiativ.

Auksjon ved lisitasjon

Sølvverket måtte finne ein billigare måte å skaffe den nødvendige talgen. Frakt over lengre distansar, og med fleire involverte mellommenn gjorde talgen dyrare. Sidan Rentekammeret ikkje fekk gjennomslag for forslaga frå 1714, ville dei no prøve å minske utgiftene ved å gå over til direkte leveransar. Dermed starta dei med å leggje talgleveransane ut på auksjon. Talgauksjonane var i utgangspunktet ein konkurranse mellom leverandørane. Dette vert også kalla lisitasjon, eller negativ auksjon.¹⁵⁸ Denne typen forpaking gjekk ut på at leverandørane baud under kvarandre.¹⁵⁹ Kven som helst kunne møte opp på desse auksjonane og det var vanleg at både bønder og kjøpmenn møtte fram. Kjørsel- eller leveringsoppdrag vart ropt opp, og auksjonen kunne starte. Den som sa seg villig til å levere mot minst mogeleg betaling, fekk tilslaget og forpaking på oppdraget.¹⁶⁰ Talgen skulle då leverast til sølvverket sitt materialhus året etter. Sølvverket sine folk kunne somme gongar delta i auksjonen, utan mål om forpaking, for å presse boda og prisane ned. Dette skjedde likevel sjeldan.¹⁶¹

Det kan sjå ut som at auksjon ved lisitasjon av talg starta rundt 1730. Då gjorde generalinspektør Kjøpp sølvverket igjen merksam på at talgen kunne kjøpast billigare frå Vestlandet. Også i 1732 vart spørsmålet om billigare talg tatt opp og det kom fram at ein

¹⁵⁶ Lunden 1996:241-243.

¹⁵⁷ Berg 1982:282.

¹⁵⁸ Berg 1982:87-88.

¹⁵⁹ Berg 1996:55.

¹⁶⁰ Berg 1982:87-88.

¹⁶¹ Berg 1982:87-88.

kunne få kjøpt talg til ein rimelegare pris frå Vestlandet, Valdres og Hallingdal. Etter dette skal altså leveransane frå Hardanger ha blitt faste og organiserte.¹⁶² Dersom hardingane fekk tilslaget på auksjonen vart talgleveransane overdregne til dei. Deretter skifta dei kvantumet mellom seg.¹⁶³

Ein kan framleis kalle dette for frivillige leveransar. Hardingane bestemte sjølv om dei ønska å delta på auksjonane, men når dei først hadde fått tilslag om å levere ei viss mengd med talg, var dette ein bindande avtale. Det var vanleg at hardingane leverte talgen på sommaren og/eller på hausten. Bønder og kjøpmenn som kom frå til dømes Drammen trong ikkje å ta omsyn til årstider og vêrforhold i same grad som dei som kom frå Hardanger. Sølvsverket forventa at hardingane leverte den avtalte talgmengda til neste år, like mykje som at hardingane forventa å få den betalinga dei og sølvverket hadde blitt samde om. Auksjonane vart sølvverket sin måte å kontrollere og forsikre seg at dei nødvendige leveransane med talg kom til den tida dei trong dei.

Leveringssvikt i 1740

Dette kan ein tydeleg sjå av ei sak frå 1741. Her stemna futen på Overbergamtet på Kongsberg sine vegne 24 menn frå Hardanger for vårtinget på Utne. Årsaka var at hardingane sommaren 1740 ikkje hadde greidd å levere talgmengda dei hadde gjort lovandar om, då dei fekk tilslag på auksjonen i 1739. Under denne auksjonen gjekk talghandlarane inn ein avtale med Kongsberg Sølvsverk om å levere rundt 20 tonn med talg sommaren etter. Då dei møtte opp på materialhuset sommaren 1740 mangla dei om lag 11 tonn med talg for å fullføra avtalen dei hadde inngått.¹⁶⁴

I 1739 og 1740 skulle det vise seg å vere svært vanskeleg for hardingane å skaffe nok talg til sølvverket. Ei av årsakene til dette var at hardingane berre fekk tak i små mengder med talg frå eigen buskap. Som tidlegare vist opplyser eit matrikkelutkastet frå 1723 at bønder i Hardanger futedøme skal ha halde i overkant 9000 småfe årleg, Strandebarm ikkje medrekna. Då vi veit at eit saueslakt tilsvara om lag eitt kilo talg, vil dette utgjere ca. 9-10 tonn med talg – frå heile Hardanger.¹⁶⁵ Dersom vi ser tilbake på leveransen som hardingane hadde gjort lovandar om å levere til sommaren i 1740, utgjer ikkje desse 9-10 tonna eingong halvparten. Det er heller ikkje sannsynleg at heile buskapen vart slakta kvart år. Om vi reknar at hardingane slakta så mykje som halvparten av buskapen årlig, sat dei berre igjen med 4-5 tonn med talg. Dette

¹⁶² Berg 1982:282.

¹⁶³ Kolltveit 1963:493. Bd. 1.

¹⁶⁴ Myking 2015:245-246.

¹⁶⁵ Myking 2015:246.

utgjorde knapt ein fjerdedel av det dei hadde fått tilslag på under auksjonen i 1739. Dette var likevel ein medrekna utfordring og hardingane måtte difor reise til nabogrender og Bergen for å få tak i resten.¹⁶⁶

Det er heilt klart at det låg ein betydeleg innsats bak for å få skaffa nok talg som kunne førast over til Kongsberg. Sidan talgleverandørane visste at dei truleg ikkje kunne skaffe all talgen frå eigen buskap, måtte det leggest ned mykje arbeid for greie å levere det dei hadde gjort lovnadar om. Dette viser at viljen til å handle med Kongsberg stod sterkt. Hardingane fungerte difor først og fremst som oppkjøparar, dernest seljarar. Men sjølv om viljen til å levere var til stades, var det ikkje alltid like enkelt å få tak talgen som ein trong. Årsaka til leveransesvikten i 1740 kan ein kanskje få ei forklaring på gjennom eit brev som vart sendt frå Kinsarvik til Overbergamtet 8. juni 1740. Her klagar hardingane over at talgen falt dei veldig dyr ved innkjøpet og ønska difor pristillegg frå sølvverket.¹⁶⁷ Det fekk dei ikkje.¹⁶⁸ Det var meir lønsamt for borgarane i Bergen og tyskarane på kontoret på Bryggen å selje talgen ut av landet.¹⁶⁹ Hardingane vart i denne perioden utkonkurrerte og greidde ikkje møta priskrava til bergensarane. Dersom hardingane hadde kjøpt av bergenserane likevel, hadde dei ikkje gjort fortjeneste på talgen når dei selde den vidare til sølvverket. Sølvverket svara med å stemne hardingane for tinget for brot på avtalen.

Teoriane

Det er mykje som tydar på at hardingane bestemte sjølv om dei ønska å levere talg, eller ikkje. Likevel var dei pliktige til å levere når dei først hadde inngått ein avtale med sølvverket. Difor kan ein godt kalle desse leveransane for *bindande avtalar* framfor pliktleveransar. Det var bøndene sjølve som, av eigen fri vilje, gjekk med på å levere talg til ein avtalt pris. Kan ein då snakke om ein kommandoøkonomi? Bøndene har frivillig gjort avtalar om å levere eit kvantum med talg til sølvverket året etter, og vi kan truleg difor seie at hardingane ikkje var knytte opp til ein kommandoøkonomi.

Hardingane hadde allereie ein marknad å selje varene sine på i Drammen, Kristiania og no den nye byen Kongsberg. Å nytte seg av talgmarkanden som var å finne hos sølvverket kan karakteriserast som ei forlenging av marknadshorisonten. Dette samsvarar mykje med Tveit sin teori om at «målet for bonden var å produsere det som svarte seg best».¹⁷⁰ Tveite meinte at

¹⁶⁶ Myking 2015:246.

¹⁶⁷ Riksarkivet, Overbergamtet 1621-1830, resolusjonsprotokoll 9, L0009, 1738 -1742.

¹⁶⁸ Berg 1982:283.

¹⁶⁹ Myking 2015:246.

¹⁷⁰ Tveite 1959:31.

bonden gjorde bevisste val om kva for produksjon som gav størst mogleg utbytte, og handla deretter. Bøndene valte marknadane fordi her kunne dei maksimere inntektene, og ved å maksimere utbytte av den næringa som dei spesialiserte seg i, kunne bonden betale for utgifter og skattar, samt kjøpe reiskapar og andre varer som dei trong på garden. Nøkkelorda her er spesialisering, varebytte og handel.¹⁷¹ Med andre ord kan det no sjå ut som om at hardingane var involverte i ein marknadsøkonomi.

Vi må ikkje gløyme Chayanov og teorien om arbeid-forbruk balansen, men dersom ein tek utgangspunkt i det vi til no veit om hardingane og talghandelen, kan denne teorien vanskeleg nyttast i framstillinga om kva for økonomi hardingane vart påverka av. Chayanov meinte at innsatsen bøndene la ned ikkje gjekk lenger enn for å akkurat dekke dei behova dei hadde. Når desse behova var dekte ville ikkje huslyden, som bestod av familien, arbeide meir, sjølv om dei hadde moglegheit til det.¹⁷² Ut ifrå døma som er vist over er det tydeleg at hardingane la ned ein betydeleg innsats og strakk seg langt for å drive handel med sølvverket. Ut ifrå det vi veit om talghandelen til no, kan det sjå ut som om at denne teorien ikkje er mogleg å overføra til talghandelen mellom Hardanger og Kongsberg. Teoriane kjem eg meir tilbake til når eg skal diskutere kva faktorar som påverka hardingane si handelsverksemd.

Kven regulerte talghandelen?

Det kan sjå ut som om det ein gong etter 1749 vart nytta ein ny framgangsmåte for å dekkje talgbehovet sølvverket hadde. No var det «allmugen» som tok på seg leveringsansvaret, og ikkje enkeltpersonar.¹⁷³ Dette forklarar saka frå hausttinget i 1785 der futen hevda at han hadde fått ansvar for å utlikne talgen mellom talgleverandørane frå allmugen i Hardanger futedøme. Vi reiste då spørsmål om bøndene var pliktige til å levere talg til Kongsberg Sølvverk. Dette ser altså ikkje ut til å stemme. Bøndene var ikkje *pålagte* å levere talg, det var reint det motsette.¹⁷⁴ Futen måtte likne bestemte talgkvanta mellom dei interesserte så dei ikkje skulle levere meir talg til sølvverket enn det verket kunne ta imot. Futen eller lensmannen gav altså «talglov», retten til å levere talg, til dei som var interesserte. Dermed kan det sjå ut som om at saka frå 1785 handlar om nettopp dette – futen hadde fått i ansvar å dele talgen mellom dei leverandørane som ønska talglov.

¹⁷¹ Tveite 1959:41-43.

¹⁷² Throner m. fl. 1986: xv.

¹⁷³ Kolltveit 1963:494. Bd. 1.

¹⁷⁴ Kolltveit 1963:492. Bd. 1.
Berg 1982:283.

Ei sak frå 1767 illustrerer godt viljen til å levere talg. Futen i Hardanger vart nærast rent ned av bønder som ønska løyve til talgførsel. Han skriv til Overbergamtet at folk var så ivrige etter å komme i gang med å tene pengar, at han måtte overskride den ønska mengda med talg frå sølvverket.¹⁷⁵ Det er tydeleg at det var god forretning å selje talg til sølvverket. For å hindre omgåingar hadde bøndene inngått avtale om at det ikkje var lov å selje talglova si vidare til andre.¹⁷⁶ Dette forklarar kvifor Amund meinte at han hadde rett til å ta Torjus sitt talg i 1785.

På sommartinget for Kinsarvik og Røldal 15. juli 1786 var det no tid for å høyre kva dei ulike vitna hadde å seie om saka på hausttinget i 1785. Dag Åkre kan fortelja at det for tre år sidan vart gjort ein avtale mellom talgførarane om at ingen skulle selje talglova si til andre, eller sitt løyve om å føre talgen over vidda til andre. Dersom noen braut denne avtalen skulle den det gjaldt betala éin riksdalar til fattigkassa. I tillegg til dette fekk den som visste om underslep lov til å nytte seg av denne talglova.¹⁷⁷ Dei tre neste vitna bekrefta det Dag kunne fortelje om den inngåtte avtalen. Futen støtta avtalen om at bøndene skulle føre si eiga talglov over til Kongsberg, men han meinte at allmugen ikkje hadde rett til å inngå ein avtale som gav dei lov til å ta andre sitt talg – talg som han sjølv etter fullmakt frå Kongsberg, hadde likna.¹⁷⁸ Det ville føre til store forvirringar dersom folk tok seg til rette på denne måten.¹⁷⁹

Oppsummering

Situasjonane som er trekt fram i avsnitta over viser dømer på korleis organiseringa av talghandelen kan ha føregått. Det kan verke som at hardingane leverte talg til sølvverket på eige initiativ i starten, altså rundt 1714. Kjeldene kan vidare fortelje oss at rundt 1730 låg initiativet hos sølvverket. Dei ønska meir forutsigbare utgifter og ein kontrollert marknad. Dei starta difor med å leggje talg ut på auksjon. På denne måten kunne sølvverket sikre seg talgleveransar til neste år. Det same gjaldt for hardingane. Ved å inngå ein avtale med sølvverket vart dette ei forutsigbar inntekt for handelskarane. Den største utfordringa var likevel prosessen med å få tak i den talgen dei hadde lova å levere.

Av saken i 1739-1740 kan ein lese at hardingane hadde vanskar med å levere nok talg, og det ser ut for at talgfordelinga framleis vart gjort gjennom auksjon. Bøndene deltok i auksjonane,

¹⁷⁵ Berg 1982:284.

¹⁷⁶ Kolltveit 1963:494. Bd. 1.

¹⁷⁷ Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger, I.Af.8, 1785-1786. Hasttinget for Kinsarvik 28.10.1785. fol. 32b

¹⁷⁸ Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger, I.Af.8, 1785-1786. Hasttinget for Kinsarvik 28.10.1785. fol. 33a

¹⁷⁹ Kolltveit 1963:494. Bd. 1.

fekk tilslag og skifta talgkvantumet mellom seg. Dermed var det enkeltpersonar som hadde leveringsansvar. Denne måten å gjere det på ser ut til å endra seg mot 1740-50-talet. Vi veit ikkje heilt sikkert når, men talgleveransane vart no skifta mellom allmugen, der futen og lensmannen var ansvarleg for fordelinga. Dermed kan det sjå ut som om at forslaga til Rentekammeret i 1714 til slutt fekk gjennomslag. Sakene får 1767 og 1785 er gode dømer på denne likninga. Det må likevel påpeikast at hardingane aldri var pålagt å levere talg til sølvverket. Dei gjorde lovnadar om å levere, på frivillig grunnlag. Då først vart det ein tale om ein bindande avtale.

Kven var det som styrte talghandelen? Sølvverket eller hardingane? Det er heilt klart at sølvverket hadde eit behov for talg i gruvedrifta si, og utan denne drifta ville ikkje hardingane hatt ein marknad å selje talgen sin på. Likevel kan ein av døma over lese at det var mange hardingar som ville nytte seg av denne markanden. Futen greidde nesten ikkje å stagge dei. Difor kan det verke som at det var minst viktig for hardingane å få mogelegheit til å selje talgen sin til Kongsberg. Det var altså gode pengar å tene på handelen.

Kap. 8 Eit utval av talgleverandørane frå Hardanger

Til no har vi blitt kjende med fleire sider av talghandelen, alt frå kor mykje talg som vart levert, kor mange som leverte, kvar dei kom frå, kor mykje dei fekk i betaling og om dei var leveransepliktige eller ikkje. Men kor mykje kunne einskilde personar få ut av denne handelen? I dei neste avsnitta ønskjer eg å gå nærare inn på kva denne handelen fekk å seie økonomisk og sosialt for eit utval av dei som leverte talg på Kongsberg. For å finne utfyllande opplysningar om desse personane har eg brukt dødsbuskifte. Her finn ein mellom anna informasjon om brutto- og nettoverdien i buet, eventuelt sølv eller pengar på kistebotnen og om dei hadde gjeld eller hadde lånt ut pengar til andre. Dessutan har eg brukt opplysningar om personane frå Olav Kolltveit si bygdesoge for Odda, Ullensvang og Kinsarvik.

Sidan kjeldeomfanget er så stort, vil det ikkje vere mogleg å sjå nærare på alle som leverte talg. Det vil difor vere nødvendig å gjere eit utval. Delar av dette utvalet gjorde seg sjølv då det ikkje finst skifte etter alle som leverte talg på Kongsberg. Det har likevel vore nødvendig å avgrensa utvalet endå meir. Eg har difor valt ut 12 personar som rekneskapen viser var meir enn fem gongar på Kongsberg for å levera talg i perioden 1714-1794. I utvalsprosessen tok eg også omsyn til kvar i Hardanger dei ulike talghandlarane budde. Folk frå begge sider av Sørfjorden var dei mest aktive i talghandelen. Eg har difor ønska at mitt utval skal spegla denne fordelinga, så langt det let seg gjere. I tillegg har eg teke med ein person frå Odda og ein frå Eidfjord, to bygdelag som også var involvert i denne handelen.

Jakob Kristensson Eitrheim (1693-1769)

Ein av talghandlarane som vi skal knyta nærare kjennskap til, heldt til på garden Eitrheim i Odda. Eitrheim hadde god, men liten heimemark. Dei nytta seg difor av ein støl i Mosdalen, som ligg på austsida av Sørfjorden. Kolltveit skriv at det var vanleg å føre dråtten frå stølen og rett til Kongsbergmarkanden på hausten.¹⁸⁰ Ein av dei vi veit var på Kongsberg var Jakob Kristensson Eitrheim. Han var austover med talg fleire gongar i løpet av si levetid, og er registrert i rekneskapen for materialhuset og bergkasserekneskapen. Jakob er ein av dei første identifiserte hardingane som leverte talg til sølvverket.

Dei første registrerte leveanse kom i 1716 og 1717. Då leverte Jakob høvesvis 484,5 kg og 405 kg talg i lag med andre talghandlarar som vi ikkje kjennar namnet på. I 1719 leverer han 45 kg aleine. Saman med Gulbrand Aurdal frå Ulvik leverer Jakob så 394 kg talg i 1720. Deretter går det åtte år før Jakob igjen er skriven inn i materialhuset og bergkassen sine

¹⁸⁰ Kolltveit, Olav. (1967). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 3,2. Odda, 2. halvbandet, s. 327. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

rekneskap. I løpet av desse åtte åra brukar begge rekneskapa «consortes» om fleire av reisefølgja frå Hardanger. Dette kan vere med på å forklare kvifor det ikkje er registrert leveransar frå Jakob i denne perioden. I 1728 leverte han talg på Kongsberg to gongar. Første gong var 21. juli. Då han leverte han 3 tonn talg saman med Erik Pedersen Urheim og Lars Olsen Lofthus. Berre åtte dagar seinare, den 29. juli, leverte han 1,2 tonn talg under eige namn. Det er ikkje godt å seie korleis det kan ha gått føre seg. Reisa frå Kongsberg over Hardangervidda, heim til Eitheim og tilbake til Kongsberg let seg vanskeleg gjere på åtte dagar.

I 1733 leverte Jakob 156 kg talg og 106 kg året etter. Igjen skal det gå fleire år frå Jakob dukkar opp på Kongsberg med talg og dei neste leveransane kjem i 1742 og 1744. Åra mellom 1734 og 1744 nyttar ikkje bergkasserekneskapen seg av samlebeskrivingar som «med følgje». Jakob sitt fråvær i rekneskapsbøkene kan difor ikkje forklarast med denne grunnen. 1744 er det siste året som det er mogleg å følgje Jakob med eigne leveransar. Då leverer han 243,5 kg talg. I 1754, 1763 og 1766 er han igjen på materialhuset med talg, berre denne gongen er leveransane registrert under namnet hans og at han leverer talgen med fleire. Desse åra vart det høvesvis levert 3,68 tonn, 828 kg og 1,11 tonn med talg. I 1766 var Jakob 73 år gamal. Eg har difor prøvd å finne ut, ved å bruke Kolltveit sine bygdebøker, om det var ein annan Jakob Eitheim som stod for dei tre siste leveransane. Dette førte ikkje fram. Det kan difor sjå ut som om at dette er same person. Jakob er ikkje den einaste som leverer talg i høg alder. Tollef Larsson Kråkevik, som skal verta betre kjende med litt seinare, var 67 år gamal då han var over vidda med sin siste registrerte leveranse i 1746 (sjå lenger nede).

Frå første leveranse i 1716, til siste i 1766, vart i alt 11,75 tonn talg skriven inn i rekneskapsbøkene under Jakob sitt namn. Dette inkluderer 9,9 tonn av den talgen som han ikkje var aleine om å levere. Det er ikkje mogleg å finne ut kor mykje Jakob leverte av dette, men ved å sjå nærare på dei leveransane som han sjølv stod for kan vi få ein idé om kor mykje talg han brukte å levera. Dei åra Jakob møtte opp på materialhuset aleine leverte han 1,9 tonn talg over seks registrerte år. Variasjonen i leveransane er stor. På det minste leverte han 49 kg i 1719, og på det meste 1,2 tonn i 1728. Dette gjev eit gjennomsnitt på ca. 316 kg for kvart av desse åra. Det kan difor tenkjast at Jakob kan ha stått for talgleveransar som svarar til dette gjennomsnittet dei åra der han leverer med fleire, men dette kan vi ikkje vite sikkert.

Kor mykje fekk så Jakob att for å drive talghandel med sølvverket? Eg kan ikkje seie med sikkerheit kva Jakob med følgjet hans fekk i betaling i 1763 og 1766, då eg ikkje har kjelder

som kan fortelja noe om betaling for desse åra. Dersom ein tek høgde for at leverandørane fekk ca. éin riksdalar per bismerpund, som var vanleg betaling på denne tida, fekk Jakob og følgje hans kring 1633 riksdalar for dei 9,9 tonna med talg som vart levert under hans namn. For dei 1,9 tonn han leverte på eigne vegner fekk han betalt 303 riksdalar.

Dette er bruttoverdien av det som vart levert. Mange leverte langt meir talg enn dei kunne produsere sjølve. Då måtte dei gjerne reise langt for kjøpe opp talg. Det har truleg også Jakob måtte gjere dersom han leverte i snitt kring 300 kilo kvar gong han var på materialhuset. Som vist tidlegare fekk ein truleg 1 kg talg per sau.¹⁸¹ Det betyr at Jakob måtte ha rundt 300 sauer om han skulle greie å oppnå den førespegla leveransen. Så stor besetning av småfe hadde ingen gardbrukarar i Hardanger, om vi skal døma etter bestanden i matrikkelutkastet 1723. Som så mange andre måtte nok Jakob difor kjøpa ein god del av talgen han leverte. Dei vel 300 riksdalarane han fekk utbetalt dei gongane han leverte talg åleine var såleis ikkje nettoforteneste. Ein del av dei gjekk til å betala andre for talgen han hadde fått. Likevel kan talghandelen ha gjeve eit bra overskot. Skifte etter Jakob 18. september 1769 viser nemleg at han hadde uteståande 632 riksdalar hjå andre bønder i Hardanger. Vidare hadde han 114 riksdalar i kontantar, og krøter til ein verdi av 180 riksdalar. Han eigde også jordegods med ein samla verdi på 306 riksdalar. Skiftet viser også at Jakob etterlet seg bøker og sølv til ein verdi av 75 riksdalar. Til saman synar skifte etter Jakob ei nettoeige på 1530 riksdalar.¹⁸² Dette var mykje pengar på denne tida.

Ut ifrå opplysningane i rekneskapa til sølvverket, og når vi tar omsyn til at Jakob måtte kjøpa ein god del av talgen han leverte, er det tvilsamt at talghandelen med sølvverket åleine kan ha gitt så god avkasting. Jakob må difor også ha gått andre vegar for å tene pengar. Ifølgje Kolltveit gjekk han under namnet «Rike-Jakob» og han «dreiv mykje handel på Kongsberg».¹⁸³ Dessverre skriv ikkje Kolltveit noe meir om kva for type handel Jakob dreiv med, men truleg nytta han seg av marknadane som var haldne om sommaren og hausten til å selje andre varer. Ut ifrå skifte å dømme kan det sjå ut som om at Jakob hadde mykje husdyr på garden. Av desse fekk han truleg smør, ost, ull, skinn og andre varer.

I tillegg til å vere handelskar var Jakob ein viktig aktør i samfunnet. I tida 1717 til 1719 var han kyrkjeombodsmann. Han var også presten sin medhjelpar. Det var vanleg at soknepresten

¹⁸¹ Myking 2015:246.

¹⁸² Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 7b 1769-1779, s. 297.

¹⁸³ Kolltveit, Olav. (1967). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 3,1. Odda. 1. halvbandet, s. 331. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

hadde to medhjelparar i kvart kyrkjesokn. Truleg valde han ut desse sjølv. For å administrere skule- og fattigvesenet, vart det oppretta ein skule- og fattigkommissjon i kvart prestegjeld. Soknepresten var leiar for desse kommisjonane, som også bestod av futen, lensmannen og fire av dei beste og mest opplyste mennene i prestegjeldet.¹⁸⁴ Jakob var ein av desse fire når kommisjonen starta opp.¹⁸⁵ Sidan kommisjonane vart drifta gjennom skattlegging av bøndene, var det ikkje sikkert at bøndene alltid like lett spelte på lag med styresmaktene. Difor søkte staten samarbeid med dei fremste slektene, for å forankra vedtaka gjennom menn samfunnet hadde tiltru til.¹⁸⁶ Dette visar Jakob sin høge status i lokalsamfunnet.

Åmund, Lars og Ola Bu

Gardane Ytre og Indre Bu ligg rett ved sida av kvarandre. Ytre Bu høyrer til Ullensvang, medan Indre Bu høyrer til Eidfjord. Bu hadde gode forbindingar austover. Frå denne garden gjekk driftevegen til fjells. Den knyta seg saman med Nordmannsslepa som førte austover og til Kongsberg.¹⁸⁷ Det kom fleire talghandlarar frå Ytre Bu, mellom dei var Lars Amundsson Bu (1708-1773) og Ola Amundsson Bu (1714-1786) som vi skal verte betre kjende med litt seinare. Dei var fleire gongar over Hardangervidda med talg til sølvverket og leverte stort sett all talgen dei kom med i løpet av 1740-åra.

Far deira var Åmund Larsson Bu (1674-1761). Han dreiv og stort med kongsberghandel, men han ikkje er å finne noen stad i rekneskapen til sølvverket. Difor må vi gå ut ifrå at han selde andre varer enn talg, som han førte over fjellet. Då han døydde 7. januar 1761 vart det skriven ein nekrolog om han i *Danske Posttidender*. Her står det mellom anna: «Han blev ganske ung gift og havde da kun 4 rgd. i penge. Siden blev han ved Guds velsignelse, sin flittighed, sparsommelighed og sin handel på Kongsberg en rig og formuende mand».¹⁸⁸ Skifte etter Åmund frå 1761 bekreftar det som står i nekrologen. Dødsbuet hans hadde ein verdi på 1695 riksdalar.¹⁸⁹ Dette viser at det var gode pengar å tene på å drive handel med dei som budde aust for Hardangervidda.

¹⁸⁴ Arkivverket. (2013, 4. Februar). Bøndene hadde også politiske rettar før 1814. Henta 26. April 2015 <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivverket/Stavanger/Nettutstillingar/Stemmerettsjubileet-1913-2013/Den-lange-vegen-mot-allmenn-stemmerett/Boendene-hadde-ogsaa-politiske-rettar-foer-1814>

¹⁸⁵ Kolltveit 1967:331. Bd. 3,1.

¹⁸⁶ Myking, John Ragnar (2015). Embetselite og bondelite. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger – ei regionhistorie. Før 1750*. Bind 1, s. 288. Bergen: Fagbokforlaget.

¹⁸⁷ Kolltveit, Olav. (1974). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 4,1, s. 170. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

¹⁸⁸ Kolltveit 1963:492. Bd. 1.

¹⁸⁹ Statsarkivet i Bergen: Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll, A. c. 7a 1757-1769, s. 78.

Det kan sjå ut som om at kongsberghandelen gjekk i arv til neste generasjon. Lars var den eldste sonen til Åmund. Frå og med 1742 til og med 1750 var Lars på Kongsberg med talg åtte gongar. Desse leveransane var det han som sjølv stod for. Han leverte totalt 2,4 tonn spreidd over åra 1742, 1744, 1745, 1746, 1748, 1749 og 1750. I 1745 var han der to gongar, i den 8. og 9. bergverksmånad. I snitt frakta han ca. 300 kg talg over vidda dei gongane han møtte opp på materialhuset, som i snitt svarar til ei bruttoinntekt på ca. 56 riksdalar. Totalt fekk Lars 446 riksdalar for den talgen eg har greidd å registrere under hans namn.¹⁹⁰

Lars og broren, Ola, reiste ofte saman til Kongsberg med talg. Ola var på materialhuset to gongar i 1744, to gongar i 1745 og ein gong i 1746. Til saman leverte han ca. 1,7 tonn talg og fekk 313 utbetalt riksdalar brutto.¹⁹¹ Ola gifta seg med enkja Synneva Håvardsdotter Svartveit i 1745 og flytta til Folkedal i Granvin.¹⁹² Dette kan kanskje forklare kvifor han ikkje er å finne i rekneskapsbøkene under dette namnet lenger. Det dukkar derimot opp ein Ola Folkedal i 1771 og 1776. Desse åra leververte han høvesvis 91 kg og 855 kg talg, siste gongen saman med andre vi ikkje får vite namna på.¹⁹³

Ifølgje Kolltveit var far deira, Åmund, kjend for å hjelpa andre. Han kjøpte opp heile jekter med korn, delte det ut til dei som trong det, og lånte bort pengar til fattige som ville kjøpa seg jord. Utlåna til Åsmund var på heile 956 riksdalar då han gjekk bort.¹⁹⁴ Skal ein tru nekrologen fekk Åmund slektningane sine til å love at dei ikkje skulle krevje inn desse pengane. Det ville ruinera dei som i utgangspunktet ikkje hadde så mykje. «Gud har sat eder i god stand, så I trenger ikke mine penge».¹⁹⁵ Slegtningane skal så ha gått med på dette.

Som ein kan sjå av skifte etter Lars og Ola, hadde Åsmund heilt rett i at etterkommarane hans ville greie seg bra. Ola etterlet seg verdiar for heile 1095 riksdalar.¹⁹⁶ Også Lars vart ganske velstående. Han hadde sølv til ein verdi av 91 riksdalar, dyr som til saman var verd 78 riksdalar og heile 464 riksdalar i utstående lån. Han eigde også jord verdsett til 150 riksdalar.

¹⁹⁰ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, DjB L0040 1742, DjB L0042 1744, DjB L0043 1745, L0044 1746, DjB L0046 1748, DjB L0047 1749, L0048 1750.

¹⁹¹ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, DjB L0042 1744, DjB L0043 1745, DjB L0044 1746.

¹⁹² Kolltveit, Olav. (1974). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 5,2., s. 174. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

¹⁹³ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0068 1771, Ddb L0073 1776.

¹⁹⁴ Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 7a 1757-1769, s. 78.

¹⁹⁵ Kolltveit 1763:492. Bd. 1.

¹⁹⁶ Statsarkivet i Bergen: Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll, A.c. 8a 1779-1788, s. 159b. Skifteår: 1786.

Lars etterlet seg verdiar på til saman 898 riksdalar då dødsbuet vart gjort opp i 1773.¹⁹⁷

Utbetalingane for dei gongane eg har vore i stand til å registrere Lars og Ola i rekneskapen til sølvverket speglar ikkje dei verdiane som skifte etter dei kan opplyse om. Ei forklaring kan vere at dei har vore fleire gongar på materialhuset med talg og blitt registrert som «følge». Ei anna forklaring kan vere at dei leverte talg i dei åra det ikkje eksisterer rekneskap frå lenger, men det kan også vere at formuen skriv seg frå anna handel på marknaden på Kongsberg.

Kolltveit skriv ikkje så mykje om livet til Lars, men personane i livet hans er vel så interessante. Kven ein gifta seg med kan seie mykje om posisjonen til den enkelte i samfunnet. Det var vanleg at folk gifta seg for å sikre levebrød, dermed kom ofte ung kjærleik i skuggen. Men kva om levebrødet var sikra? Ville det då ha noe å seie kven ein ekta? Det kan sjå ut som at status og velstand var viktig faktorar når ektefelle skulle veljast.¹⁹⁸ Kona til Lars, Marita, kom frå ei sær velstående slekt frå Espe. Far hennar heitte Tobias Olson Helleland Espe. Ifølgje Kolltveit var han hestehandlar, ein dyktig forretningsmann og presten sin medhjelpar.¹⁹⁹ Det var nok ikkje tilfeldig at Lars og Marita vart ektefolk. Dei kom begge frå ei velstående slekt. Giftarmålet vart difor også sett på som ein økonomisk kontrakt.²⁰⁰ Lars var ikkje det einaste barnet til Åmund som vart gifta inn i Espe-slekta. Systema til Lars, Sigrid, gifta seg med Ola Halldorson Espe. Han var styksonen til Tobias.

Sosial status var tydeleg viktig på denne tida og statusen kom ikkje berre i form av kor mykje pengar ein tente. Den skulle også vere synleg. Kolltveit skriv at innbyggjarane på Bu lenge hadde hatt stolen sin langt framme i kyrkja i Kinsarvik. Passeringen av stolane gjorde det synleg kven som hadde høg og låg status i bondesamfunnet. Då Lars gjekk bort i 1773 vart han gravlagt under kyrkjegolv, midtskips til høgre i kyrkja, ei ære som berre tilkom dei fremste i bygdeeliten, dei som også hadde råd å betala for ein slik gravstad. Etter dette vart Bu-stolen flytta slik at den var plassert over kvilestaden hans. Der stod den til den dagen stolane vart frigjevne.²⁰¹

Per Olsen Indre Jåstad (1695-1745)

Jåstad ligg på vestsida av Sørfjorden. Det stoppa likevel ikkje desse hardingane i ta fatt på den lange reisa til Kongsberg. Truleg frakta dei både hest og varer i ferjer over fjorden før det bar

¹⁹⁷ Statsarkivet i Bergen: Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll, A. c. 7b 1769-1779, s. 394b.

¹⁹⁸ Myking 2015: 268.

¹⁹⁹ Kolltveit, Olav (1971). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 4,2., s. 503. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

²⁰⁰ Myking 2015:266.

²⁰¹ Kolltveit 1974:172. Bd. 5,2.

oppover dei bratte fjellssidene som fører inn på Hardangervidda.²⁰² Ein kar som ofte tok denne turen var Ola Olson Jåstad (1658-1707). Ifølgje Kolltveit skal han ha gjort seg rik på varehandelen som gjekk austover. På veg til eller frå ei Kongsbergferd sommaren 1707, drukna Ola i Tuevatnet ved Låven.²⁰³ Dette er 7 år før dei første hardingane var på materialhuset med talg og denne type handel starta. Difor må han ha tent gode pengar på andre varer som han selde på markandane. Skifte etter Ola viser at han hadde etterlet seg verdiar til 898 riksdalar, blant dette ein heil del sølvsaker. Han eigde også jordegods i Ytre Jåstad, Helleland og Ragde i Odda.²⁰⁴ Dei kommande ganerasjonane skulle difor ha eit godt utgangspunkt etter at verdiane i dødsbuet vart delte mellom dei.

Ola fekk tre born, to jenter og ein gut. Sidan Per var den einaste sonen, fekk han skøyte på halve garden då faren døde og resten då stefaren døde i 1716. Han arva også det foreldra eigde i Ytre Jåstad.²⁰⁵ Per gjekk i faren sine fotspor og dreiv sjølv med kongsberghandel. Det er registrert ein Per Olsen Jåstad i 1719, 1721, 1722, 1733, to gongar i 1734 og 1735, 1736 og 1743 med talg på materialhuset til sølvverket. I løpet av desse 12 oppmøta, leverte han til saman ca. 13,2 tonn. To av desse åra, 1719 og 1722, er det Per som står som hovudleverandør for eit ukjend reisefølgje og det vert dermed vanskeleg å vite kor mykje talg han sjølv leverte. Desse åra manglar eg også opplysningar om kor mykje dei fekk betalt for talgen. Om vi berre ser på den talgen Per leverte sjølv, utgjorde dette ca. 7,7 tonn talg og han fekk til saman betalt ca. 1217 riksdalar brutto.

Men Per Olsen Jåstad kan også ha vore på Kongsberg fleire gonger enn dette. I 1714 leverte ein Per Olsen 96,5 kg talg på materialhuset.²⁰⁶ Sidan ikkje gardsnamnet er ført på kan vi ikkje vite sikkert om dette er Per Olsen Jåstad. Det er også ein Per Olsen som leverer i 1717, to gangar i 1718, 1720 og 1744. Det kan vere grunn til å tru at dette kan vere same person då dei begge leverer talg i same tidsrom og at det ikkje finst fleire som heiter det same og har eit anna gardsnamn. Per Olsen leverte til saman ca. 3,8 tonn talg. Kva han fekk i betaling i for dei 96,5 kg i 1714 veit eg ikkje, men for dei resterande leveransane kunne Per ta med seg 673 riksdalar heimatt til Hardanger.²⁰⁷

²⁰² Kolltveit 1963:498. Bd. 1.

²⁰³ Kolltveit 1971:551. Bd. 4,1. Det var slik hestehandlarane frakta hestane over fjorden, og det er difor grunn til å tru at dei nytta seg av same framgangsmåte når dei skulle frakte talg, hestar og andre varer til Kongsberg. Dette var den kortaste vegen.

²⁰⁴ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A.c. 1 1695-1707, s. 376.

²⁰⁵ Kolltveit 1971:551. Bd. 4,1.

²⁰⁶ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0015 1714.

²⁰⁷ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0018 1717, Ddb L0019 1718,

Det kan verka som om at Per ikkje berre leverte talg til sølvverket, men at han også dreiv med annan handel. I 1726 var uhellet ute. Han skal ha kjøpt ei jekt på Vines, men den vart tatt av ein storm før han rakk å henta den. I 1737 kan han ikkje tidsnok til å møte i ein rettssak, då han låg i Karmsund med fartyet sitt. Med god arv frå foreldra, gode inntekter frå talghandelen og truleg andre inntekter frå den andre handelen han dreiv med, skulle ein tru at Per hadde det greitt økonomisk. Likevel måtte han i 1738 selje garden og alt han eigde på auksjon. Det er ikkje godt å vite kva som gjekk gale for Per og kvifor han tapte så store pengar. Då han døde i 1745, berre 50 år gamal, var det ingenting å skifta etter han.²⁰⁸

Lagnaden til Ola og Per visar at det også var ein stor risiko å drive med handel. Liv kunne gå tapt på den farefulle vegen til og frå Kongsberg, eller på sjøen. Varemarknaden var heller ikkje ei stabil inntekt og ein måtte ein ta noen sjansar, og håpe på det beste. Likevel skremte ikkje desse hendingane folk frå å drive med denne type handel. Så kva var det då som dreiv dei?

Tollef Larsson Kråkevik (1679-1757)

Tollef er ein av dei talghandlarane eg har greidd å registrere flest gongar og som truleg la seg opp gode pengar på denne handelen. I alt var han 22 gongar til på materialhuset med talg. Frå og med 1720 til og med 1746 leverte han ca. 15,9 tonn talg og fekk utbetalt til saman ca. 2609 riksdalar på denne handelen. Tollef var ingen ungdom då han møtte opp på materialhuset for siste gong i 1746. Med sine 67 år førte han med seg 647,5 kg talg over vidda og til Kongsberg. For å greie dette trong han rundt ni hestar²⁰⁹, og for å halda styr på desse må han ha hatt med seg folk, gjerne ein tenestegut eller to.

Omtrent alle talgleveransane var det Tollef sjølv som stod for. I 1720 leverte han og Aslak Olsen Børve 876 kg talg, og i betaling fekk dei 149 riksdalar. Berre ved eitt tilfelle stod han nedskreven med eit reisefølgje som ikkje vart nemnt ved namn. Det var 30. juli 1727. Då leverte Tollef med følgje ca. 3,8 tonn talg og dei fekk betalt 623 riksdalar.²¹⁰

Ddb L0021 1720, Ddb L0044 1744.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap, DjB L0014 1717, DjB L0015 1718, DjB L0017 1720, DjB L0042 1744.

²⁰⁸ Kolltveit 1971:511-552. Bd. 4,1.

²⁰⁹ Myking 2015:247 og 330. Dette stemmer dersom ein hest greidde å bære ca. 70 kg i last.

²¹⁰ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0027 1716, Ddb L0034 1734, Ddb L0035 1735, Ddb L0037 1737, Ddb L0038 1738, Ddb L0039 1739.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap DjB L0017 1720, DjB L0022 1726, DjB L0023 1727, DjB L0032 1734, DjB L0033 1735, DjB L0034 1736, DjB L0035 1737, DjB L0036 1738, DjB L0037 1739, DjB L0038 1740, DjB L0039 1741, DjB L0041 1743, DjB L0042 1744, DjB L0043 1745, DjB L0044 1746.

Verken bergkasserekneskapen eller rekneskapen for materialhuset seier noe om kven andre som levererte talg saman med Tollef, men her har eg fått god hjelp frå sesjonsprotokollane. 21. september 1726 var Tollef på materialhuset med talg. Same dag vart det halden ein auksjon der fem hardingar fekk tilslag på å levere om lag 3 tonn talg året etter. Desse fem var Tollef Kråkevik, Jon Gundersson Åkre, Aslak Olsson Børve, Jakob Larsson Rogdo og Elling Askildsson Kråkevik.^{211 212} Dei fire sistnemnte er ikkje å finne i noen av rekneskapa frå 1727. Det er då grunn til å tru at Jon, Aslak, Jakob og Elling er resten av reisefølget til Tollef i det aktuelle året. Vi kan likevel ikkje utelukka at reisefølget innehaldt fleire personar, då hardingane dette året leverte ca. 800 kg meir enn avtalt. Sjølv om det ikkje er mogleg å finne ut kor mykje av leveransen Tollef sjølv stod for i 1727, er ikkje dette utslagsgjevande for å sjå om han tente gode pengar på talghandelen. Om vi trekkjer ifrå leveransen for dette året, leverte Tollef heile 11,2 tonn talg sjølv, og fekk betalt 1837 riksdalar på dette.

No har det seg dessverre slik at det ikkje finst skiftemateriale etter Tollef, eller kona hans. Vi veit difor ikkje sikkert om talghandelen gjorde han til ein velhalden mann, og kva verdier som var igjen etter han. Likevel veit vi at Tollef hadde ein viktig posisjon i samfunnet då han fleire gongar er nemnd som lagrettemann i tingbøkene.²¹³ Akkurat som med lensmenn, presten sine hjelpesmenn, ombodsmenn for kyrkja og medlemmene av skule- og fattigkommissjonane, hørde dei som var lagrettemenn også til den klassen i samfunnet som kunne kjenneteiknast ved godt omdøme og velstand.²¹⁴ Etter Kristian 5. si norske lov frå 1687, skulle utpeikinga av nye lagrettemenn gå på omgang etter matrikkel. Vanlegvis kunne dei som vart valt ut som lagrettemenn både skriva, lesa og rekna. Men dei fleste gardbrukarane innehadde ikkje desse ferdigheitene, og heller ikkje det same omdøme og tilliten blant allmugen. Difor fortsette futen og sorenskrivaren med å plukke ut velhaldne menn som før, men slepte til fleire frå gardssamfunna enn før.²¹⁵ Det kan difor tenkjast at Tollef var ein velståande mann.

Tollef og kona hans, Marita Mikkelsdotter, fekk fem born. Ei dotter som heitte Gurid og fire søner, Ola, Mikkel, Lars og Elling. Både Ola, Mikkel og Elling er alle å finne i rekneskapa til sølvverket. Det er ikkje Lars. Han kan ha valt å gå andre vegar. Vi skal no bli litt betre kjend

²¹¹ Riksarkivet, Overbergamtet 1621-1830, sesjonsprotokoll 8, 1725-1727, s. 271.

²¹² Jon Åkre og «consortes» var også på materialhuset med talg 21. september 1726. Jon var ein av dei fem som fekk tilslag på auksjonen 21. september 1726. Det kan godt vere at Aslak Olsen Børve, Jakob Larsson Rogdo og Elling Askildsson Kråkevik var ein del av reisefølget hans dette året. (Myking 2015:244).

²¹³ Kolltveit 1971:425. Bd. 4,1.

²¹⁴ Myking 2015:284.

²¹⁵ Myking 2015:287.

med dei tre andre sønene til Tollef, og korleis det gjekk til med dei. Vi startar med den eldste sonen, Ola.

Ola Tollefsson Lille Nå (1714-1794)

I rekneskapa til sølvverket kan vi finna Ola under to forskjellige namn. I bergkasserekneskapan er han ført inn som Ola Kråkevik, mens han i rekneskapan for materialhuset vert kalla Ola Tollefsson Lille Nå. Ola gifta seg nemleg med Anna Torsteinsdotter Nå i 1744, og bygsla bruk 1 på Lille Nå av Baroniet Rosendal i 1746. Dette kan vere med på å forklare namneendringane i dei to rekneskapa. Ola dukkar ganske sporadisk opp i rekneskapa. I 1742 og 1750 leverar han til saman 498,5 kg talg og får betalt 93 riksdalar for dette.²¹⁶ Deretter går det mange år før vi igjen finn Ola på Kongsberg. Dette kan henge saman med at rekneskapan for materialhuset ofte nyttar samlebeskrivingane for eit større reisefølge, men det kan vi aldri vite sikkert. Dei neste gongane han dukkar opp med leveransar er i 1775, 1791 og 1792, med til saman ca. 3,4 tonn talg.²¹⁷ Storparten av dette er ikkje berre levert av Ola, og vi får heller ikkje vite kor mykje dei får i betaling for desse leveransane desse åra.

Kolltveit skriv at Ola og sonen hans dreiv med kongsberghandel i 1781.²¹⁸

Bygdebokforfattaren oppgjev dessverre ikkje kvar han har denne informasjonen frå, og heller ikkje kven av dei fire sønene sine Ola reiste i lag med. Eg har prøvd å finne ut av dette, utan hell. Likevel kan dette tyde på at det var vanleg at talghandlarane ikkje berre hadde med seg talg på hesteryggane over til Kongsberg, men at dei også truleg nytta anledninga til å handle andre varer med innbyggjarane i den nye byen. Både Ola og Anna vart svært gamle, det var difor ikkje mykje å skifta etter kona då ho gjekk bort i 1805. Buet ho etterlet seg hadde ein verdi på ca. 40 riksdalar, der sølvet var verdt 4 riksdalar, senge- og gangklede var takstert til 11 riksdalar og små- og storfe var også satt til 11 riksdalar.²¹⁹

Mikkel Tollefsson Kråkevik (1716-1790)

Mikkel var den andre sonen til Tollef og bygsla bruket på Kråkevik etter faren i 1753. Dei tidlegaste leveransane etter Mikkel er registrert i bergkasserekneskapan. I 1748 og 1750 leverar han høvesvis 389 kg og 383,5 kg talg. For dette fekk han betalt 145 riksdalar.²²⁰

²¹⁶ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper, DjB L0040, 1742, DjB L0048 1750.

²¹⁷ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0072 1775, Ddb L0078 1791, L0079 Ddb.

²¹⁸ Kolltveit 1971:378. Bd. 4,1.

²¹⁹ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A.a. 4 1797-1851, s. 155.

²²⁰ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, Bergkasseregnskaper, DjB L0046 1748, DjB L0048, 1750. Skifteår: 1786.

Deretter skal det gå mange år før vi treffer på Mikkel igjen. I 1765, 1774 og 1776 leverer han og eit ukjend reisefølgje til saman ca. 2,9 tonn talg.²²¹ Kjeldesituasjonen er den same for Mikkel som for Ola – få registreringar og i dei leveransane som er registrerte etter 1765, står han nedteikna som hovudleverandør for eit reisefølgje. Difor får vi ikkje vite kor mykje av talgen som var hans og heller ikkje kor mykje han fekk i betaling. Dermed veit vi heller ikkje om Mikkel tente gode pengar på talghandelen. Som vist er ein av hovudutfordringane med kjeldematerialet mitt at det manglar mange år og at samlebeskrivingar som «med følgje» vert nytta. Det kan sjå ut som om at dette får størst utslag for dei talghandlarane som leverte talg etter 1760.

Mikkel dreiv ikkje berre med talghandel. Han skal visst nok har vore ein føregangsmann innan fruktdyrking.²²² Igjen viser dette at fleire av talghandlarane også dreiv med andre næringar enn berre talghandel med Kongsberg Sølvverk. Trass i dette kan det sjå ut som om at verken talghandel eller fruktdyrking kan ha kasta mykje av seg for Mikkel sin del. Skifte etter han frå 1791 viser at han var konkurs då han døydde i 1790. Dødsbuet hadde verdier for 319 riksdalar. Vi får dessverre ikkje vite kva desse verdiane var, men vi kan lese at han hadde ei gjeld på til saman 514 riksdalar. Etter at verdiane vart fordelte mellom prioriterte menn, hadde buet ei restgjeld på 194 riksdalar. Dermed var det ikkje noe igjen å skifta etter Mikkel for etterkomerane hans.²²³

Her ser vi igjen eit tilfelle som visar at det kunne vere risikabelt å drive med handel. Kva som gjorde utslaget for Mikkel er ikkje godt å vite, men det ein kan trekkje ut av dette er at folk tok sjansen på å lukkast sjølv om fortjenesta kunne vere usikker.

Elling Tollefsson Rogdo (1719-1783)

Elling var den yngste sonen til Tollef. Vi finn han igjen under to ulike namn i rekneskapa, som Elling Kråkevik og Elling Rogdo. I tidsperioden 1745-1792 har eg greidd å registrera Elling 22 gongar på materialhuset, men rundt halvparten av gongane leverer han ikkje berre sitt eige talg, men også saman med andre. Desse leveransane utgjer totalt ca. 12,7 tonn. Av dette veit vi at Elling leverte ca. 3 tonn åleine, og fekk betalt til saman 534 riksdalar for dette.²²⁴ Kolltveit omtalar Elling som «handelskar». Kva type handelskar er ikkje godt å seie,

²²¹ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, Regnskap for materialhuset, Ddb L0072 1775, Ddb L0078 1791, Ddb L0079 1792.

²²² Kolltveit 1971:245. Bd. 4,1.

²²³ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 8b, 1788-1800, 246a.

²²⁴ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0051 1751, Ddb L0052 1752, Ddb L0057 1760, Ddb L0058 1761, Ddb L0059 1762, Ddb L0060 1763, Ddb L0063 1766, Ddb L0065 1768, Ddb L0066 1769, Ddb L0069 1772, Ddb L0070 1773, Ddb L0071 1774, Ddb L0074 1777, Ddb L0079 1792.

men i 1762 legg Elling saman med Torbjørn Bu ned protest mot at numedølane nekta hardingane å bruka den gamle driftevegen gjennom dalen til Kongsberg.²²⁵ Dette tyder på at handelen han dreiv retta seg austover. Då Elling døydde i 1783 inneheld skiftet etter han frå same år, verdiar på garden til 77 riksdalar og dessutan jordegods til 306 riksdalar. Etter at gjelda var gjort opp, sat dei som skulle skifte etter han igjen med 110 riksdalar.²²⁶

Ola, Mikkjel og Elling leverer alle talg i den perioden det var vanleg å nytte samlebeskrivingar som «med følgje». Dessutan har særleg bergkasserekneskapa lakuner frå 1760-talet av, nett i den perioden dei var aktive. Dette har resultert i at eg truleg ikkje har greidd å få fatt på alle dei gongane brørne var på materialhuset med talg, og kor mykje dei fekk i betaling for jobben. Ola, Mikkjel og Elling viser dermed først og fremst ei side ved handelen som ikkje rekneskap og tal kan – nemleg kontinuiteten. Far deira, Tollef, var ein føregangsmann innan talghandelen og sønene hans haldt fram med handelen også etter at han var gått bort. Dette tyder på at det var pengar å hente her, og truleg kombinerte dei talghandelen med annan handel når dei førte hestane over vidda.

Aslak Olsen Børve (1672-1750)

Dei aller første leveransane med talg frå Hardanger kom i 1714. Ein av dei som tok turen over vidda dette året var Aslak Olsen, som eg seinare har greidd å identifisere som Aslak Olsen Børve. Dette året leverete han, og eit ukjend reisefølge, 953,5 kg talg på materialhuset. I åra som følgjer var Aslak 10 gongar på Kongsberg og leverer til saman 9,3 tonn. Ved halvparten av leveransane står han som hovudleverandør, der resten av reisefølget ikkje vart førte inn med namn i rekneskapa. Dei gongane Aslak er identifisert aleine, leverer han ca. 2 tonn til saman, og for dette fekk han betalt ca. 354 riksdalar. Siste registrerte leveranse frå Aslak er gjort i 1723.²²⁷ Basert på dei registreringane eg har gjort av Aslak sitt oppmøte på materialhuset, handla han talg med sølvverket i 10 år.

I 1717 leverer Aslak ca. 1,4 tonn talg saman med ein Tollef Larsson. Det er mye mulig at dette er Tollef Larsson Kråkevik som vi vart betre kjende med tidlegare. Dersom vi ser tilbake til auksjonen 21. september 1726, fekk fem hardingar tilslag på denne. To av dei som fekk

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap DjB L0046 1748, DjB L0047 1749, DjB L0048 1750, DjB L0049 1751, DjB L0050 1752, DjB L0056 1760, DjB L0057 1761.

²²⁵ Kolltveit 1971:448. Bd. 4,1.

²²⁶ Statsarkivet i Bergen, Sørenskrivaren i Hardanger og Voss, A. c. 8a 1779-1788, s. 78.

²²⁷ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0015 1714, Ddb L0017 1716, Ddb L0018 1717, Ddb L0019 1718, Ddb L0020 1719, Ddb L0021 1720, Ddb L0022 1721, Ddb L0024 1723.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap, DjB L0013 1716, DjB L0015 1718, DjB L0016 1719, DjB L0017 1720, DjB L0018 1721, DjB L0019 1723.

tilslag var nettopp Aslak Olsen Børve og Tollef Larsson Kråkevik.²²⁸ Året etter, 1727, leverer Tollef «med følgje» talg til sølvverket.²²⁹ Her vert ikkje Aslak nemnd, men truleg var han ein del av dette reisefølgjet. Dette er eit godt døme på kor vanskeleg kjeldesituasjonen er. Tollef og reisefølgjet hans var altså på materialhuset med talg i 1727. Om Aslak var ein del av dette reisefølgjet leverte han altså talg til sølvverket fire år seinare enn det eg har greidd å registrere, som var i 1723.

I 1701 kjøpte Aslak 1 laup 18 ½ mark smør i garden på bruk 3 på Nedre Børve og vart sjølveigar. Her budde han saman med kona Kari Helgesdotter Øvre Børve (1677-1742). Dei fekk ingen barn. Aslak har truleg tent gode pengar på talghandlen og Kolltveit omtalar han som ein velhalden mann og at han hadde pengar ute på rente.²³⁰ Skifte etter Aslak frå 1750 visar at dette stemmer bra. Då han døde i 1750 hadde han 87 riksdalar uteståande hos sambygdingar og dødsbuet hadde ein bruttoverdi på 117 riksdalar. Han hadde likevel ikkje så mykje sølv og dyr att på garden då han gjekk bort, høvesvis til ein verdi av 1 og 7 riksdalar.²³¹ Kari gjekk bort i 1742, og skifte etter ho frå 1743 visar at buet då hadde ein verdi på 249 riksdalar brutto. Av dette var det sølvverdiar til 49 riksdalar og jordegods til 120 riksdalar. Etter at gjeld var betalt, var buet på 212 riksdalar.²³²

Knut Sveinsson Helleland (1704-1761)

Knut er endå eit godt døme på korleis ulike næringar vart kombinerte. I tillegg til talghandel dreiv han også med hestehandel som hardingane, særleg dei som kom frå Espe, vart så kjende for på Austlandet. I tillegg dreiv han med annan handel då han, ifølgje Kolltveit, årleg greidde å selje mellom 55 og 74 kg smør.²³³ Han er i alt registert 11 gongar i rekneskapa på Kongsberg i perioden 1734-1752. I løpet av desse åra leverte Knut 1,4 tonn talg, og fekk 251 riksdalar i betaling. I 1740 leverer han 97 kg saman med Erik Urheim, og for dette fekk dei 15

²²⁸ Riksarkivet, Overbergamtet, sesjonsprotokoll 8 L0008, 1725-1727, s. 271.

²²⁹ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0028, 1727.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap, Djb L0023, 1727.

²³⁰ Kolltveit 1971:272. Bd. 4,2.

I bygdesoga nyttar Kolltveit innimellom små historier som gir oss eit innblikk i korleis livet til enkelte personar kunne vere. Om Aslak kan han fortelja: «Han skal ha vore ein god kunde hjå kroverten ved Nausto. Ein gong sat han og drengen der i ei drykkje veka til endes. Så fann Aslak ut at dei fekk sjå etter korleis det stod til heime. Men då dei kom opp på haugen og såg at husa stod der, sa han: «Eg tenkjer me tatlar nedatt, eg.» Og det gjorde dei.» Kolltveit 1971:272. Bd. 4,2. Det er ikkje godt å vite kvar Kolltveit har denne saga frå då han ikkje alltid oppgir kjeldene sine. Kanskje dette er ein av forteljningane som har gått vidare i generasjonar mellom folk i Sørfjorden.

²³¹ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 6 1748-1757, s. 145b

²³² Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 5b 1739-1747, s. 427b.

²³³ Kolltveit 1971:33-34. Bd. 4,2.

Myking 2015:248-249.

riksdalar.²³⁴ Som med dei andre talghandlarane kan Knut ha vore fleire gongar på materialhuset med talg, utan at han er registrert med namn i rekneskapen.

Det er ei anna interessant side ved Knut sine møter på materialhuset som vi skal sjå nærare på. Det har seg nemleg slik at ved fire anledningar leverer han talg på vegne av andre, men utan å ha med noe talg sjølv. I 1741 leverer han «vor» Mikkel Jensen Lutro, Erik Urheim og Erik Lofthus i den 8. bergverksmånaden. I 1746 er han igjen på materialhuset «vor» Mikkel. Til saman kom desse leveransane på ca. 396 kg talg og med seg tilbake til hadde han 75 riksdalar som måtte fordelast mellom dei han førte talgen for.²³⁵ I dette tilfellet ville det ha vore vanskeleg å gjere opp for seg dersom han fekk betalt i store setlar, 100 dalars bancosetlar, slik hardingane klaga på i 1782.²³⁶

Kan dette tyde på at Knut tok med seg talgen for andre på hestane som han skulle selja på Austlandet? Vi veit alt at talgførarane hadde gjort avtalar seg imellom at ingen kunne selje talglova si, eller løyve sitt om å føre talgen til Kongsberg, slik den tidlegare omtalte saka frå hausttinget i 1785 viser (sjå kap. 7). Den som braut denne avtalen måtte bøta éin riksdalar til fattigkassa. Unntaket var om det var deira *eigen* talg og at dei sjølv førte den.²³⁷ Om vi ser tilbake på dei fire leveransane som Knut førte over vidda på andre sine vegner, kan det verke som om at det i 1746 framleis var lov å føre talgen for andre.

Skifte etter Knut frå 1761 visar at også han tente gode pengar på å drive handel. Verdiane han etterlet seg vart vurdert til 437 riksdalar. 147 riksdalar av desse var uteståande fordringar. Knut hadde også 60 riksdalar i kontantar då han gjekk bort, og sølv til verdien av 31 riksdalar. Dyr og jordegods var taksert til høvesvis 12 og 14 riksdalar.²³⁸ Det er ikkje godt å skilje ut kva som kom frå talghandelen og kva som kom frå hestehandelen. Truleg hadde Knut med seg litt talg på hestane som han skulle selje. Det er likevel interessant å sjå at fleire av dei som dreiv med talghandel, også kombinerte den med handelen som i ettertid ikkje er like lett å måle.

²³⁴ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap, DjB L0032 1734, DjB L0038 1740, DjB L0039 1741, DjB L0042 1744, DjB L0043 1745, DjB L0050 1752.

²³⁵ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap, DjB L0039 1741, L0044 1746.

²³⁶ Myking 2015:246.

²³⁷ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger, I. Af. 8, 1785-1786, fol. 32b.

²³⁸ Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 7a 1757-1769, s. 88.

Endre Olson Litlatun (1713-1797)

Den siste talghandlaren som vi skal bli betre kjend med kom frå garden Litlatun i Eidfjord. Via Hjølmødal hadde gardsbrukarane her gode forbindingar til Hardangervidda og fleire eidfjordingar støla i områda her. Endre Olsen Litlatun, Gunnar Garatun og Olmod Røyso byrja ein gong på 1760-talet å støla i Hadlaskard, som ligg litt nordaust for Hårteigen inne på Hardangervidda. Hadlaskard ligg også i nærleiken av Kongsbergvaldet, der fleire av støl- og driftevegane møttest. Her ifrå kunne ein følgje Søre Nordmannsslepa, som gjekk til Kongsberg, eller Hardingslepa som gikk til Salpytt og Åmyri i Vinje, i Telemark. Stølane deira låg difor strategisk til, handelsmessig. Då Endre og grannane starta med å støla i Hadlaskard kom dei etter kvart i klammeri med driftekarane frå Sørfjorden. Dette fordi sørfjordingane lenge hadde nytta staden til å kvila hestane sine før turen gjekk vidare austover. I 1766 enda det heile med eit forlik som sa at eidfjordingane fekk behalda stølane, men dei fekk ikkje sleppa til andre.²³⁹

Endre var ein av fleire eidfjordingar som tok turen over Hardangervidda med talg til sølvverket. Eg har greidd å registrera sju oppmøte på materialhuset. Fem av desse, i åra 1757, 1763, 1764, 1766 og 1774, leverte Endre og eit ukjend følgje heile 10 tonn talg. Dei to åra Endre leverer aleine, i 1752 og 1780, kjøpte sølvverket til saman ca. 1,5 tonn talg av han.²⁴⁰ Nesten all informasjon om handelen Endre hadde med sølvverket er berre frå rekneskapen for materialhuset og vi får difor ingen opplysningar om kor mykje han tente på denne handelen. Men om vi gjer eit enkelt overslag, og seier at dei fekk ca. éin riksdalar per bismerpund som ofte var vanleg, fekk Endre og reisefølgjet hans 1667 riksdalar for den talgen dei leverte desse fem åra. Dei åra Endre leverte alene kan han ha fått utbetalt ca. 250 riksdalar.

Endre gifta seg med Guro Bårdsdotter i 1738, men ho døde berre to år seinare og dei fekk ingen born. Åtte år seinare gifta Endre seg med Herborg Guttormsdotter Erdal. Saman fekk dei sju born, der fire fekk vakse opp. Handelen gjorde Endre til ein velstående mann.²⁴¹ Skifte etter Herborg i 1783 viser at dødsbuet var ved 903 riksdalar og hadde ingen gjeld. Den yngste dottera deira, Guro, var endå ikkje gift då Herborg gjekk bort. Guro skulle difor få 100

²³⁹ Læg Reid, Tobias. & Læg Reid, Agnes. (1992). *Gards- og ættesoge for Eidfjord*, s. 258. Eidfjord: Eidfjord Kommune.

²⁴⁰ Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset, Ddb L0056 1757, Ddb L0060 1763, Ddb L0061 1764, Ddb L0063 1766, Ddb L0071 1774, Ddb L0077 1780.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap DjB L0050 1752.

²⁴¹ Læg Reid m. fl. 1992:258.

riksdalar, slik som dei andre syskena i si tid hadde fått til festemål og bryllaup. Dette skulle ho bruke til sitte eige festarmål ein dag.²⁴²

Oppsummering

Ein kan sjå fleire likskapstrekk mellom talghandlarane. I tillegg til å levere talg til sølvverket hadde talgleverandørane også med seg andre varer som dei selde på marknadane på Kongsberg. Dei dreiv dermed ikkje einsidig med talghandel. Det kan også sjå ut som om at handelen følgde generasjonane. Dette gjeld talghandelen, men også anna varehandel. Sidan talghandelen med sølvverket berre strakk seg over knappe 100 år, gjekk ikkje denne handelen over meir enn tre generasjonar. På ei anna side hadde anna varehandel eksistert mellom vest og aust lenge før talgbehovet frå sølvverket meldte seg. Denne type handel strakk seg difor over langt fleire slektsledd.

Ein måte å sikre verdier og framtida på var gjennom ekteskap. Utvalet av talghandlarar over viser nettopp dette. Fleire av dei slektene som dreiv med handel, om det så var varehandel, talghandel eller hestehandel, ser ut til å ha inngått strategiske giftarmål. Dette resulterte i sterkare skilnadar mellom fattig og rik. Dei som stod svakare stil økonomisk i samfunnet fekk sjeldan moglegheit til gifte seg til rikdom, medan dei rike vart endå rikare. Effekten av dette vart ein stadig sterkare elite av bønder.²⁴³ Ein elite som styrka posisjonen og statusen sin i samfunnet, gjennom ekteskap og ulike ansvarsoppgåver.

Å få tildelt ansvaret som lagrettemann eller kyrkjeombodsmann gav høg status blant sambygdingane. Dei som fekk tildelt desse oppgåvene kunne som oftast skriva, rekna og lesa, i motsetnad til størsteparten av allmugen. I tillegg stadfesta dette ansvaret endå betre den posisjonen somme handelskarar hadde i samfunnet, då denne rolla ofte hang saman med at ein var velstående. Gjennom denne posisjonen kom rikdommen til syne. Ein annan synleg rikdom var sølv, noe dei fleste talghandlarane som er presenterte i utvalet hadde ein god del av. Sølv var ei vare som stod høgt i verdi, som gav både økonomisk tryggleik og synleg velstand. Skifta viser at fleire av desse også hadde moglegheit til å låne ut pengar til sambygdingar. Det betyr at desse handelskarane heller ikkje hadde noe problem med å betala eigne utgifter.

Likevel kan det sjå ut som om at det ikkje berre var positive sider ved å drive med handel. Handelskarane tok sjansar når dei batt seg opp til leveransar med sølvverket og kunne bli stilt for tinget dersom dei ikkje greidde å levere den talgen dei hadde gjort lovnadar om. Risiko for

²⁴² Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll A. c. 8a 1779-1788, s. 76b.

²⁴³ Myking 2015:271.

konkurs var også tilstade og på vegen til og frå Kongsberg kunne liv gå tapt. Kva var det då som dreiv hardingane til å dra tunge slep med talg, og andre varer, på kløvhestar over Hardangervidda til Kongsberg?

Kap. 9 Kva var drivkreftene i handelen til hardingane?

Tida er no komen for å vende tilbake til det som var utgangspunktet for denne oppgåva, drivkreftene i den norske bondeøkonomien før det store hamskiftet. Målet mitt var å testa ulike økonomiske teoriar opp mot handelsaktiviteten til hushalda i Hardanger på 1700-talet.

Det er tydeleg at det i dette området vart drive ein utstrekt handel både aust for Hardangervidda og vestover mot Bergen og Stavanger. Det er likevel liten tvil om at handelen med gruvebyen Kongsberg og sølvverket der, særleg frå dei indre områda i Hardanger, var den viktigaste. Her selde dei slaktedrifter og bondevarer, både slike som kom frå eigen gard og varer som dei hadde kjøpt opp i og utanfor Hardanger. Det meste av denne handelen, både den som gjekk vestover og den som gjekk austover vidda, er vanskeleg å kvantifisere. Unntaket er den talgen som vart brukt til smørjing og lys i gruvene.

I arbeidet med denne oppgåva har eg funne ut at hardingane leverte talg til sølvverket i åra 1714 til 1794. I løpet av denne tida hadde dei med seg til saman ca. 700 tonn talg på hesteryggane og til dette trong dei til saman om lag 10 000 hestar. Hardingane leverte 56% av den talgen som sølvverket kjøpte i denne perioden. I alt er det registrert 1327 leveransar med talg frå Hardanger. Dette talet baserer seg på oppmøte frå hardingane på materialhuset. Her har ein person kan ha blitt talt opp fleire gongar dersom han leverte talg meir enn éin gong.²⁴⁴ Utan å gå noe vidare inn på dette her, vil eg minne om at bruken av samlebeskrivingar av reisefølgjer i ulike år gjer dette til eit minimumsoverslag. I dei 55 åra vi har informasjon om betaling vart det frakta 66 154 riksdalar brutto tilbake til Hardanger. Mesteparten av desse pengane gjekk til gardane langs Sørfjorden, men utover 1700-talet auka også interessa for talghandelen i grannekommunane i Hardanger.

Er det så råd å forklare den omfattande handelsaktiviteten til hushalda i indre Hardanger ut frå noen av dei økonomiske teoriene som vart introdusert i byrjinga av oppgåva? Vi skal no samle trådane og prøve å svare på dette med utgangspunkt i synspunkta til Chayanov/Østerud, Lunden og Tveite. Var aktiviteten deira styrt av balansen mellom arbeid og forbruk, eller var dei ein del av ein kommandoøkonomi der dei vart tvinga til å driva handel? Eller var handelen eit resultat av at dei produserte det som svarta seg best og at dei omsette desse varene på ein marknad?

Uansett drivkraft, må vi først ta omsyn til dei grunnleggjande behova eit hushalda på Vestlandet hadde. Desse var for det første pengar til å betale skattar og avgifter, og for det

²⁴⁴ Det var truleg fleire andre som var involverte då handelskarane måtte ha med seg hjelparar til å halde styr på hestane.

andre pengar, eller bytevarer, til å skaffe dei mest naudsynte varene som hushaldet trong. Staten og jordherrane kravde betaling i form av pengar. Dette var ei vare hushalda ikkje kunne produsere sjølve, og bøndene måtte difor ta i bruk marknadane.²⁴⁵ For eit bra stort gardsbruk med ei skattekyld på mellom ein halv og ein heil laup smør på Vestlandet, ville skattane ligge i mellom 4 og 8 riksdalar.²⁴⁶ Både Chayanov/Østerud, Tveite og Lunden vil nok seie seg samde i at bøndene måtte nytte markanden på ein eller annan måte for å dekkje desse behova. I mange område hadde bøndene også bruk for å kjøpa matkorn. Slik var det ikkje alle stader i Hardanger. Fleire av sokna i indre Hardanger var sjølvforsynte med korn, mellom dei Ullensvang, Kinsarvik og Eidfjord. Det var difor truleg dei færreste som hadde bruk for å driva bytehandel for å skaffa seg korn. Kva var det då som dreiv dei til å driva handel?

«Arbeid-forbruk balansen» - Chayanov og Østerud

Med utgangspunkt i Chayanov sin teori om den russiske bondeøkonomien, meiner Østerud at ein kan sjå liknande tendensar i den norsk bondeøkonomien før ca. 1850. Østerud visar til at så lenge behova til huslyden var tilfredsstilte, ville ikkje bøndene arbeide meir – sjølv om dette kunne gje eit overskot. Dei gongane bøndene ville nytte seg av marknaden, var berre for å dekke dei mest akutte behova og til å skaffe seg pengar slik at dei kunne betale skattar og avgifter.

Eit døme på denne tankegangen finn vi i ei innberetning frå 1785 frå Fana utanfor Bergen. Her spør lagmann Werner Hosewinckel Christie ein leiglendingsbonde på Hop kvifor han ikkje arbeidde meir for å få meir ut av garden, slik som naboen på grannegarden. Då svara leiglendingen: «Min Naboe sidder for saa store Udgifter, at hand er nødt dertil, men jeg trænger ikke om at tage mig Verden saa nær.»²⁴⁷ Begge sat på like store gardsbruk, men denne naboen var i motsetning til leiglendingen paktar på ein av lystgardane i Fana og betalte det mangedoble av leiglendingen i leige kvart år. Naboen til leiglendingen var altså nøydd til å arbeide meir for å møte dei utgiftene han hadde. Leiglendingen på si side hadde ikkje dei same utgiftene, og meinte då at han ikkje trong å arbeide meir. Han var nøgd så lenge behova var dekte. Det var ikkje så viktig å få mest mogeleg ut av gardsbruket.

²⁴⁵ Tranberg, Anna m. fl. 1996:109.

²⁴⁶ Døssland, Atle. (1998). *Strilesoga: Nord- og Midhordland gjennom tidene. Frå 1650 til 1800*. Band 3, s. 83. Bergen: Eide forlag.

Myking, John Ragnar. (1990). *Fana bygdebok. Bønder nær byen 1665-1870*. Bind 2, s. 216. Bergen: Fana bygdeboknemnd.

²⁴⁷ Tranberg, Anna m. fl. 1996:109-110.

Dette viser at enkelte norske hushald kunne tenkja slik teorien til Chayanov og Østerud legg opp til. Likevel er det vanskeleg å overføra denne tenkjemåten til den handelsaktiviteten vi veit hardingane heldt på med. Hardingane produserte langt utover konsumbehovet til familien, og dei la ned mykje arbeid i å kjøpa opp varer dei ikkje produserte nok av sjølve, slik at dei kunne selja dei på marknaden på Kongsberg eller til sølvverket. Det gjeld ikkje minst talghandelen. Hardingane måtte leggje ned mykje arbeid for å få tak i nok talg. Når dei ikkje kunne skaffa all talgen dei hadde gjort lovnadar om å levere frå eigen gard, reiste dei vidt rundt for å kjøpe den av andre. Deretter gjekk turen mil etter mil med kløvhestar over Hardangervidda. Dei måtte vere sterke menn, dei som greidde denne turen.

Det var ikkje berre hardt arbeid som vart lagt ned for å få tak i all talgen. På turane til og frå Kongsberg hendte også det at ein hest tråkka feil å før på elva saman med mann og varer. I Kolltveit sine bygdesoger finst det mange forteljingar om handelskarar som drukna på turen. Ein kan difor seie at hardingane dreiv handelen med livet som innsats. Kva var det som gjorde det at handelen var verd strevet? Skifte etter fleire av talghandlarane visar at dei etterlet seg store verdiar i sølv, jordgods, krøter og pengar, som strakk seg langt over det daglege behovet til huslyden sjølv. Vi må difor konkludera med at innsatsen bak denne handelen gjekk langt utover arbeid-forbruk balansen og at mange av dei som dreiv denne handelen slett ikkje levde i subsistensorienterte hushald.

«Kommandoøkonomi» - Lunden

Ifølge Lunden kan motivasjonen bak produksjonen til bøndene frå midten av 1600-talet og fram til midten av 1800-talet ha vore resultatet av ein kommandoøkonomi. Det vil seie at bøndene produserte for å imøtekoma krava frå staten, kyrkja og jordherrar, slik at dei kunne betale skattar og avgifter. Lunden meiner vi først må trekkje i frå det som kom av kommandoøkonomiprestasjonar, før ein eventuelt kan snakke om ein marknadsaktivitet. Restressursane som bøndene sat igjen med stod dei fritt til å bruke som dei ville. Han er likevel skeptisk til at bøndene tok i bruk marknaden ut over dette. Marknaden var ustabil og kunne gje økonomiske tap. Dei ville heller valt sikkerheit framfor størst mogleg inntekt og overskot.

Eg ønskjer å trekkje fram ein tydeleg likskap mellom Chayanov/Østerud og Lunden. Uansett om ein kallar produksjonen for kommandoøkonomiprestasjonar eller ein arbeid-forbruk balanse var likevel behova til huslyden var mykje dei same. Når desse var dekte ville bøndene truleg ikkje ta i bruk marknaden. Det som må fokuserast på er heller det som ligg *bak innsatsen* til bøndene. I teorien til Chayanov/Østerud er det familiehuslyden som står i

sentrum og vart driven av ein indre motivasjon til å dekke behova. Lunden på si side vektlegg at produksjonen til bøndene vart driven av ytre faktorar for å imøtekoma krava.

Også Lunden sin teori let seg vanskeleg sameina med handelsaktiviteten til hushalda i indre Hardanger, og spesielt ikkje med det vi no veit om aktiviteten til dei som leverte talg til sølvverket. Som vi har sett kunne skatten på det meste komme opp mot 8 riksdalar for eit bra stort gardsbruk i dette område. Etter at desse utgiftene var dekte, ville bøndene ifølge Lunden truleg ikkje nytta seg noe vidare av marknaden. Denne tankegangen stemmer ikkje overeins med aktiviteten til handelskarane frå Hardanger. Dei utvida faktisk handelen etter at sølvverket slepte dei inn som talgleverandørar. Dette gjorde dei nok ikkje for å kunne møte krav som skattar og avgifter. Slike krav fekk dei truleg alt dekt gjennom anna handel på Kongsberg. Om vi trekkjer frå det som eventuelt var eit resultat av kommandoøkonomien, ser det ut til at hardingane hadde inntekter som langt oversteig dette. Dei har dermed nytta marknaden til langt meir enn berre til å selje restressursane sine, om ein skal bruke Lunden sine omgrep. Dei reiste også land og strand rundt for å kjøpe opp talg som dei kunne selje til sølvverket. Dermed kan ikkje drivkrafta i handelen mellom vest og aust forklarast som eit resultat av kommandoøkonomi.

Hardingane var heller ikkje pålagde å levere talg til sølvverket. Talgleveransane vart ei stund lagt ut på auksjon som enkeltpersonar kunne by på, seinare vart auksjonane overført til allmugen i Hardanger der dei som ville fekk talglov av lensmannen og futen. Heile perioden det er registrert talgleveransar frå Hardanger, 1714-1794, skjedde talgleveransane dermed på frivillig grunnlag. Det tyder heller ikkje på at denne handelen var eit resultat av ein kommandoøkonomi. Utvidinga av marknadshorisonten strir også strekt imot det Lunden hevdar om at bøndene produserte etter tradisjonar og sedvanar. Talgleveransane var store i omfang og gardbrukarane frå Hardanger hadde ingen tradisjonar i å produsere talg på eit slikt høgt nivå.

Likevel må vi gje Lunden rett på eitt punkt. Det å stole på marknaden kunne gje store økonomiske tap. Peder Olsson Indre Jåstad skal ha tent gode pengar på talghandelen. Han dreiv også med anna varehandel og arva dessutan ein del verdiar etter foreldra. Likevel gjekk alt han eigde på auksjon i 1738. Dette viser risikoen og ustabiliteten i handelen. Det same kan seiast om lagnaden til Mikkel Tollefsson Kråkevik. Slik som faren, handla også Mikkel talg med sølvverket, men han dreiv også med frukt dyrking. Likevel resulterte ikkje spesialiseringa i desse næringane i velstand for Mikkel, som tvert om var konkurs då han gjekk bort i 1790.

Lagnadane til Peder og Mikkel visar risikoen ved å drive med denne type handel som hardingane gjorde. Saka frå 1739-1740, der hardingane ikkje greidde å levere nok talg, synar også sjansane dei tok med å gjere lovandar om å levere store talgmengde på materialhuset til sølvverket året etter. Sidan dei ikkje kunne skaffe all talgen sjølv frå eigen buskap, var dei difor avhengige av å få kjøpt opp nok talg av andre. Det fekk dei ikkje i 1740, og dette resulterte i at sølvverket stilte dei for tinget for brot på leveringsavtalen dei hadde inngått året før. Trass i desse utfordringane engasjerte hardingane seg sterkt i handelen. Ein kan då spørje seg kvifor dei tok denne risikoen. Om hardingane ikkje berre var drivne av kommandoøkonomiprestasjonar og behov, kva var det då som dreiv dei til å dra tunge slep med talg over Hardangervidda?

«Det som svarte seg best» - Tveite

Det kan sjå ut til at Tveite sin teori samsvarar bra med den mentaliteten vi finn iblant talghandlarane og andre bønder frå Hardanger. Tveite meiner at målet til bøndene frå 1600-talet til 1800-talet var å produsere det som svarta seg best. Utviklinga i næringar som fiske, skogbruk, fedrift og åkerbruk visar at bøndene på denne tida ikkje satsa på sjølvbergning. Litt eigenproduksjon var det likevel på alle gardar. Ved kalkulerte val spesialiserte bøndene seg i ei næring med mål om størst mogleg utbytte av den. Tveite meiner at måten å oppnå størst mogleg inntekt på var gjennom marknaden.

Som vist handla hardingane varer med Bergen, Stavanger og trelastoppkjøparar frå Skottland. Dei var også i Telemark for å selje hestar og drive med annan varehandel. Varehandelen strakk seg også vidare austover til byar som Kongsberg, Drammen og Kristiania. I talgbehovet til sølvverket fann dei ei ny næring som dei etter kvart spesialiserte seg innan. Hardingane framstår difor meir som handelsentreprenørar enn bønder, og dei tilpassa handelsaktiviteten sin etter den marknaden som oppstod. Dette resulterte i gode inntekter som strakk seg langt utover behovet til huslyden. Det kan verke som om at hardingane dreiv med kongsberghandel for å oppnå størst mogleg inntekt.

I 1738 reiste til saman 26 hardingar med om lag 270 hestar og litt over 19 tonn talg kløyva på hesteryggen til sølvverket på Kongsberg. For dette fekk dei betalt 2927 riksdalar, som i snitt er ca. 113 riksdalar per person. Om skattane for eit gardsbruk låg i underkant av 8 riksdalar, ville til dømes ein av desse handelskarane ha ca. 103 riksdalar att. Sidan dei ikkje kunne skaffe all talgen frå eit gardsbruk, hadde dei folk å gjere opp med når dei kom heim. Desse avtalane har vi ikkje skriftlege kjelder etter, så vi kan dessverre ikkje seie sikkert kor mykje oppkjøparane sat igjen med i nettoformue. Saken frå 1767 illustrerer likevel godt viljen til å

levere talg. Futen vart nærast rent ned av bønder som ønska talglov i iveren etter å tene pengar. Dette kan vise at det var gode pengar å tene på talghandlen og truleg sat dei igjen med ein grei profitt etter at dei hadde gjort opp for seg, slik skiftematerialet etter fleire av talgleverandørane tyder på.

Sosial status?

Tankegongen til Tveite er den som passar best med det vi har funne ut om handelen i Hardanger. Men forklarar den eigentleg kvifor handelsaktiviteten var større enn dei materielle behova til hushaldet? Konsumbehova i fleire av sokna i Hardanger var allereie dekkja av eigenproduksjon. Mellom dei var Ullensvang, Kinsarvik og Eidfjord. Handelskarane her ifrå trong difor ikkje å kjøpa eller byta til seg naudsynte varer for å tilfredsstilla behova til huslyden. Med litt handel kunne dei også greitt imøtekoma skattar og andre avgifter. Etter at alle skattane var betalt og dei nødvendige varene var kjøpte inn, kva dreiv så hardingane til å skaffa seg eit større overskot? Kvifor var dei då villige til å leggja så mykje innsats i eit livsgrunnlag som kunne by på utfordringar i form av farefylte turar over vidda, ein ustabil marknad, konjunkturar hjå sølvverket, og moglegheiter for å ikkje greie å oppfylle ordrane?

På 1700-talet var dei fleste næringane, også jordbruket, lite kapitalkrevjande og reiskapskulturen enkel. Utanom vedlikehald av reiskapane, gjekk det mindre summar til vedlikehald av eksisterande bygningar på garden. Det var elles lite anna å reinvestera i.²⁴⁸ Det kan likevel sjå ut som om at hardingane fann andre måtar å ta overskotet i bruk. I skifta etter fleire av talghandlarane var det mykje sølv å finne. Først og fremst gav sølv tryggleik då det held seg i verdi og kunne lett omsetjast til pengar i vanskelege tider. Dersom handelen gav overskot var sølv den mest praktiske investeringa ein kunne gjere. I tillegg til tryggleik, var sølv ein synleg rikdom. Sølv hadde høg verdi i samfunnet og gav status hjå sambygdingane. Eit staseleg bryllaup med brurekrone, belte av sølv på bunaden og sølvkrus og messinglysestakar på borda gav status. At det heller ikkje vart spart på matvarer og drikke i festlege lag gjorde også inntrykk på sambygdingane.

Observasjonane til Erik Pontoppidan om korleis strilane frå Nord- og Midhordland pynta seg i kyrkja kan truleg overførast til Hardanger. Ringane som dei bar på fingane skulle «give Lyde og Anseelse».²⁴⁹ Ikkje berre skulle dei bli sett, men også dei som sat bakarst i kyrkja skulle høyre lyden av rikdomen. Slikt gav grunnlag for status og gode giftarmålsalliansar. Det gav også bygdas beste menn og kvinner retten til å sitja lengst framme i kyrkja, eller om dei

²⁴⁸ Myking 1996:110-111.

²⁴⁹ Myking 1996:113.

lukkast fullt ut, å verta gravlagde under kyrkjegolvvet når deira tid var omme. Også i Gud sitt hus skulle skilnadane synast og det var handelen som la grunnlaget for dei store skilnadane mellom rik og fattig i Hardanger. Med auka status auka også sjansane for å få ærefulle verv i lokalsamfunnet. Fleire av dei som dreiv med handel på Kongsberg var menn som ofte vart utnemnde som lagrettemenn, presten sin hjelpar, kyrkjeombodsmann og lensmann.

Det er altså jakta på status ein sit att med som den viktigaste drivkrafta i handelen til mange av handelskarane vi har møtt i dette arbeidet. I denne jakta nytta dei seg av «det som svarte seg best».²⁵⁰ Det vil seia at dei produserte eller kjøpte dei varene som dei kunne få ei forteneste av på marknaden, i første rekkje marknaden på Kongsberg og sølvgruvene der. Slik sett har forsøket på å testa ulike teoriar på eit konkret materiale ført fram, endå om desse teoriane ikkje tek omsyn til det som synest å vere det viktigaste i bygdesamfunna i Hardanger; status i lokalsamfunnet.

Det er likevel farleg å overføra desse funna til alle typar bondesamfunn i Noreg og dei treng heller ikkje gjelda for alle hushald i Hardanger. Mine slutningar baserer seg i første rekkje på det kjeldematerialet som er å finne om talghandelen og handelsmenn som nytta seg av denne marknaden. Men det var ikkje alle som dreiv med like utstrekt handel i Hardanger som dei eg har trekt fram i dette arbeidet. Forteljinga om leiglendingen og paktaren på nabogarden i Fana frå 1785 kan vere ei påminning om at også andre tenkjemåtar kan ha spelt ei rolle, endå om eg ikkje har kunne påvist noe slikt i mitt materiale.

²⁵⁰ Tveite 1959:31.

Referansar

Kjelder

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset,

Ddb L001- Ddb L0106, 1694-1815.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskap,

Djb L0001- Djb L0062, 1694-1812.

Riksarkivet, Overbergamtet 1621-1830, resolusjonsprotokoll 9 L0009, 1738-1742.

Riksarkivet, Overbergamtet 1621-1830, sesjonsprotokoll 8 L0008, 1725-1727, side 271.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.a. 4, 1797-1851.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 1, 1695-1707.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 5b, 1739-1747.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 6, 1748-1757.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 7a, 1757-1769.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 7b, 1769-1779.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A.c. 8a, 1779-1788.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, skifteprotokoll

A. c. 8b, 1788-1800.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger,

I. Af. 8, 1785-1786, fol. 7a.

Statsarkivet i Berge, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger,
I.Af.8, 1785-1786, fol. 33a.

Statsarkivet i Bergen, Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, tingbok for Hardanger,
I. Af. 8, 1785-1786, fol. 32b.

Litteratur

- Berg, Bjørn Ivar. (1982). *Riksdalar på sledeføre. Hestekjørsel ved Kongsberg Sølvverk i første halvdel av 1700-tallet*. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo.
- Berg, Bjørn Ivar. (1993). *Kulturminnet Kongsberg Sølvverk: Uarbeidet for Riksantikvaren av Norsk Bergverksmuseum*. Kongsberg: Norsk Bergverksmuseum.
- Berg, Bjørn Ivar. (1996). *Bergverk og bondeøkonomi i Buskerud, Vestfold og Telemark*. I Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bergens Tidende AS. (2012). *Kartbok for Vestlandet. Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland* (6. utg.). Bergen: Scanner Grafisk AS.
- Dyrvik, Ståle. (2011). *Norsk historie 1536 – 1814: vegar til sjølvstende*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Døssland, Atle. (1998). *Strilesoga: Nord- og Midhordland gjennom tidene. Frå 1650 til 1800*. Band 3. Bergen: Eide forlag.
- Haarstad, Kjell. (1976). Perspektiver på hamskiftet. *Historisk tidsskrift*, bd. 55, 113-124.
- Helle, Knut., Dyrvik, Ståle., Hovland, Edgar. & Grønlie, Tore. (2013). *Grunnbok i Norges Historie: fra vikingtid til våre dager*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Helleberg, Odd Arne. (2010). *Kongsberg Sølvverk 1623-1958: Kongens øyensten – rikenes pryd* (2. utg.). Kongsberg: Sølvverkets venner.
- Kjeldstadli, Knut. (1999). *Fortida er ikke hva den engang var - en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Kolltveit, Olav. (1963). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 1. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.
- Kolltveit, Olav. (1967). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 3,1. Odda, 1. halvbandet. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.
- Kolltveit, Olav. (1967). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 3,2. Odda, 2. halvbandet. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.

- Kolltveit, Olav. (1971). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 4,1. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.
- Kolltveit, Olav. (1971). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 4,2. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.
- Kolltveit, Olav. (1794). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga, bd. 5,2. Odda, Ullensvang og Kinsarvik bygdeboknemnd.
- Lunden, Kåre. (1980). Norsk økonomi under dansk styre. *Historisk tidsskrift*, bd. 59, 88-108.
- Lunden, Kåre. (1981). Bondeøkonomien ca. 1700-1975. *Historisk tidsskrift*, bd. 60, 180-196.
- Lunden, Kåre. (1981). Norsk økonomisk historie 1500-1850. Sluttord. *Historisk tidsskrift*, bd. 60, 180-196.
- Lunden, Kåre. (1996). Norsk bondeøkonomi i «førindustriell tid». *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift*, bd. xxxiii(nr.3), 235-244.
- Læg Reid, Tobias. & Læg Reid, Agnes. (1992). *Gards- og ættesoge for Eidfjord*. Eidfjord: Eidfjord Kommune.
- Myking, John Ragnar. (1990). *Fana bygdebok. Bønder nær byen 1665-1870*. Bind 2. Bergen: Fana bygdeboknemnd.
- Myking, John Ragnar. (1996). Byen og omlandet. Vestlandsk hushaldsøkonomi på 1600- og 1700-talet. I Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Myking, John Ragnar. (2015). Det gamle gardssamfunnet. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger: ei regionhistorie. Før 1750*. Bind 1. Bergen: Fagbokforlaget.
- Myking, John Ragnar. (2015). Handel, næring og folketalsutvikling. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger: ei regionhistorie. Før 1750*. Bind 1. Bergen: Fagbokforlaget.
- Myking, John Ragnar. (2015). Eigedom og sosial lagdeling. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger: ei regionhistorie. Før 1750*. Bind 1. Bergen: Fagbokforlaget.

- Myking, John Ragnar. (2015). Embetselite og bondeelite. I Myking, John Ragnar., Ugulen, Jo Rune. & Økland, Bård Gram. *Hardanger: ei regionhistorie. Før 1750*. Bind 1. Bergen: Fagbokforlaget.
- Mykland, Liv. (2005). *Håndbok for brukere av statsarkivene*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Roland, Hilde. (2001). *Prosjekt Nordmannsslepene*. Drammen: Buskerud Fylkeskommune.
- Thorner, Daniel., Kerblay, Basile., & Smith, R., E., F. (1986). *A.V. Chayanov on The Theory of Peasant Economy*. Madison, Wisconsin: The University of Wisconsin Press.
- Tranberg, Anna. & Sprauten, Knut. (Red.). (1996). *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Tveite, Stein. (1959). *Jord og Gjerning. Trekk av norsk landbruk i 150 år: Det Kongelige Selskap Norges Vel 1809-1959*. Kristiansand: I kommisjon hos A.s Bøndernes Forlag.
- Tveite, Stein. (1981). Kva for ein bonde? Kva for ein økonomi? *Historisk tidsskrift*, bd. 60, 197-204.
- Østerud, Øyvind. (1975). Nytt perspektiv på hamskiftet. *Historisk tidsskrift*, bd. 54, 120-129.
- Østerud, Øyvind. (1976). Tilsvar om hamskiftet. *Historisk tidsskrift*, bd. 55, 356-359.

Nettsider

Arkivverket. (2013, 4. februar). Bøndene hadde også politiske rettar før 1814.

Henta 26. april 2015

<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivverket/Stavanger/Nettutstillingar/Stemmerettsjubileet-1913-2013/Den-lange-vegen-mot-allmenn-stemmerett/Boendene-hadde-ogsaa-politiske-rettar-foer-1814>

Bismerpund. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 5. mars 2015 <https://snl.no/bismerpund>

Et consortes. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 16. februar 2015

https://snl.no/et_consortes

Skilling. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 6. mai 2015 <https://snl.no/skilling>

Skirbekk, Sigurd. (ukjend år). Idealtipe. I *Store norske leksikon*. Henta 20. september 2014

<http://snl.no/idealtipe>

Skålpund. (2009). I *Store norske leksikon*. Henta 5. mars 2015

<https://snl.no/sk%C3%A5lpund>

Store norske leksikon og Thorsnæs, Geir. (2015). Kongsberg – kommune i Buskerud. I *Store Norsk Leksikon*. Henta 12. mai 2015 https://snl.no/Kongsberg/kommune_i_Buskerud

Vedlegg

Vedlegg 1: Talg levert på materialhuset til Kongsberg Sølvverk 1694-1815.

År	Totalt, i kilo	Talg frå kjøpmenn og andre leverandørar frå Austlandet i kilo	Talg frå Hardanger i kilo: «sikre hardingar»	Prosent av samla leveransar: «sikre hardingar»	Talg frå Hardanger i kilo: «mogleg hardingar» (sikre + moglege)	Prosent av samla leveransar: «moglege hardingar» (sikre + moglege)
1694	9284,25	9284,25	0	0	0	0
1695	9752	9752	0	0	0	0
1696	11806,375	11806,375	0	0	0	0
1697	17710,5	17710,5	0	0	0	0
1698	17445,5	17445,5	0	0	0	0
1699						
1700						
1701	12397,25	12397,25	0	0	0	0
1702						
1703	16209	13480,5	0	0	0	0
1704	13922	16650,5	0	0	0	0
1705	34245,5	34245,5	0	0	0	0
1706	17241,25	13296	0	0	0	0
1707	14477	18422,25	0	0	0	0
1708						
1709	8147,5	8034	0	0	0	0
1710	3624,5	3624,5	0	0	0	0
1711	16905,25	16905,25	0	0	0	0
1712	17106	17106	0	0	0	0
1713	11858,5	11858,5	0	0	0	0
1714	19904	18643,5	960,5	5	1260,5	6
1715	19534,5	19187,5	151,5	1	347	2
1716	18239,5	14027,5	2892,5	16	4212	23
1717	21200,5	15610,5	3190	15	5590	26
1718	15113	11791,5	1658	11	3321,5	22
1719	13393,25	7984	4997,25	37	5409,25	40
1720	26574,75	23543,75	1396	5	3031	11
1721	23036	17700	4567	20	5336	23
1722	29075,5	20863,5	5214	18	8212	28
1723	28632,25	21106,25	6622	23	7526	26
1724	34076,75	23500,75	4348	13	10576	31
1725	11331	11331	0	0	0	0
1726	14721	13028,5	1272	9	1692,5	11
1727	19433,25	14384,75	4648	24	5048,5	26
1728	26298,75	18221,5	7932,5	30	8077,25	31
1729	2952	2952	0	0	0	0

1730	18207,5	18207,5	0	0	0	0
1731	12132	12132	0	0	0	0
1732	12000	12000	0	0	0	0
1733	477	0	477	100	477	100
1734	13838,5	8490,5	5052,5	37	5348	39
1735	13941,5	2020,5	11921	86	11921	86
1736	14304	602	13702	96	13702	96
1737	10382,5	0	10382,5	100	10382,5	100
1738	19185,5	0	19185,5	100	19185,5	100
1739	15109,5	0	14259	94	15109,5	100
1740	11928	0	11928	100	11928	100
1741	18510,5	8348	10162,5	55	10162,5	55
1742	19956	15085,5	4870,5	24	4870,5	24
1743	14138,5	2795,5	11343	80	11343	80
1744	19162,5	3181,5	15981	83	15981	83
1745	43701,5	22160,5	21541	49	21541	49
1746	23569,5	1775	21794,5	92	21794,5	92
1747	1967	96,5	1870,5	95	1870,5	95
1748	27353,5	8663,5	18690	68	18690	68
1749	21412,5	2116	19296,5	90	19296,5	90
1750	20762	988	19140	92	19774	95
1751	23353	3928	16451,5	70	19425	83
1752	19124	534,5	18589,5	97	18589,5	97
1753						
1754	18858	0	18858	100	18858	100
1755	10585	66,5	10518,5	99	10518,5	99
1756	3274,5	3274,5	0	0	0	0
1757	35340,75	17919,5	17421,25	49	17421,25	49
1758						
1759						
1760	15210	1416	13794	91	13794	91
1761	16889	12577,5	4311,5	26	4311,5	26
1762	20875	10474,5	10400,5	50	10400,5	50
1763	22240	5335	16905	76	16905	76
1764	16251	0	16251	100	16251	100
1765	24602,5	6476,5	18126	74	18126	74
1766	30512,5	7982,5	22244	73	22530	74
1767	16773,5	7800	8973,5	53	8973,5	53
1768	7455	0	7455	100	7455	100
1769	47709,5	35311	12398,5	26	12398,5	26
1770	16138	4296,5	9479	59	11841,5	73
1771	22207,5	1386,5	18988,5	86	20821	94
1772	21932	4627	15681	71	17305	79
1773	10601,5	0	10601,5	100	10601,5	100
1774	21933,5	7856	14077,5	64	14077,5	64

1775	36503	14972	20470,5	56	21531	59
1776	27776	7044	20732	75	20732	75
1777	18403,5	1200	17203,5	93	17203,5	93
1778	10216,5	2580	7636,5	75	7636,5	75
1779	15577	2400	12260,5	79	13177	85
1780	19074	3207,5	15866,5	83	15866,5	83
1781-1790						
1791	25701	5118,5	19726	77	20582,5	80
1792	22774	5484	17290	76	17290	76
1793	5806	5706	100	2	100	2
1794	19636	14350	5286	27	5286	27
1795	12502	12502	0	0	0	0
1796	4155	4155	0	0	0	0
1797	22014	22014	0	0	0	0
1798	12760	12760	0	0	0	0
1799	23561,5	23561,5	0	0	0	0
1800	4140	4140	0	0	0	0
1801	13200	13200	0	0	0	0
1802						
1803	10200	10200	0	0	0	0
1804	9600	9600	0	0	0	0
1805	6384,5	6384,5	0	0	0	0
1806	2736,5	2736,5	0	0	0	0
1807						
1808	1108,5	1108,5	0	0	0	0
1809	852,25	852,25	0	0	0	0
1810	103	103	0	0	0	0
1811	50	50	0	0	0	0
1812	58,5	58,5	0	0	0	0
1813	1031	1031	0	0	0	0
1814	415,5	415,5	0	0	0	0
1815	480	480	0	0	0	0
TOTALT:	1656372,88	923234,125	699543	42	733025,25	44

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper Djv L0001-Djb L0062, 1694-1812.

Vedlegg 2: Tal på personar som leverer talg til sølvverket 1694 – 1815.

År	Totalt	Talgleveransar frå «kjøpmenn og andre leverandørar frå Austlandet»	Talgleveransar frå «sikre hardingar»	Talgleveransar frå «moglege hardingar» (sikre + moglege)
1694	12	12	0	0
1695	16	16	0	0
1696	19	19	0	0
1697	24	24	0	0
1698				
1699				
1700				
1701	10	10	0	0
1702				
1703	10	10	0	0
1704	17	17	0	0
1705	16	16	0	0
1706	4	4	0	0
1707	10	10	0	0
1708				
1709	8	8	0	0
1710	3	3	0	0
1711	18	18	0	0
1712	14	14	0	0
1713	12	12	0	0
1714	53	44	3	9
1715	52	48	1	4
1716	30	16	6	14
1717	37	15	7	22
1718	20	5	7	15
1719	28	16	6	12
1720	23	13	8	10
1721	26	14	9	12
1722	25	17	4	8
1723	28	19	7	9
1724	17	10	4	7
1725	13	13	0	0
1726	20	16	3	4
1727	21	16	4	5
1728	19	5	12	14
1729	1	1	0	0
1730	1	1	0	0
1731	1	1	0	0
1732	1	1	0	0

1733	3	0	3	3
1734	16	2	12	14
1735	16	2	14	14
1736	22	1	21	21
1737	19	0	19	19
1738	26	0	26	26
1739	29	0	27	29
1740	46	0	46	46
1741	87	38	49	49
1742	35	7	28	28
1743	42	3	39	39
1744	54	1	53	53
1745	88	2	86	86
1746	91	1	90	90
1747	6	1	5	5
1748	58	3	55	55
1749	72	4	68	68
1750	63	2	60	61
1751	57	4	52	53
1752	72	1	71	71
1753				
1754	6	0	6	6
1755	9	3	6	6
1756	2	2	0	0
1757	18	4	14	14
1758				
1759				
1760	14	1	13	13
1761	15	4	11	11
1762	17	6	11	11
1763	22	5	17	17
1764	14	0	14	14
1765	23	4	19	19
1766	22	5	16	17
1767	16	2	14	14
1768	11	0	11	11
1769	23	8	15	15
1770	12	1	10	11
1771	23	1	21	22
1772	26	2	21	24
1773	16	0	16	16
1774	21	5	16	16
1775	29	3	25	26
1776	24	2	22	22
1777	22	1	21	21

1778	16	2	14	14
1779	19	1	17	18
1780	18	1	17	17
1781-1790				
1791	25	4	20	21
1792	32	4	28	28
1793	5	4	1	1
1794	16	10	6	6
1795	9	9	0	0
1796	16	16	0	0
1797	9	9	0	0
1798	3	3	0	0
1799	8	8	0	0
1800	4	4	0	0
1801	4	4	0	0
1802				
1803	5	5	0	0
1804	4	4	0	0
1805	6	6	0	0
1806	6	6	0	0
1807				
1808	5	5	0	0
1809	5	5	0	0
1810	3	3	0	0
1811	4	4	0	0
1812	2	2	0	0
1813	5	5	0	0
1814	2	2	0	0
1815	2	2	0	0
TOTALT:	2129	723	1327	1406

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper DjB L0001-DjB L0062, 1694-1812.

Vedlegg 3: Betaling for talg 1694-1812.

Årstal	Total	Riksdalar utbetalt til «kjøpmenn og bønder frå Austlandet»	Riksdalar utbetalt til «sikre hardingar»	Riksdalar utbetalt til «moglege hardingar» (sikre + moglege)
1694	1 647	1 647	-	-
1695	1 625	1 625	-	-
1696	2 123	2 122	-	-
1697	3 133	3 132	-	-
1698	3 029	3 028	-	-
1699				
1700				
1701	2 469	2 469	-	-
1702				
1703				
1704	2 530	2 530	-	-
1705	5 923	5 923	-	-
1706-1712				
1713	1 683	1 683	-	-
1714	3 146	-	-	-
1715	3 325	3 273	23	52
1716	3 107	2 457	447	650
1717	3 546	2 365	474	1 160
1718	2 556	2 003	276	553
1719	2 325	1 404	851	919
1720	4 873	4 358	233	514
1721	4 143	3 303	706	839
1722				
1723	5 004	3 739	1 110	1 264
1724	5 808	4 162	633	1 646
1725	1 992	1 992	-	-
1726	2 566	2 343	212	282
1727	3 361	2 541	757	819
1728	3 833	2 338	1 469	1 495
1729	492	492	-	-
1730	4 046	4 046	-	-
1731	2 417	2 417	-	-
1732	1 938	1 938	-	-
1733	2 487	2 415	73	73
1734	2 225	1 371	806	854
1735	2 216	323	1 891	1 891
1736	2 166	92	2 074	2 074
1737	1 514	-	1 514	1 514

1738	2 927	-	2 927	2 927
1739	2 308	-	2 046	2 308
1740	1 823	-	1 823	1 823
1741	3 577	1 665	1 907	1 907
1742	3 678	2 862	816	816
1743	2 806	876	1 930	1 930
1744	3 230	530	2 699	2 699
1745	8 938	4 617	4 321	4 321
1746	4 910	370	4 592	4 592
1747	369	18	351	351
1748	5 309	1 911	3 397	3 397
1749	3 873	317	3 607	3 607
1750	3 748	178	3 380	3 494
1751	4 215	708	3 408	3 476
1752	3 453	71	3 126	3 126
1753				
1754	3 405	-	3 405	3 405
1755	1 911	12	1 900	1 900
1756	887	887	-	-
1757	8 363	4 532	3 750	3 750
1758				
1759				
1760	2 631	236	2 393	2 393
1761	4 263	3 357	828	828
1762-1798				
1799	8 819	8 819	-	-
1800-1808				
1809	535	535	-	-
1810	1 188	1 188	-	-
1811	1 213	1 213	-	-
1812	1 385	1 385		-
TOTAL:	183 010	109 818	66 154	69 650

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper DjB L0001-DjB L0062, 1694-1812.

Vedlegg 4: Geografisk fordeling av talgleverandørane frå Hardanger 1714-1794.

År	Ullensvang	Eidfjord	Odda	Granvin	Ulvik	Jondal	Kvam	Kvinnherad
1694	0	0	0	0	0	0	0	0
1695	0	0	0	0	0	0	0	0
1696	0	0	0	0	0	0	0	0
1697	0	0	0	0	0	0	0	0
1698								
1700								
1701	0	0	0	0	0	0	0	0
1702								
1703	0	0	0	0	0	0	0	0
1704	0	0	0	0	0	0	0	0
1705	0	0	0	0	0	0	0	0
1706	0	0	0	0	0	0	0	0
1707	0	0	0	0	0	0	0	0
1708								
1709	0	0	0	0	0	0	0	0
1710								
1711	0	0	0	0	0	0	0	0
1712	0	0	0	0	0	0	0	0
1713	0	0	0	0	0	0	0	0
1714	3	0	0	0	0	0	0	0
1715	1	0	0	0	0	0	0	0
1716	6	0	0	0	0	0	0	0
1717	6	0	1	0	0	0	0	0
1718	6	0	1	0	0	0	0	0
1719	5	0	1	0	1	0	0	0
1720	6	0	1	0	1	0	0	0
1721	9	0	0	0	0	0	0	0
1722	4	0	0	1	0	0	0	0
1723	5	1	0	0	0	1	0	0
1724	5	0	0	0	0	0	0	0
1725	0	0	0	0	0	0	0	0
1726	4	0	0	0	0	0	0	0
1727	3	1	0	0	0	1	0	0
1728	7	1	4	0	0	0	0	0
1729	0	0	0	0	0	0	0	0
1730	0	0	0	0	0	0	0	0
1731	0	0	0	0	0	0	0	0
1732	0	0	0	0	0	0	0	0
1733	2	0	1	0	0	0	0	0
1734	11	0	1	0	0	0	0	0
1735	14	0	0	0	0	0	0	0
1736	22	0	0	0	0	0	0	0
1737	19	0	0	0	0	0	0	0

1738	20	1	3	0	0	0	1	0
1739	27	0	0	0	0	0	1	0
1740	44	0	1	0	0	0	0	1
1741	49	0	1	0	0	0	0	0
1742	26	0	1	0	0	0	1	0
1743	39	0	0	0	0	0	0	0
1744	52	0	1	0	0	0	0	0
1745	82	1	3	1	0	0	0	0
1746	84	1	3	2	0	0	0	0
1747	4	0	1	0	0	0	0	0
1748	54	1	1	0	0	0	0	0
1749	63	1	3	1	0	0	0	0
1750	56	1	3	1	0	0	0	0
1751	49	1	0	0	1	0	0	0
1752	61	1	5	0	0	0	0	0
1753								
1754	3	1	2	0	0	0	0	0
1755	5	0	1	0	0	0	0	0
1756	0	0	0	0	0	0	0	0
1757	10	1	2	0	0	0	0	0
1758								
1759								
1760	9	3	0	0	1	0	0	0
1761	5	3	1	0	2	0	0	0
1762	7	1	1	1	1	0	0	0
1763	8	6	1	2	0	0	0	0
1764	9	3	1	0	1	0	0	0
1765	13	5	0	0	1	0	0	0
1766	9	4	1	1	1	0	0	0
1767	11	2	0	1	0	0	0	0
1768	8	0	1	1	0	0	0	0
1769	11	1	1	1	1	0	0	0
1770	7	1	2	0	0	0	0	0
1771	12	2	3	2	2	0	0	0
1772	15	3	1	1	0	0	0	0
1773	10	2	2	0	2	0	0	0
1774	9	4	2	1	0	0	0	0
1775	13	7	2	0	1	1	0	0
1776	13	4	2	2	1	1	0	0
1777	8	7	1	2	2	0	0	0
1778	10	1	1	1	1	0	0	0
1779	11	3	1	1	1	0	0	0
1780	8	3	2	1	3	0	0	0
1781-1790								
1791	9	8	1	2	0	0	0	0

1792	17	9	1	0	0	0	0	0
1793	0	1	0	0	0	0	0	0
1794	0	6	0	0	0	0	0	0
1795	0	0	0	0	0	0	0	0
1796	0	0	0	0	0	0	0	0
1797	0	0	0	0	0	0	0	0
1797	0	0	0	0	0	0	0	0
1798	0	0	0	0	0	0	0	0
1799	0	0	0	0	0	0	0	0
1799	0	0	0	0	0	0	0	0
1800	0	0	0	0	0	0	0	0
1801	0	0	0	0	0	0	0	0
1802								
1803	0	0	0	0	0	0	0	0
1804	0	0	0	0	0	0	0	0
1805	0	0	0	0	0	0	0	0
1806	0	0	0	0	0	0	0	0
1807								
1808	0	0	0	0	0	0	0	0
1809	0	0	0	0	0	0	0	0
1810	0	0	0	0	0	0	0	0
1811	0	0	0	0	0	0	0	0
1812	0	0	0	0	0	0	0	0
1813	0	0	0	0	0	0	0	0
1813	0	0	0	0	0	0	0	0
1814	0	0	0	0	0	0	0	0
1815	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum:	1098	102	69	26	24	4	3	1

Kjelde: Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, regnskap for materialhuset Ddb L0001-Ddb L0106, 1694-1815.

Riksarkivet, Kongsberg Sølvverk 1623-1805, bergkasseregnskaper Djf L0001-Djf L0062, 1694-1812.

Samandrag

Med kløv over fjellet: drivkrefter i bondeøkonomien i Hardanger på 1700-talet.

På 1700-talet dreiv hardingane omfattande handel i Bergen og Stavanger. Tidlegare hadde dei som budde i ytre strok av regionen hatt tett kontakt med skotske trelastkjøparar, men også etter at skotteskipa slutta koma var det stor etterspurnad etter trelast, no også frå dei indre områda i Hardanger. I dei indre stroka av Hardanger gjekk elles handelen helst austover Hardangervidda. I dette området selde dei hestar i Telemark og varehandelen strakk seg vidare austover mot Kongsberg, Drammen og Kristiania. Med seg hadde hardingane bondevarer, fedrifter, hestar og ikkje minst talg.

I denne masteroppgåva har eg svart på problemstillinga: Kva dreiv hardingane til å drive handel over slike lange avstandar? Eg har testa funna mine på tre ulike teoriar som gjev seg ut på å forklara kvifor bønder frå 1600-talet og fram mot slutten av 1800-talet, produserte som dei gjorde. Den første er Alexander Chayanov sin teori om «arbeid- forbruk balansen», slik den er forma for norske tilhøve av Øyvind Østerud. Den neste er teorien til Kåre Lunden om at bøndene handla innanfor rammene av ein «kommandoøkonomi». Den tredje og siste er Stein Tveite sin teori om at bøndene produserte «det som svarte seg best».

Det er ikkje mogleg i kvantifisere all handel som hardingane dreiv med. Til det er samtidskjeldene for spinkle. Ei handelsvare har det derimot vore mogleg å kvantifisere. Det er talgen som vart levert til smørjing av maskiner og lys i gruvene ved Kongsberg Sølvverk. Rekneskapen til materialhuset og bergkasserekneskapen viser at hardingar leverte talg på Kongsberg minst 1327 gongar mellom 1714 og 1794, og at dei då hadde med seg ikkje mindre enn 700 tonn talg. I dei 55 åra vi har informasjon om betaling, fekk dei med seg minst 66 000 riksdalar tilbake til Hardanger. Mesteparten av desse pengane gjekk til gardane langs Sørfjorden. Eit utval av dødsbuskifte viser då også at mange av gardbrukarane i området sat svært godt i det, dels som eit resultat av talghandelen, dels som ei følgje av anna handelsverksemd.

Dei store formuane til mange av bøndene i dette området viser at dei må ha drive handel langt utover det å tilfredsstilla dei daglege behova eller dei skattane som styresmaktene la på dei. Dermed passar verken arbeid-forbruk teorien til Chayanov/Østerud eller kommandoøkonomien til Lunden. Funna mine peiker på at det er Tveite sin teori som best kan forklare hardingane sin handelsaktivitet med sølvverket. Omfanget av talghandelen synar at hardingane spesialiserte seg innan denne næringa. Men Tveite forklarar ikkje sjølve motiva

bak spesialiseringa og den intense handelen. Den meiner eg å ha funne i jakta på staus i lokalsamfunnet. I denne jakta nytta dei seg av «det som svarte seg best», gjennom talghandelen og vanleg varehandel.

Mine slutningar kan likevel ikkje utan vidare overførast til alle norske bondesamfunn på denne tida. Det er heller ikkje sikkert dei gjeld alle hushald i Hardanger sidan ikkje alle dreiv med den same utstakte handelen som dei eg har undersøkt.

Abstract

Cargo Across the Mountains: Economic Theories and Peasant Economy in 18th Century Hardanger.

“Trading entrepreneurs” is a good description of peasant merchants from Hardanger during the 18th century. In addition to trading timber with merchants from Scotland, they actively used markets in Bergen, Stavanger, Kongsberg, Drammen and Kristiania. One of their most important commodities was tallow. As tallow was used as the primary light source in mines at the time, the Kongsberg Silver Works represented an important trading partner. In my Masters’ Thesis I answer the following question: Why did peasants from Hardanger choose to involve themselves in long distance trade, and what was their motivation? In order to answer these questions, I have used three economic theories, respectively Alexander Chayanov and Øyvind Østerud’s “consumption-labor-balance” principle, Kåre Lunden’s “Command economy” and a theory of “market economy” formulated by Stein Tveite.

It is not possible to quantify all trading activities done by the merchants from Hardanger during the 1700s. However, the trading of tallow is an exception. According to the accounts of The Kongsberg Silver Works peasant from Hardanger delivered tallow at least 1327 times and provided a minimum of 700 tons of tallow to the silver works between 1714 and 1794. For this they received at least 66 000 riksdalar in the 55 years in which their payment has been recorded.

The intensity of this and other trade indicates that they did not operate within a “consumption-labor-balance” principle, nor were they part of a “Command economy”.

I’ve found that Tveite and his market theory best matches the peasant trading patterns in Hardanger. The profit they earned through the tallow trade gave them a high level of status in their communities. Most likely, this was their main goal and the reason they choose to travel over so long distances. It is, however, important to keep in mind that my findings are not transferable to all peasant societies in Norway at the time, or even to the whole of Hardanger.